

Med aktsemd og armlengds avstand

Provenienspolicy ved norske kulturhistoriske museum

Johan Knutsen



Masteroppgåve i kulturvitskap

Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitskap

UNIVERSITETET I BERGEN

15. Mai 2023

© Johan Knutsen

2023

Med aktsemd og armlengds avstand

Print: Skipnes Kommunikasjon AS, UiB

Abstract

[Cultural heritage-crime continues to this day to be a problem for the museum as an institution, and for the humanistic sciences at large. The material remains of our human past is constantly plundered for economic gain, of which the consequences are irreparable damage to our knowledge of the past. In this thesis, I seek to map out the various legal and ethical frameworks used to combat this problem. Furthermore, this thesis will discuss how professionals at various Norwegian museums of cultural history relate to this problem in their day-to-day praxis, both where the official regulations overlap and where they differ. I conclude that, faced with bureaucratic bulwark, a great deal depends on “the human factor”. The human factor here is understood as how the individual professional interprets and employ standards and conventions, and thus, shape local policies. This thesis have collected its data from qualitative interviews with museum employees from a selection of Norwegian museums for cultural history.]

Takk

Takk til min rettleiar Hacı Akmann for hans innsikt og tålmod. Takk til informantane mine, utan dei hadde eg ikkje hatt mykje å skrive om. Takk til Sigrid Sandal, Jonas Rudjord og Daniel Juul for korrekturlesing og anna støtte. Takk til øvrig familie og vener for deira støtte gjennom prosessen. Takk til gode kollegaer hjå Memoar.

Innholdsfortegnelse

Ordfordklaringar og forkortingar	X
1 Introduksjon	1
1.1 Problemstilling	4
1.2 Tidligere forskning	5
1.2.1 Internasjonal forskning.....	5
1.2.2 Norsk forskning	7
1.3 Gjeldande lovverk	10
1.3.1 Norsk implementering av reglar og lovar	10
1.3.2 Regelverk og retningslinjer	13
1.3.3 Innsamlingspolicy	19
1.3.4 Samlingsforvaltning	21
2 Teori	23
2. 1. 1. Museologi.....	23
2. 1. 2 Ny museologi	24
2. 1. 3. Kritisk Museologi.....	25
2.2 Museumsperspektiv.....	25
2.2.1 Museet som relikvarium.....	26
2.2.2 Det koloniale perspektivet.....	27
2.2.3 Post-museum	28
2.3 Museet si samfunnsrolle.....	29
2.3.1 Profesjonsetikk ved norske museer	30
2.3.2 Profesjonsmoral, allmenmoral og institusjonsmoral	31
2.4. Vitskapsteoretiske grunnlag	32
2.4.1 Fenomenologi (Menneskeleg erfaring)	32
2.4.2 Hermeneutikk (fortolking)	33
2.4.3 Pliktetikk og konsekvensetikk.....	35
3 Metode.....	37
3.1 Intervju som metode.....	37
3.1.1 Semistrukturert intervju.....	38
3.1.2 Strategisk utval av informantar	38
3.1.3 Gjennomføring av intervju	39

3.2 Gjennomføring av analysen	40
3.2.1 Transkribering	40
3.2.2. Tematisk analyse av intervju	41
3.2.3. Tematisk analyse i praksis.....	41
3.3. Etikk, validitet og reliabilitet.....	42
3.3.1. Aidentifisering.....	42
3.3.2. Validitet.....	43
3.3.3. Reliabilitet	43
3.3.4. Kritisk refleksjon.....	44
4 Resultat.....	46
4.1.1 Lover, reglar og retningslinjer.....	46
4.1.2 Innsamlingspolicy	48
4.1.3 Samlingsforvaltning	53
4.1.5 Drøfting av funn	57
4.2 Kunnskap og kompetanse.....	59
4.2.1 Formalkompetanse og generell kunnskap.....	60
4.2.2 Kompetansebehov	61
4.2.3 Drøfting av funn	63
4.3 Ekspertrolla	64
4.3.2 Drøfting av funn	67
4.4 Konkrete erfaringar	69
4.4.1 Etnografiske gjenstandar frå loft og kjellar.....	69
4.4.2 Steinreiskaper frå basaren	72
4.4.3 Den italienske mynten.....	73
4.4.4 Erfaringar frå KHM.....	75
4.4.5. Drøfting av funn	76
5 Avslutning	81
5. 1 Oppsummering	81
5.1.1 Lovar, konvensjonar, retningslinjer og regelverk	81
5.1.2 Kunnskap, kompetanse og ekspertise.....	84
5.2 Konklusjon	86
5.2.1 Framleis rom for forbetring	86
5.2.2 Forslag til vidare forskning	87

6	Referansar.....	88
	Vedlegg	95
	Vedlegg 1 NSD godkjenning	96
	Vedlegg 2 Samtykkeskjema	97
	Vedlegg 3: Intervjuguide.....	100
	Vedlegg 4: Transkripsjon av intervju.....	102

Ordfordklaringar og forkortingar

AHKR: Institutt for arkeologi, , historie, kultur- og religionsvitskap

IAKH: Institutt for Arkeologi, konservering og historie ved Universitetet i Oslo

IARC: The Illicit Antiquities Research Centre

ICOM: International Council of Museums

NESH: Den nasjonale forskingetiske komite for samfunnsvitenskap og humaniora

NSD: Norsk Senter for Forskingsdata

KHM: Kulturhistorisk Museum i Oslo

UNESCO: United Nations Educational, Scientific and Cultural Organisation

UM: Universitetsmuseet i Bergen

UHR: Universitets- og Høgskolerådet

UHRM: Universitets- og høgskolerådet sitt museumsutvalg

1 Introduksjon

Boka *Chasing Aphrodite: The Hunt for Looted Antiquities*, skriven av gravejournalistane Jason Felch og Ralph Frammolino, avslører korleis Getty Museum i ei årrekke har handla gjenstandsmateriale med tvilsam proveniens. På detaljert vis avdekkjer dei alle dei lyssky detaljane om korleis museet, gjennom eit nettverk av smuglarar og andre mellommenn, kjøpte plyndra gjenstandsmateriale av greske og romerske opphav (Felch & Frammolino 2011). Dette pirra mi interesse, då kulturminnekriminalitet er eit vedvarande problem. Fenomenet er like gammalt, om ikkje eldre, enn museet som institusjon. Skjer tilsvarende brotsverk som er skildra i *Chasing Aphrodite* også i Noreg? For å finne svar på dette, la eg ut på ei undersøking, las meg opp på det aktuelle regelverket og snakka med museumstilsette som møter denne typen problematikk som ein del av sin arbeidskvardag.

Illicit antiquities, som eg i denne oppgåva har valt å omsetja til *provenienslause gjenstandar*, er arkeologisk gjenstandsmateriale som har blitt ulovleg utgravd, eller eksportert frå sitt opphavsland. I land med streng regulering av kulturarv og kulturminnegjenstandar er utgraving av denne typen gjenstandar ulovleg, og i mange tilfelle er privat eigarskap av denne typen gjenstandar også sterkt regulert, då dei er rekna som statleg eigedom. I andre tilfelle har privatpersonar lov å eige kulturminnegjenstandar, men står ikkje fritt til å eksportere dei utan særskild løyve. Marknaden for provenienslause gjenstandar omset for milliardar, trass i streng regulering, og er i same storleiksorden som menneskehandel og ulovleg omsetjing av våpen og narkotika (Brodie 2014).

Mykje av den ulovlege handelen med kulturgjenstandar involverer ikkje museer i det heile tatt. Det er likevel ingen løyndom at museum, og då særleg kunstmuseum i USA, spelar ei sentral rolle når det gjeld å skape etterspørsel etter provenienslause gjenstandar, eller antikvitatar med ukjent opphav. Dette gjeld både det dei kjøper inn til sine egne samlingar, så vel som lånte gjenstandar som blir utstilt i midlertidige utstillingar. Denne typen utstillingar kan nyttast til å kvitvaske provenienslause gjenstandar ved etablere ein slags proveniens for gjenstandar som elles ikkje kan proveniensbestemast, og dermed gjere det lettare å omsetje gjenstanden på eit seinare tidspunkt (Pareli 2011: 58). Den britiske arkeologen Colin Renfrew har også påpeika dette, og samanliknar kvitvasking gjennom offentlege utstillingar med kvitvasking av pengar knytt til narkotikatrafikk (Renfrew 2000: 68 – 70).

Problematikken kring provenienslause gjenstandar er svært kompleks, den har mange ledd og rør ved mange forskjellige, og ofte overlappande, fagfelt. Forsyningskjeden til provenienslause gjenstandar består tradisjonelt sett av tre fasar; plyndring, smugling og sal. Desse fasane er ofte geografisk og sosioøkonomisk skilde, då gjenstandar ofte blir plyndra frå opphavsland i fattigare delar av verda, for så å bli smugla av mellommenn til rikare delar av verda der dei blir selde til private samlarar og museum. Mesteparten av etterspurnaden etter dei provenienslause gjenstandane er skapt av museer og private samlarar i Europa, Nord-Amerika, Kina og Japan (Brodie 2014, Cuno 2008: 40 – 41).

Arkeologar er bekymra for den ulovlege handelen med oldsaker, då ulovlege utgravingar forstyrrar og øydelegg den arkeologiske konteksten og medfører eit tap av arkeologisk proveniens, og dermed eit tap av historisk kunnskap. Det historiske potensialet til oldsaker er kraftig forringa, eller fullstendig tapt når ein ikkje veit kvar oldsakene er funne, eller kva andre gjenstandar dei er funne saman med (Brodie 2014).

Mange samlarar og antikvitetshandlarar er usamde i dette. Dei forsvarar sine handlingar med argument om at dei «reddar» gjenstandsmateriale som elles ville gått tapt i samband med jordbruk og utbygging. I tillegg hevdar dei at gjenstandane si estetiske verdi ofte veg tyngre enn den historiske verdien som går tapt ved ulovleg utgraving. Dei vil ha det til at det er betre at gjenstandane blir sett, enn at dei blir liggjande under jorda (Brodie 2014).

Enkeltstatar er på si side mest bekymra for at den ulovlege handelen med oldsaker utfordrar deira suverenitet og kontroll over sin eigen kulturarv. Kulturarven vert rekna som stadig meir verdifull, då rikhaldige museer, intakte arkeologiske funnstader og monument kan bidra til ei auke i turisme. Kulturarven har dermed ei handgripeleg økonomisk verdi som kan brukast og misbrukast (Brodie 2014).

Dette gjer også at kulturarven er utsett for ei rekke aktørar som ønsker å tene pengar på den ulovlege omsetjinga av kulturminnegjenstandar. I tillegg til at handel med provenienslause gjenstandar er kriminelt i seg sjølv, har aktørane som er involverte i denne typen kulturminnekriminalitet også band til andre typar kriminalitet, som til dømes narkotika, sal av våpen, kvitvasking av pengar og terrorisme (Brodie 2014). Dette er eit aspekt som opptar kriminologar, politi, tollvesen og ei rekke rettshandhevande byrå, då dei kriminelle nettverka som står for mesteparten av smuglinga hamnar under definisjonen, og jurisdiksjonen, til FN sin *Convention against Transnational Organized Crime* frå 2000 (Brodie: 2012: 231).

Kva er så museet sine bekymringar i forhold til problemet med ulovleg handel med oldsaker? Og korleis handsamast dei med dette? Det er ikkje så frykteleg lenge sidan det var vanleg for museum å ta imot gåver, eller gjere innkjøp av gjenstandar, utan å bekymre seg særleg over opphavet til gjenstandane. Etske prinsipp og proveniens vart i mange tilfelle trumfa av ein higen etter å erverve mest og best mogleg gjenstandar for utstilling, og musea tok imot gjenstandar i god tru. I løpet av 1960-talet opplevde arkeologifaget ein etisk revolusjon, der ein tok eit oppgjær med innsamlingspraksisen kring arkeologisk gjenstandsmateriale og dei etiske aspekta kring dette. Ei aukande kollektiv kjensle av frustrasjon kring det stadig aukande omfanget av plyndring og øydelegging av arkeologiske funnstader, uhindra ulovleg eksport av kulturminnegjenstandar og museumsmagasin fulle av gjenstandsmateriale med mangelfull proveniens var blant dei utløysande faktorane til denne etiske revolusjonen (Brodie, Doole & Watson 2000: 8 – 9).

Her har eg forsøkt å gi eit generelt overblikk over kjerneproblematikken kring provenienslause gjenstandar. *Chasing Aphrodite* kan lesast som ein detektivroman. Som mi undersøking vil vise, er forholda ganske annleis i Noreg. Eg håpar at forkinga mi syner korleis proveniensproblematikken blir møtt og handtert blant fagfolka i Noreg, og elles gjev eit sannferdig inntrykk av tilstandane i norske kulturhistoriske museum, slik dei operer i dag.

1.1 Problemstilling

Musea har som oppgave å bevare, forvalte og formidle vår felles kulturarv på vegne av samfunnet. Korleis forholder kulturhistoriske museer i Noreg seg til problematikken kring provenienslause oldsaker? Kva haldningar gjer dei uttrykk for, og kva er det som ligg bak desse haldningane? Korleis handterer dei problem knytt til provenienslause oldsaker, og kvifor gjer dei det slik? Kva lov- og regelverk er musea bundne av? Korleis er forholdet mellom visjon og praksis ved musea?

Problemstillinga let slik:

«Korleis handsamast kulturhistoriske museum i Noreg med provenienslause gjenstandar i samband med nye inntak?»

Med underspørsmåla:

- 1. Kva juridiske og institusjonelle rammeverk opererer museumstilsette ved dei kulturhistoriske samlingane innanfor når dei skal handtere provenienslause gjenstandar?*
- 2. Kor godt budde er kulturhistoriske museum i Noreg til å handtere gjenstandsmateriale med manglande, uviss eller illegal proveniens, og korleis gjer dei det?*

1.2 Tidligere forskning

Forskning på provenienslause gjenstandar rør ved mange forskjellige fagfelt, og dette blir tydeleg når ein ser på den tidlegare forskinga på emnet. Mesteparten av forskinga på emnet var i utgangspunktet fokusert på å etablere omfanget og utforminga av antikvitetsmarknaden, og den påfølgande skaden og tap av kunnskap den forårsakar. Dette var fordi antikvitetshandlarar, samlarar og samlande museum hevda at antikvitetsmarknaden var stort sett lovlydig, då gjenstandar som vart omsett ikkje var nyleg plyndra, men ofte kom frå gamle samlingar. Dei hevda at ulovleg og destruktiv verksemd var unntakstilfelle, utført av eit fåtal utskot som opererte utanfor den lovlege marknaden, og at det var berre desse som burde utsettast for juridisk og etisk gransking. Mot slutten av 1990-talet vart det stadig meir openbart at dette ikkje var tilfelle, då ei rekke kvantitative og kvalitative undersøkingar avslørte at ein ikkje kunne gjere reie for dei mesteparten av gjenstandane som vart omsett på den påstått lovlege antikvitetsmarknaden. Veldig mange av desse gjenstandane hadde blitt plyndra og/eller smugla. Uskylda si tid var over, og det vart tydeleg at det ikkje lengre handlar om ein lovlydig, kontra ein ulovleg, marknad. Den er verken svart eller kvit. Antikvitetsmarknaden er *grå* (Brodie 2012: 231).

Me skal no sjå på konkrete døme av forskning knytt til problematikken kring provenienslause gjenstandar. Først i internasjonal samanheng, og deretter i norsk.

1.2.1 Internasjonal forskning

Antikvitetar og kulturgjenstandar med tvilsam proveniens har lenge vært eit problem, men dei siste tre tiåra har debatten tilspissa seg. Arkeologen Colin Renfrew skriv om korleis etterspørsel frå museum og private samlarar bidrar til plyndring av arkeologiske funnstader i boka «*Loot, Legitimacy and Ownership: The Ethical Crisis in Archaeology*», og viser til mange konkrete døme der forskjellige museum har måtta krype til korset på grunn av manglande eller uviss proveniens (Renfrew 2000).

Artikkelsamlinga «*Illicit Antiquities: The theft of culture and the extinction of archaeology*», redigert av Neil Brodie og Katheryn Walker Tubb, fortset i same stil. Spesielt interessant er kanskje artikkelen «*Walking a fine line: promoting the past without selling it*» av Paula Lazarus. Som tittelen antydar belyser den musea sitt etiske ansvar for å formidle oldtidsfunn på eit vis som ikkje oppmuntrar til plyndring, gjennom å formidle nytteverdien av arkeologar

arbeid, og dermed tillit til menneska i lokalsamfunna der utgravingane skjer. Denne tilliten blir broten om musea tek imot gjenstandsmateriale med tvilsam proveniens (Brodie og Tubb 2002: 38-40).

Både Neil Brodie og Colin Renfrew har begge vært bidragsytarar i «The Illicit Antiquities Research Centre» (IARC), i samband med «McDonald Institute for Archaeological Research» ved University of Cambridge. IARC vart stifta i 1996 i som ei følgje av ei aukande bekymring for øydelegginga av arkeologiske funnstader og fornminne rundt om i verden, og det implisitte kunnskapstapet. IARC gjennomførte, gjennom opplysningsarbeid om problematikken kring plyndring og tilknytninga til den ulovlege antikvitetsmarknaden, eit forsøk på å påverke folk til å avstå frå antikvitetssamling. I 2000 og 2001 gav IARC ut bøkene «*Stealing History: The Illicit Trade in Cultural Material*» og «*Trade in Illicit Antiquities: The Destruction of the World's Archaeological Heritage*», som begge har blitt standardverk (Brodie, N. et. al. 2001). Mellom 1996 og 2007 utgav IARC også 20 utgåver av tidsskriftet «*Culture Without Context*», som inneheld nyhende, kommentarar og ny forskning innanfor alle subgenrane i feltet.

Det interdisiplinære samarbeidsprosjektet «Trafficking Culture», som pågjekk i perioden 2012 til 2016, bygde vidare på dette materialet, og resulterte i Boka «*Trafficking Culture: New Directions in Researching the Global Market in Illicit Antiquities (2020)*». Boka oppsummerer og bygger vidare på IARC sitt materialet, og måler det opp mot utviklinga som har skjedd på fagfeltet i seinare år.

I 2014 vart «The Antiquities Coalition» stifta, som eit følgje av plyndringane i kjølvatnet av den egyptiske revolusjonen, for å motarbeide kulturkriminalitet. I april 2017 slapp dei, i samband med Johns Hopkins School of Advanced International Studies, artikkelsamlinga «*Culture in Crisis: Preserving Cultural Heritage in Conflict Zones*», som tar for seg forvaltning av kulturminne og kulturgjenstandar i etterdønningane av IS, eller Daesh, sine herjingar i Midtausten (Billingham, et. al. 2017).

Univeristetet i Aarhus starta forskingsprosjektet *Illicit Antiquities in the Museum* i 2020, med museologen Vinnie Nørskov som prosjektleiar. Dette prosjektet har som mål å undersøke korleis provenienslause gjenstandar kan gjenvinna deler av den arkeologiske verdien gjennom rekontekstualisering. Tidlegare forskning har i stor grad fokusert på årsaker og konsekvensar av den illegale handelen med provenienslause gjenstandar. Dette prosjektet tar for seg sjølve

gjenstandane, og undersøker det gjenvarande forskingspotensialet som dei kan ha. Prosjektet undersøker beslaglagde gjenstandar ved hjelp av naturvitskaplege analyser av fragmenta og kartlegging av illegale utgravingar. Slik håpar dei å fastslå kvar fragmenta har blitt plyndra, og dermed kunne gi dei ein viss arkeologisk kontekst (Danmarks frie forskningsfond 2020).

1.2.2 Norsk forskning

Blant det norske materialet som har inspirert meg til å skrive om norske kulturhistoriske museum si handtering av provenienslause gjenstandar kan eg nemne mastergradsoppgåva i arkeologi «*Bereiste gjenstander: håndtering av utenlandske kulturgjenstander i Norge: en undersøkelse i lys av Schøyensaken*» av Josephine Munch Rasmussen (2007) sentral. Her tar ho for seg mellom anna haldningar og praksisar for handtering av gjenstandar med uviss proveniens, med bakgrunn i norske og internasjonale rapportar, politiske ytringar, samt debattar og artikkelmateriale i media (Munch-Rasmussen 2007). Josephine Munch Rasmussen har seinare skrive doktorgradsavhandlinga *Saving objects, securing collections: Motives for dealing, digging and collecting antiquities*, samt ei rekke viktige artiklar om provenienslause gjenstandar (Munch-Rasmussen 2014).

Ei anna mastergradsoppgåve i arkeologi frå 2010; «*Plyndring i internasjonal og nasjonal kontekst: Årsaker og motvirkende tiltak*» av Kjersti Gjerløv, der lovverk, den mest grunnleggjande beskyttelsen av kulturminner, blir belyst. Sjølv om denne oppgåva har eit tydeleg fokus på politi og tollvesenet si rolle i å sikre at lovverk knytta til innføring av kulturmateriale, berører denne oppgåva mange relevante tema. UNESCO-konvensjonen av 1970 «*On the Means of Prohibiting and Preventing the Illicit Import, Export and Transfer of Ownership of Cultural Property*» står sentralt her, og dannar eit bakteppe for ei samanlikning av utviklinga av kulturvernslovverk i USA og Noreg. Den undersøker også korleis konvensjonar som UNESCO-1970 og UNIDROIT («*Convention on Stolen or Illicitly Exported Cultural Objects*») påverkar deira implementering i nasjonale lovverk (Gjerløv 2010).

Eit av dei viktigaste bidraga til den norske forskinga på feltet er kanskje det polsk-norske samarbeidsprosjektet «*Lovlig og ulovlig handel med kunst- og kulturgjenstander. Et utdannings- og erfaringsutvekslingsprogram for forebygging av kunst- og kulturkriminalitet*» mellom Kulturutvekslingsfondet, nasjonale kulturminnemyndigheiter i Polen og Noreg – Polens nasjonale kulturminne- institutt, (Narodowy Instytut Dziedzictwa, tidligere Krajowy

Ośrodek Badań i Dokumentacji Zabytków) og Norsk kulturråd (tidligere ABM-utvikling) sammen med Riksantikvaren og med støtte fra sjøfartsmuseet i Gdansk (Centralne Muzeum Morskie), og har som hovudmål å skapa eit forum for erfaringsutveksling mellom tilsette i kulturmyndigheiter og andre relevante etatar i Noreg og Polen som arbeidar med å motverke ulovleg handel med kunst- og kulturgjenstandar (Kulturrådet 2011). Prosjektet kan flagge med tverrfagleg kompetanse, då bidragsytarane representerer tilsette i fleire ulike kulturorganisasjonar, medlem i frivillige organisasjonar, journalistar, museumstilsette, arkeologar, samt representantar for politi, tollvesenet, grensekontroll, forsvaret og reiselivsnæringa (Kulturrådet 2011).

Artikkelen «*Arkeologiske gjenstander og ulovlig handel: Et norsk museumsperspektiv*» frå publikasjonen nemnd ovanfor er kanskje spesielt relevant. Den tar, som tittelen vitnar om, for seg den ulovlege handelen med arkeologisk gjenstandsmateriale frå eit norsk museumsperspektiv. Artikkelen tar først for seg problematikken knytt til kvitvasking av provenienslause gjenstandar på internasjonalt nivå, før gjer reie for utfordringar knytt til provenienslause gjenstandar på nasjonalt nivå. Tre konkrete eksempel blir presentert. Det første gjelder eit individ som ynskjer at museet skal uttale seg om ti-tolv arkeologiske gjenstandar som truleg har opphav i Irak. Det neste omhandlar eit individ som ynskjer å donere to ulovleg innførte keramikkgjenstandar frå Syria. Det tredje eksempelet omhandlar det som blir omtala som eit «vikingsverd» frå eit funn i Polen, annonsert på Noreg si største internettmarknad finn.no, som seinare viste seg å truleg vera ei forfalsking. Gjennom dei tre eksempla illustrerast effektiviteten av internasjonalt og nasjonalt lovverk og internasjonale konvensjonar, samt kor avgjerande kommunikasjon mellom ulike involverte instansar kan vere for ei effektiv behandling av slike saker, og at kjennskap til internasjonalt og nasjonalt lovverk, avtaleverk og konvensjonar, fagleg praksis og etiske retningslinjer er avgjerande for eit godt utfall i slike saker (Ingvaldsen 2011: 47 – 51).

I perioden 2006 til 2008 gjennomførte Albatross ei undersøking av kompetansebehov blant museumstilsette, politi og tollvesen på vegne av Institutt for arkeologi, konservering og historie ved UiO. Rapporten; «Å jobbe med kulturminner: *En kartlegging av kompetansebehov blant ansatte innen kulturminnesektoren, toll - og politimyndigheter*», vart publisert i 2008. Her kom det fram at det var eit betydeleg behov for kompetanseheving innanfor alle tre sektorane (Jacobsen 2017: 46 – 47).

«*Sluttdokument fra nordisk konferanse om ulovlig handel med kulturgjenstander*», og den tilhørende artikkelsamlinga ved namn «*Illicit trade in cultural artefacts*», er eit anna viktig bidrag til den norske forskinga på kulturminnekriminalitet. I mai 2015 vart det arrangert ein nordisk konferanse om ulovleg handel med kulturgjenstandar, arrangert av kulturministrane frå Noreg, Sverige, Danmark, Finland og Island. Sluttdokumentet, ratifisert i Helsinki i mai 2016 stipulerer 13 tiltak som skal implementerast på kort og lang sikt. I 2017 tok Noreg leiinga i prosjektet, og gav ut artikkelsamlinga «*Illicit trade in cultural artefacts (2017)*», som inneheld 17 artiklar om emnet, samt to rapportar frå arbeidsgrupper og sluttdokumenta frå konferansen i 2015.

Til slutt vil eg nemne *Nettverk for kulturkrimforskning*, også kalla *CULTcrime*. Dette er ei tverrfagleg forskargruppe, og har som mål å førebygge kulturminnekriminalitet gjennom å forene forskarar, museum, statlege institusjonar, statsforvalting og internasjonale frivillige organisasjonar. Deira fokus er å betre forståinga av samanhengen mellom kulturminnekriminalitet, politikk, konflikt, sosiale forhold, reguleringa og aktørar, og å undersøke korleis ein kan betre policy og reguleringar knytt til kulturminnekriminalitet generelt (Kulturhistorisk museum 2021).

1.3 Gjeldande lovverk

Lovverk og retningslinjer har utvikla seg i takt med museumssektoren og internasjonale behov. Handel med stolen kulturarv vore eit utbreitt fenomen, og har føregått like lenge som ein har drive med systematisk samling i vestleg kultur. Den moderne antikvitetsmarknaden oppstod i Roma på 1500-talet, då fyrstar dei geistlege tok til grave ut og samle på marmorstatuer frå antikken. Utviklinga av fenomenet kan studerast ut frå utviklinga av lovgivinga innan vern av kulturarv. Den tidlegaste lovgivinga på feltet er eit paveleg dekret frå 1400-talet som verna om alle monument i Roma, og det første eksportløyve kan daterast til 1600-talet (Brodie 2012: 230).

Fram til midten av det 20. århundre var vern av kulturarv eit nasjonalt anleggjande, regulert av nasjonal lovgiving. Først med stiftinga av UNESCO, etter andre verdskrig, vart den internasjonale dimensjonen lagt vekt på. *Hague-konvensjonen* av 1954 var den første i sitt slag, og tok blant anna for seg vern av kulturarv i krigssituasjonar. Problema knytt til den ulovlege handelen med arkeologisk og etnografisk materiale auka i omfang frå slutten av 1960-talet, og i samband med dette byrja mange av musea som samla denne typen materiale å fastsette eigne etiske retningslinje som tok for seg problematikken rundt tileigning og utstilling av ulovleg, eller potensielt ulovleg, gjenstandsmateriale (Brodie og Tubb: 2002: 1). Temaet vart for alvor satt på dagsordenen med utforminga av UNESCO-konvensjonen av 1970, og utvida med *UNIDROIT-konvensjonen* («*Convention on Stolen or Illicitly Exported Cultural Objects*») i 1995. (Brodie, et.al. 2000:43).

1.3.1 Norsk implementering av reglar og lovar

Norske museum er forplikta til å følge *kulturminnelova*. Kulturminnelova er det sentrale lovverket for vern av kulturminne, og har særskilde bestemmingar om innførsel og utførsel. Norsk kulturminnelovgivning tek utgangspunkt i *UNESCO-konvensjonen av 1970* og *UNIDROIT-konvensjonen*. Då Noreg ratifiserte *UNESCO-konvensjonen av 1970 om tiltak for å forby og hindre ulovleg import og eksport av kulturgjenstander og ulovleg overføring av eigedomsrett til kulturgjenstander* (1970-konvensjonen) kravde det ei rekke endringar i norske lover og forskrifter. Den viktigaste av desse endringane vart ivareteke i *Kulturminnelova og Forskrift om tilbakelevering av stolne og ulovleg fjerna kulturgjenstander*. Denne lova førte til krav om gyldig løyve for utførsel. Som en konsekvens av dette, krev innførsel av kulturgjenstandar til Norge gyldig løyve frå utførselslandet dersom

opphavslandet krev dette. Om ikkje vil dette bli rekna som ein ulovleg utførsel. Gjenstandar som ikkje har lovleg sertifikat, eller som ikkje returnerast innanfor tidsfristen som er gitt i ei midlertidig utføringslisens, reknast som ulovleg innført (Ramskjær 2011: 27 – 28).

Norsk ICOM si presisering av dei norske retningslinjene for musea legg føringar for korleis musea skal forholde seg til lover og reglar som angår gjenstandsmateriale med tvilsam proveniens. Desse blir presentert under overskrifta «*Ulovleg handel og tilbakeføring av kulturarv*». Der blir det gjentatt at museum har plikt til å overhalde intensjonane i internasjonale konvensjonar og avtaleverk, uavhengig om Noreg har ratifisert dei eller ikkje (Norsk ICOM & Norges museumsforbund 2022: 23 - 24).

Det sjuande prinsippet i ICOM sitt museumsetiske regelverk fastslår at museer må overhalde alle juridiske forpliktingar i forhold til internasjonal, nasjonal, regional og lokal lovgiving, samt internasjonale traktatar. Styret pliktar også å etterkomme alle juridisk bindande avtalar og pålegg som gjeld forhold ved museet, deira samlingar og drift (Norsk ICOM 2016). Det juridiske rammeverket blir presisert på følgande vis:

«7.1 Nasjonalt og lokalt lovverk

Museer skal overholde alle nasjonale og lokale lover og forskrifter og respektere andre lands lover når museumsvirksomheten blir berørt av disse.» (Norsk ICOM 2016)

Her i landet er det først og fremst *Kulturminnelova* av 1978 som legg føringar for korleis museumsverksemda skal gjennomførast. Musea skal i tillegg respektere andre nasjonar sine lovar, samt internasjonale lovverk der det er aktuelt (Norsk ICOM 2016).»

«7.2 Internasjonale lover

Museer skal rette seg etter internasjonale konvensjoner og overenskomster som er retningsgivende for fortolkningen av ICOMs museumsetiske regelverk:

- Overenskomst om beskyttelse av kulturverdier i tilfelle av væpnet konflikt. (*Haag- konvensjonen av 1954 om vern av kulturarv i krig. Første protokoll 1954, Annen protokoll 1999*)

- (UNESCO) Konvensjon om tiltak for å forby og forhindre import og eksport av kulturgjenstander og ulovlig overføring av eiendomsrett til kulturgjenstander. (1970, tiltrådt av Norge i 2007)
- Konvensjon om internasjonal handel med truede arter av vill fauna og flora. (Washington 1970)
- Konvensjon om biologisk mangfold. (Rio 1992)
- Unidroits konvensjon om stjålne eller ulovlig utførte kulturgjenstander. (1995, tiltrådt av Norge i 2001)
- UNESCOs konvensjon om vern av undervannskulturarv. (2001)
- UNESCOs konvensjon om vern av immateriell kulturarv. (2003, tiltrådt av Norge i 2007).» (Norsk ICOM 2016)

Dette er overordna internasjonale konvensjonar som norske museum må forholde seg til, og kjem i tillegg til den norske kulturminnelova. *Kulturminnelova* avløyste den eldre lova om fornminne i 1978, og er i stor grad utforma med bakgrunn i fleire av desse konvensjonane (Ljone, F: 2020).

Det kan vera vanskeleg for museumstilsette å orientere seg i labyrinthen av etiske og juridiske rammeverk knytt til gjenstandsmateriale med uviss proveniens. Retningslinjer, regelverk og lovar stadig blir reviderte, både på internasjonalt og nasjonalt nivå. Det er også problematisk at ikkje alle statar har ratifisert sentrale konvensjonar og internasjonale avtalar som utgjer ein viktig del av rammeverket for å handtera problema med plyndring og ulovleg eksport av kulturminne (Ingvaldsen 2011: 48). Noreg har sjølv vore seint ute med dette arbeidet, og ratifiserte ikkje UNESCO-konvensjonen av 1970 før i 2007 (St.prp. nr. 70 (2003-2004)). Ein av musea sine mange samfunnsroller er å bidra til at Noreg oppfyller internasjonale konvensjonar, og på den måten tek del i det internasjonale fellesskapet kring kulturvern. Eg forstår det slik at det er Kulturrådet som har det overordna ansvaret for at konvensjonane vert implementerte, men at ein stor del av det praktiske ansvaret er tillagt musea (Hylland, et. al 2020: 117).

Internasjonale konvensjonar er ikkje heilt det same som nasjonale lovverk, og fungerer heller ikkje alltid på same vis. Det kan som sagt vere særst vanskeleg å orientere seg om ulike

nasjonar sine lover og regler kring kulturminne og arkeologiske objekt. Derfor har UNESCO oppretta ein sentral database over ulike nasjonar sine lovverk, kalla *UNESCO National Laws*. Mange av lovtekstane og konvensjonane databasen viser til er i mange tilfelle for generelle og omfattar ikkje alltid tillegg og forskrifter som regulerer handel og eksportproblematikken i detalj (Ingvaldsen 2011: 48).

1.3.2 Regelverk og retningslinjer

«Nasjonalt utvalg for universitetsmuseene» publiserte i 2000 ein rapport ved namn «*Etiske retningslinjer for Norske Universitetsmuseer*». Punkt 3.3 *Sikring mot tilegnelse av ulovlig ervervet materiale* omtalar provenienslause gjenstandar direkte. Her står det at all befatning med «ulovlig ervervet materiale» kan «skade vitale museale og samfunnsmessige interesser», og at «enhver handling eller unnlåtelse som direkte eller indirekte berører et slikt ulovlig marked, må anses som høyst uetisk». Vidare heiter det at «Et museum skal ikke skaffe seg gjenstander – verken ved kjøp, gave, arv eller bytte – uten at ledelsen og den ansvarlige medarbeider har forsikret seg om at museet kan ervere lovlig eiendomsrett til eksemplaret eller gjenstanden», og at gjenstanden ikkje er «anskaffet i, eller eksportert fra sitt opprinnelsesland eller eventuelle tredjeland på ulovlig vis». Punkt 3.3 blir avslutta med: «Museene skal ikke erverve, eller medvirke til andres erverv av, objekter som må antas å vere utgravd eller fremskaffet på en måte som må anses uvitenskapelig eller som kan ha skadet historiske minnesmerker eller arkeologiske funnsteder» (Det Norske Universitetsråd 2000: 7 – 8).

Denne rapporten vart utarbeida av Det Norske Universitetsråd, før samanslåinga til Universitets- og høgskolerådet (UHR). UiB lenker til dette regelverket under fana «Regler og retningslinjer direkte relatert til UiB-virksomhet» i deira lenkesamling for «Styre og ledelse» (UiB). Denne lenka daud, og tok meg berre til UHR si heimeside. Heldigvis var den tilgjengeleg hjå Nasjonalbiblioteket. Dette regelverket var vanskeleg å oppdrive, og eg har heller ikkje lykkast med å finne noko meir informasjon kring dette. Årsaka til dette er truleg at så godt som alle museum, både nasjonalt og internasjonalt, er tilslutta ICOM, og er forplikta til å innrette seg etter deira museumsetiske regelverk. Eg forstår det slik at dette regelverket erstattar det eldre regelverket.

ICOM sitt museumetiske regelverk tar for seg problematikken kring inntak av provenienslause gjenstandar:

«2.2 Gyldig hjemmel

Museet skal ikke ta imot objekter eller gjenstander verken i form av kjøp, donasjon, lån, testamentarisk gave eller i bytte, med mindre det har forsikret seg om at det foreligger en tilfredsstillende gyldig hjemmel. Det kan forekomme at juridisk dokumentert eiendomsrett i et land ikke nødvendigvis innebærer det samme som en gyldig hjemmel.» (Norsk ICOM 2016)

«2.3 Proveniens og aktsomhetsplikt

Før et museum går til en anskaffelse, må det på alle måter forsikre seg om at gjenstander eller objekter som tilbys i form av kjøp, donasjon, lån, testamentarisk gave eller i bytte ikke er ulovlig ervervet i opprinnelseslandet, eller ulovlig utført herfra eller fra et annet, mellomliggende land hvor det kan ha vært i lovlig eie (*inklusive museets eget land*). Utvisning av behørig aktsomhet i så måte, innebærer at objektets fulle historie fra oppdagelses- eller produksjonstidspunktet blir kartlagt.» (Norsk ICOM 2016)

«2.4 Materiale fra ulovlig feltarbeid eller feltarbeid som ikke er forskningsbasert

Museer skal ikke erverve gjenstander når det er skjellig grunn til å tro at materialet er framkommet gjennom urettmessig, uvitenskapelig eller forsettlig ødeleggelse av eller skade på kulturminner, arkeologiske og geologiske funnsteder, arter eller naturlige voksesteder. Tilsvarende må det ikke foretas anskaffelser dersom funnet ikke er rapportert inn til eier eller besitter av funnområdet eller til rette rettslige eller offentlige myndigheter.» (Norsk ICOM 2016)

ICOM sine museumsetiske retningslinjer kring handtering av provenienslause gjenstandar skil seg ikkje radikalt frå dei som vart foreslått av UHR i år 2000, og det er tydleg at det er dei same verdiane som ligg til grunn for begge. Fordelen med ICOM sine retningslinjer er at dei er litt meir detaljerte, og ikkje minst at dei representerer ein standard som er universalt anerkjent av alle museum som er tilslutta ICOM kring heile verda.

Norsk ICOM har i perioden 2019 - 2021 utarbeida ei ny konkretisering av retningslinjene for norske museum, som dei publiserte i 2022. Under overskrifta «*Ulovlig handel og tilbakeføring av kulturarv*» presenterer dei sju presiseringar som omhandlar provenienslause gjenstandar, og ein som omhandlar innsamling av biologisk materiale. Her gjer eg kort greie

for dei presiseringane som er mest relevante for avhandlinga, og viser til kva punkt i ICOM sitt museumsetiske regelverk dei presiserer. Presisering I omhandlar oppbevaring i siste instans:

«I. De 12 nasjonale vedtaksinstitusjonene som behandler utførselssøknader for kulturhistoriske og naturhistoriske gjenstander, kan midlertidig oppbevare gjenstander som faller inn under museets fagområde. Dette gjelder når de er beslaglagt eller levert inn for undersøkelser, og i påvente av saksavslutning eller retur. Vanligvis bør dette skje på oppfordring av relevant myndighetsinstitusjon (tolletaten, politiet, Kulturdepartementet mv.) Slike gjenstander må merkes spesielt og registreres separat fra museets ordinære samlinger.» (Norsk ICOM og Museumsforbundet 2022: 23)

Dette er ei presisering av punkt 2.11 i ICOM sitt museumsetiske regelverk, som gir museum høve til å fungere som depot for provenienslause gjenstandar i særskilde tilfelle:

«2.11 Oppbevaring i siste instans

Bestemmelsene i dette etiske regelverket forhindrer ikke et museum fra å fungere som et autorisert depot for gjenstander og objekter uten proveniens, som er ulovlig innsamlet eller gjenfunnet innenfor museets lovbestemte ansvarsområde.» (Norsk ICOM 2016)

Det vil seie at dei har eit ansvar for å oppbevare provenienslause gjenstandar som, for eksempel, er tatt i beslag av politi- og tollvesen. Kulturhistorisk museum ved UiO er vedtaksinstitusjon i denne typen saker, og har det overordna nasjonale ansvaret (Forskrift om handel med kulturgjenstander, 2007, §6.b.).

Presisering II omtalar museumstilsette sin fagkompetanse i samband med utføring av kulturhistorisk gjenstandsmateriale:

«II. Vedtaksinstitusjonene skal så langt som mulig utpeke kompetent(e) fagperson(er) som kan behandle søknader om utførsel, og sikre kompetanseoverføring og kontinuitet i saksbehandlingen.» (Norsk ICOM og Museumsforbundet 2022: 23)

Dette går også igjen i punkt 1.14 og 2.19 i ICOM sitt museumsetiske regelverk:

«1.14 Personalets kompetanse

Det er nødvendig å ansette kvalifisert personale med slik ekspertise at alle oppgaver kan ivaretas. (Se også 2.19, 2.24, 8.12)» (Norsk ICOM 2016)

«2.19 Delegering av samlingsansvar

Faglig ansvar for forvaltning av samlingene skal tildeles personer som har relevant fagkunnskap og ferdigheter eller som får tilstrekkelig veiledning (*Se 8.11*).» (Norsk ICOM 2016)

Presisering III. er ei forenkling av punkt 2.3 og 2.4 i ICOM sitt museumsetiske regelverk, som er gjengjeve på førre side:

«III. Museer har plikt til å undersøke proveniens for gjenstander som tidligere har vært i bevegelse når det er mistanke om ulovlig utførsel eller omsetting. Spesiell aktsomhet må utvises for gjenstander med mulig opphav i krigs- og konfliktområder, eller som har særskilt betydning for opprinnelsessamfunn.» (Norsk ICOM og Museumsforbundet 2022: 23)

Presisering IV. har som intensjon å tydeleggjere museumstilsette si potensielle rolle som eit ledd i prosessen med å kvitvaske provenienslause gjenstandar for sal på antikvitetsmarknaden:

«IV. Et museums vurdering av gjenstander kan betraktes som et verdipapir som kan øke den kommersielle verdien på samlermarkedet. Museumsansatte skal aldri gi faglige opplysninger om gjenstander, eller annen assistanse, til innehavere, inkludert kunsthandlere, auksjonshus, samlere og privatpersoner, dersom det mistenkes ulovlig besittelse, handel, utførsel eller innførsel. Museer fastslår aldri ekthet for kulturgjenstander med mindre det inngår som en del av museets faglige- og forskningsmessige virksomhet.» (Norsk ICOM og Museumsforbundet 2022: 23)

Denne presiseringa tek for seg korleis museumstilsette skal opptre i samband med verifiseringstenester, slik dei er omtala i ICOM sitt museumsetiske regelverk punkt 5.1 og 5.2:

«5.1 Identifisering av gjenstander som er anskaffet på urettmessig eller ulovlig måte

Dersom museer utfører verifiseringstjenester, må de aldri opptre slik at det kan oppfattes som at de har fordel av dette, verken direkte eller indirekte. Dersom det er grunn til å tro eller mistenke at objektene som identifiseres eller ekthetsvurderes, er urettmessig eller ulovlig anskaffet, overført, importert eller eksportert, skal ikke resultatene offentliggjøres før rette myndigheter er blitt varslet.» (Norsk ICOM 2022)

«5.2 Ekthetsattestering og verdifastsettelse (vurdering)

Taksering av gjenstander kan foretas i forbindelse med forsikring av samlingene. Når det gjelder andre gjenstander, skal museer bare anslå pengeverdien etter offisiell oppfordring, fra andre museer eller kompetent juridisk, statlig eller annen ansvarlig offentlig myndighet. Dersom museet kan bli begunstiget, må det imidlertid alltid foretas en uavhengig verdifastsettelse av gjenstanden.» (Norsk ICOM 2022)

Presisering V., VI. Og VII. omtalar formalisering av kontakt mellom musea og myndighetsinstitusjonar, musea si meldeplikt ved mistanke om ulovleg forhold og deira ansvar for å spre kunnskap om ulovleg handel med kulturgjenstandar:

«V. Kontakten med myndighetsinstitusjoner som departementer, direktorater, toll, politi eller ambassader i enkeltsaker skal formaliseres og være transparent. Museets rolle i saksforhold skal være definert og klargjort for involverte parter. Arkivansvar må avklares.» (Norsk ICOM 2022: 23)

«VI. Ved mistanke om ulovlig handel, utførsel, innførsel eller eierskap har museumsansatte varslingsplikt til rette myndighet. Dette kan være tollvesen, Økokrim, miljøkrimenhet i politidistriktene, fylkene eller relevant vedtaksmuseum. Kulturdepartementet er regeleier på saksfeltet.» (Norsk ICOM 2022: 24)

«VII. Alle museer har et selvstendig ansvar for å spre kunnskap til myndighetsinstitusjoner om kulturgjenstander og biologisk og geologisk materiale som er særlig utsatt for ulovlig handel. Kontaktpunktene mot kultur- og naturkrimfeltet er ofte via uformelle kanaler som e-poster, sosiale medier, nettsalg, eller publikumsspørsmål. Det kreves høy aktsomhet av museumsansatte og aktiv

informasjonsutveksling for at henvendelser skal kunne besvares på en konsekvent måte.» (Norsk ICOM 2022: 24)

Så vidt eg kan sjå, viser dette til punkt 8.8, 8.10 og 8.11 i ICOM sitt museumsetiske regelverk:

«8.8 Unntak fra taushetsplikt

Taushetsplikten omfatter ikke lovpålagt plikt til å assistere politi eller andre myndighetsutøvere i etterforskningen av mulig stjålet, ulovlig anskaffet eller ulovlig overført gods.» (Norsk ICOM 2016)

«8.10 Profesjonelle samarbeidsforhold

Museumsmedarbeidere inngår i arbeidsfellesskap med tallrike andre personer innenfor og utenfor museet de arbeider ved. Det forventes at de yter faglige tjenester til andre effektivt og på et høyt faglig nivå.» (Norsk ICOM 2016)

«8.11 Profesjonell rådføring

Det er en profesjonell plikt for museums-ansatte å rådføre seg med kolleger, innenfor eller utenfor museet, når egen eller museets ekspertise ikke er tilstrekkelig for å sikre et godt beslutningsgrunnlag.» (Norsk ICOM 2016)

Teieplikta som blir omtala i punkt 8.8 viser til teieplikt i samband med gjenstandar og sikringstiltak dei kjem i kontakt med i profesjonell samanheng. Punkt 8.10 og 8.11 handlar tilsynelatande meir om museumstilsette sine plikter ovanfor sine kollegaer innanfor akademien, medan presiseringane fokuserer meir på museumstilsette sine plikter ovanfor politi, tollvesen og andre myndigheitsinstitusjonar.

Den nasjonale forskingsetiske komité for samfunnsvitskap og humaniora (NESH) har også eit sett med etiske retningslinjer. Desse har ein rådgivande funksjon og skal bidra til å utvikla forskingsetisk skjønn og refleksjon (NESH 2021: 5). Museumstilsette inngår, enten direkte eller indirekte, i eit forskarfellesskap når dei er tilsett ved ein institusjon som driv med forsking, og er dermed underlagt dette regelverket. Dette regelverket har også eit punkt som tek for seg provenienslause gjenstandar, og parafraserer i punkt 3.3 frå ICOM sitt museumsetiske regelverk:

«Forskere og forskningsinstitusjoner må utvise aktsomhet og kun tilegne seg kulturminner og kulturhistorisk kildemateriale som er fremkommet på en åpen, redelig og etterprøvbar måte. Forskere og forskningsinstitusjoner må ikke bidra til plyndring, tyveri eller ulovlig omsetning av kulturminner. Dersom eierhistorien (proveniens) er omstridt, ukjent eller uklar, skal forskere vurdere forskningsmaterialets opprinnelses- og eierhistorie, og avklare materialets rettmessige eierskap, for at forskningen skal være etisk forsvarlig. Ved eventuell forskning på slikt materiale må forskere og forskningsinstitusjoner gi en forskningsetisk begrunnelse og bidra til åpenhet om eierhistorien». (NESH 2021: 31)

1.3.3 Innsamlingspolicy

Eg har ikkje lykkast med å finne noko form for innsamlingspolicy eller samlingsplan publisert av kulturhistoriske museum i Noreg, til tross for at punkt 2.1 i ICOM sine museumsetiske retningslinjer krev at alle museum skal vedta og publisere slike:

«2.1 Samlingsplan

Ethvert museumsstyre skal vedta en skriftlig samlingsplan som offentliggjøres. Planen skal omhandle innsamling, bevaring og bruk av samlingene. Status for materiale som ikke vil bli katalogisert, konservert, eller utstilt skal framgå klart av planen. (Se 2.7, 2.8).» (Norsk ICOM 2016)

Innsamlingspolicyen til universitetsmusea sine kulturhistoriske samlingar i dag er prega av deira overordna nasjonale ansvar for å ta imot arkeologiske funn, i form av funn frå utgravingar, lausfunn og liknande. Kulturminnelova §12. *Eiendomsretten til løse kulturminner* slår fast at:

«Når det synes klart at det ikke lenger er rimelig mulighet for å finne ut om det er noen eier eller hvem som er eier, er følgende løse kulturminner som kommer for dagen tilfeldig, ved funn, ved utgravninger eller på annen måte statens eiendom:

- a. Ting fra oldtid og middelalder (inntil år 1537) som våpen, redskap, kultgjenstander samt steiner, trestykker eller gjenstander av annet materiale med innskrifter eller bilder, bygningsrester uten samhörighet med bygninger eller rester av disse, innbo, kirkeinventar, smykker, arkivsaker, skjeletter og skjelettresten o.l.

- b. Mynter fra før år 1650.
- c. Samiske kulturminner av den art som er nevnt under a og som er fra år 1917 eller eldre.» (Kulturminneloven 1978: §6)

Det betyr at det meste av arkeologisk gjenstandsmateriale som blir funne i Noreg er gjort greie for, og det kjem inn store mengder gjenstandar i samband med arkeologiske utgravingar, metalløkarfunn og liknande til dei ulike universitetsmusea via fylkeskommunane kvart einaste år (Dale *et. al.* 2019: 81 – 82). Prosesseringa av desse legg truleg beslag på mykje resursar i form av tid, økonomi og magasinkapasitet, og resursknappleik er kanskje ein medverkande årsak til at universitetsmusea ikkje lengre samlar like aktivt som før.

I praksis er det meir eller mindre slutt på aktiv samling ved universitetsmusea. Det finst likevel unntak. Eit av desse unntaka er dei etnografiske samlingane, som tidvis tar inn gjenstandar i samband med feltarbeid, utstillingar og liknande. ICOM sine retningslinjer punkt 6.5 slår fast at musea har lov til å erverve gjenstandar frå eksisterande samfunn, så lenge det blir gjort med informert og felles samtykke. I slike tilfelle må det utvisast stor aktsamheit i å respektere det aktuelle samfunnet sine ønske (Norsk ICOM 2016).

Etnografiske gjenstandar er heller ikkje underlagt kulturminnelova si *Forskrift om utførsel og innførsel av kulturgjenstander*, med mindre dei er eldre en år 1900. Dette vert definert i forskrifta sin paragraf §2.g, og om gjenstanden frå før 1900 må den i følge §10 ha eit gyldig eksportsertifikat frå opphavslandet (Forskrift om handel med kulturgjenstander, 2007: §2.g).

Fram til 1960-talet var det vanleg at kulturhistoriske museum hadde inntakskomitear, ikkje ulikt den typen inntakskomitear som ein finn ved kunstmuseum. I vår samtid har ein gått vekk frå inntakskomitear ved kulturhistoriske universitetsmuseum. Hovudårsaka til dette er at ein ikkje tar inn gjenstandsmateriale på same måte som tidlegare. Modus operandi er inntaksstopp, og det er truleg difor det heller ikkje har blitt publisert noko konkrete innsamlingsplanar for universitetsmusea på lenge. Passive inntak, altså gjenstandar som blir tilbydt musea uoppfordra, førekjem framleis, men blir berre unntaksvis innlemma i samlingane. Avhendingsdebatten prega det offentlege ordskifte i museumsverda i mange år, og har reist mange spørsmål kring prioriteringar og magasinkapasitet. Påstandar om sprengd magasinkapasitet går ofte igjen, og har bidratt til tendensen med inntaksstopp (Sund 2016: 81 – 85). Dette går også igjen i rapporten *Museum og samfunn*, der dei også viser til arbeidet

med å få oversikt over innhaldet i samlingane, utvikle felles kvalitetssystem og digitale tenester som medverkande faktorar til musea si inntaksstopp:

«Arbeidet med å skape oversikt over samlingene, utvikle digitale tjenester og fellesløsninger har periodevis ført til at mange museer har en tilnærmet innsamlingsstopp. Evalueringene forklarer dette med at de ikke har plass til nye gjenstander, og at arbeidet med å sikre eksisterende samlinger og skaffe bedre oversikt over dem, er blitt prioritert foran nyanskaffelser.» (Hylland, et.al 2020: 65)

Eit unntak som er verdt å merke seg er punkt 3.4 i ICOM sine etiske retningslinjer:

«3.4 Ekstraordinær innsamling av primærkilder

I helt eksepsjonelle tilfeller kan en proveniensløs gjenstand inneha så enestående erkjennelsesmessige egenskaper at det vil være i samfunnets interesse å bevare den. Avgjørelsen om en slik gjenstand kan innlemmes i en museumssamling skal foretas av eksperter innen det gjeldende fagområdet, og ikke påvirkes av nasjonale og internasjonale interesser.» (Norsk ICOM 2016)

Her er det truleg snakk om svært skjeldne tilfelle, og eg aldri har høyrte om dette i ei norsk kontekst.

1.3.4 Samlingsforvaltning

Sjølve omgrepet samlingsforvaltning omfattar all verksemd som blir utført i samband med inntak, systematisering, bevaring og tilgjengeleggjering av ein eller fleire samlingar. Norsk Kulturråd definerer samlingsforvaltning slik:

«Samlingsforvaltning er en kjerneaktivitet for museene. Samlingsforvaltning består av innsamling, bevaring, dokumentasjon, registrering og tilgjengeliggjøring av samlingene. Det er et mål at dette arbeidet gjøres på en gjennomtenkt måte, sett i sammenheng med de øvrige delene av museenes virksomhet. En god samlingsforvaltning bygges opp gjennom bruk av samlingsplaner, oversikt over samlingene, digitale verktøy, tilgjengeliggjøring av samlingene, samt av en bevisst forståelse av samlingens formål.» (Kulturrådet 2014)

MUSIT-samarbeidet var drifta mellom 2007 og 2021. Det var eit samarbeidstiltak mellom universitetsmusea som hadde som formål å utvikla, vedlikehalde og drifta felles databasar for musea sine samlingar. MUSIT fekk i 2015 oppdrag av Universitets- og høgskolerådet sitt museumsutval (UHRM) om å utvikla eit «felles kvalitetssystem» for samlingsforvaltning ved universitetsmusea. Dette resulterte i sluttrapporten «*Felles kvalitetssystem for universitetsmuseenes samlingsforvaltning*», der ti referansegrupper produserte til saman 14 rutinar som skulle fungere som eit felles overordna rammeverk med rom for lokale tilpassingar. Dette «felles kvalitetssystemet» tok utgangspunkt i SPECTRUM, den britiske standarden for samlingsforvaltning (Rindal, E., et. al. 2018: 3 - 8).

Norsk Kulturråd anbefalte hausten 2014 SPECTRUM som standard for samlingsforvaltning. SPECTRUM er ein britisk standard for gjenstandsforvaltning som vart lansert i 1994, og har sidan blitt revidert fem gonger. Standaren er tilgjengeleg gratis på britiske Collections Trust si heimeside. Den gjeldande utgåva er SPECTRUM 5.1. Metoden bygger på kunnskap og erfaringar frå tusenvis av museer, og skildrast gjennom 21 kapittel. I tillegg vart det anbefalt at dei enkelte musea tilpassar standaren til sine planar og rutinar (Kulturrådet 2016: 9).

Tidlegare har det vore vanleg å nytte seg av ein kombinasjon av forskjellige saksbehandlingssystem, som til dømes Public 360, gjenstandsdatatabasen Primus og arkivdatatabasen Asta (Koksvik Lund 2016: 25). Ein har sett ein tydeleg auke i engasjement, kompetanse og vilje til å heva kvaliteten på arbeidet med samlingsforvaltning i løpet av dei siste åra. Dette har ført til eit behov for ein standard for å styre arbeidet i ein meir systematisk og samlande retning. Mange år med konsolidering av museumsverket har også bidratt til eit større behov for god infrastruktur, krysskompatibilitet mellom forskjellige informasjonssystem, konsistent praksis og samanfallande terminologi. Kulturrådet og universitetsmusea har utvikla rettleiingar, retningslinjer og standardar med utgangspunkt i SPEKTRUM, og gjort tilpassingar der det har vore naudsynt (Meld. St. 23, 2021: 75).

2 Teori

Korleis kan ein definere teori? Teori er eit vidt omgrep, og kan ha mange betydingar i ulike scenario. Teori er eit sett eller system av omgrep og relasjonar som står i eit gjensidig forhold til kvarandre, og som samanfattar og ordnar føresetnader, antakingar og kunnskap om eit gitt emne (Grønmo 2004: 48).

Teori viser i dette døme til det å foreine ulike idear og konsept, for å skildre røynda. Ei forenkla skildring som har som formål å gjere greie for korleis enkelte aspekt av røynda, og verda, fungerer. Ein nyttig teori bør fortelje ei historie. (Maxwell 2013: 48-49). Maxwell forklarar det på følgande vis:

«Theory is a statement about what is going on with a phenomena that you want to understand. It is not simply framework, although it can provide that, but a story about what you think is happening and why. A useful theory is one that tells an enlightening story about some phenomenon.» (Maxwell 2013: 49)

2. 1. 1. Museologi

Det har blitt forska mykje på museum, både i norsk og i internasjonal samanheng. Faktisk har ein retta så mykje vitskapleg fokus til emne knytt til museum at det har vekst fram eit eige felt; kalla museologi. Studiet av museum har pågått omtrent like lenge som museum har eksistert. Samuel Quiccheberg sin *Inscriptiones Vel Tituli Theatri Amplissimi* frå 1565 inneheld dei første retningslinjene for eit ensyklopedisk museum, og blir ofte rekna som den første teksten som omhandlar museum som fag. Sjølve omgrepet museologi dukkar for første gong opp i Karl Ottfried Müller si *Handbuch der Archeologie der Kunst* i 1830 (Soares 1996: 21). Sidan den gong har faget gjennomgått mange omveltingar og paradigmeskifte, utan at eg skal gå noko djupar inn på alle desse.

Museologien gir eit metaperspektiv på museumsverksemda, og gir museet høve til å sjå seg sjølv på avstand. Dette gjer musea betre rusta til å stille spørsmål ved si verksemd (Maurstad og Hauan 2012:20). Museologi handlar om refleksjon over, og undersøking av, musea som meiningsberande institusjonar. Fagfeltet tar utgangspunkt i akademisk refleksjon basert på tverrfaglege perspektiv. Museologi som fagfelt er prega av ei rekke fagretningar, mellom

anna; sosialantropologi, kritisk historieskriving, filosofi, kulturminneforvaltning, arkeologi, etnologi, kultur-, kunst- og idehistorie (Olsrud og Snekkenes 2014:10).

Museologi, eller museumslære om du vil, er læra om museum. Universitetet I Bergen tilbyr museologi som eit eige emne i kulturvitskapsgraden. Dei skildrar disiplinen og emnet slik:

«... Museologi tematiserer musea si kulturelle rolle i samfunnet som eit felt for produksjon av førestillingar om fortid og samfunn. Emnet tematiserer kva som kjenneteiknar eit museum og kva som ligg i dei ulike museumsfunksjonane, med særleg vekt på innsamling og utstilling. Etablering av museumssamlingar blir sett som kulturelle prosessar der "vanlege ting" blir transformerte til "kulturarv". Kulturhistoriske og kulturalytiske perspektiv blir vektlagt. Emnet skal gje føresetnader for å forstå musea sin funksjon og verkemåte og den rolla dei spelar i samfunnet.» (UiB: uib.no/emne/KUVI108)

2. 1. 2 Ny museologi

På 1980-tallet vaks «den nye museologien» fram, og kulminerte i antologien *The New Museology*, redigert av Peter Vergo. Den nye museologien har eit kritisk blick på musea sin verksemd, deira samfunnsrolle, historie, utvikling, og korleis dei er med på å forme kunnskap og mening. Peter Vero var kritisk til den «gamle», eller «tradisjonelle» museologien, som han meinte fokuserte for mykje på metode, og ikkje nok på sjølve formålet til museet (Vergo 1989: 3).

Tingenes tale: Innspill til museologi (2002) representerer eit tidleg bidrag til den norske museologiske forskinga. Boka presenterer ikkje ein ferdig utvikla museologi, men heller innspel til korleis ein skal utvikle ein museologi (Johansen, Losnedahl og Ågotnes 2002: 12). Antologien *Museologi på norsk – Universitetsmuseenes gjøren* har som mål å skape eit nytt perspektiv for norske universitetsmuseum sitt arbeid og framtid, gjennom å utforske museologi som eit felles forskingsfelt. Maurstad og Hauan bygger vidare på Peter Vergo sitt syn på den nye museologien, som byggjer på å undersøkje kvifor museum gjer som dei gjer og kvifor ein skal ha museum i utgangspunktet, gjennom å argumenterer for at museologien også må ta for seg korleis museumsarbeidet går for seg i praksis (Maurstad og Hauan 2012: 21). Dei ulike bidragsytarane i antologien argumenterer for at kunnskap ikkje oppdagast, men heller blir skapt gjennom prosessar og kvardagslege praksisar, som blir omtala som «gjøren».

2. 1. 3. Kritisk Museologi

Den kritiske museologien tar utgangspunkt i den nye museologien, introdusert av Peter Vergo med *The New Museology* i 1989. Vergo ville flytte blikket til museologien vekk frå korleis den praktiske gjennomføringa av museumsarbeid gjekk føre seg, og meir over på teoretiske refleksjonar innanfor museologi, med utgangspunkt i fleire perspektiv henta frå forskjellige fagdisiplinar. Ein kan seia at den kritiske museologien er ei vidareutvikling av Vergo sin «nye museologi», der ein igjen tar opp spørsmål kring kva eit museum gjer, og kva det kan vera. Den kombinerer studiet av museologiske praksisar med kritiske undersøkingar av musea sine verdiar, teoriar og ideologiar (Olsrud og Snekkenes 2014: 11), og problematiserer musea si makt til å definere «objektiv» sanning (Marstine 2008: 5.)

2.2 Museumsperspektiv

Museet som institusjon har hatt mange roller gjennom historia, og har alltid måtte tilpasse seg samtida sine rådande konvensjonar. Desse rollene har blitt farga av samtida sine rådande verdiar, og ein myriade av sosiale, økonomiske og politiske kontekstar. Dei har vore avhengige av å kunne tilpasse si framferd, funksjon og «modus operandi» i takt med endringar i samfunnet dei er ein del av (Hooper-Greenhill 1992: 1).

Det finst med andre ord mange idear om kva eit museum er, og nesten like mange idear om kva det bør vera. Årsaka til dette er i stor grad knytt til det mangfaldige fagmiljøet som studerer museum. Sosiologi, psykologi, antropologi, kunsthistorie, historie, filosofi, lingvistikk, litteraturvitskap og kjønnsstudiar er fagfelt som i ulik grad dreier seg kring spørsmål knytt til studie av museum. Desse forskjellige disiplinane operer med ulike, tidvis motstridande og ofte overlappende museumsdefinisjonar, farga av ulike paradigme. Janet Marstine peikar i introduksjonskapittelet til *New Museum Theory and Practice* på fire perspektiv som går igjen i museumsteoretiske ordskifte:

«Most commonly heard are the metaphors of museum as shrine, market-driven industry, colonizing space, and post-museum. These categories are not mutually exclusive and clearly overlap. Moreover, no one museum represents exactly one of these paradigms.» (Marstine 2006: 8 – 9)

Perspektiva Marstine presenterer er nyttige for å forstå kva eit museum er. Eg har vald å nytte meg av tre av desse «metaforane» som teoretiske perspektiv, då dei er nyttig for å forstå

norske kulturhistoriske museum si handtering av provenienslause gjenstandar. *The museum as shrine* omsette eg til *relikvarium*, *colonizing space* vart til *kolonial-perspektivet* og *post-museum* vart *post-museum*.

2.2.1 Museet som relikvarium

Det relikvariske museet inneheld alt frå oldtida sine kunstsattar til samtida sine trivialitetar. Synet på museet som eit skattkammer, relikvarium eller relikvieskrin, ein heilagdom som inneheld gjenstandar av enorm kulturell verdi, er eit perspektiv ofte går igjen i litteraturen. Dette grandiose perspektivet var lenge det rådande synet på museum. Det er enkelt å sjå for seg eit museum som ein institusjon som innehar heile verda si kunnskap, og er kjelda til all menneskeleg erindring om fortid, framtid og notid (Marstine 2006: 9).

Dette tradisjonelle paradigmet lener seg på tungt på museet sin sjølverklærte autoritet, der dei tilsette har ei ekspertrolle. Museumsgjenstandane står i fokus, og publikum blir presenterer eit narrativ der musea sin ekspertise er uttrykk for universelle sanningar og etablert kunnskap. Gjenstandar er prioritert over idear, og formidlinga er «ovanfrå og ned», med lite rom for nye idear og samhandling med publikum og samfunnet. Som relikvarium vernar musea over gjenstandane sine, og ingenting blir frivillig repatriert. Sjølv museumbygningen er ofte utført i ein monumental stil, inspirert av kyrkjer, palass og tempel. Kombinert med dramatisk lyssetting og stiliserte podium er denne typen formanande performativitet med på å underbygge autoriteten til museet (Marstine 2006: 9 – 10).

«Most museum theorists believe the museum as shrine is an elitist paradigm that does not meet the needs of contemporary culture. Directors and curators who embrace the paradigm counter by suggesting that the only other alternative is to become market driven, to «give in» to the impulse to become part of an «industry» that caters to its «clients». But being sensitive to the audience is a gesture of respect, not pandering. Becoming more democratic does not mean a museum has to abandon scholarship, but instead that it has resonance for the communities it serves.» (Marstine 2006: 10 - 11)

Dette relikvariske museumsperspektivet er særst elitistisk, og tungt påverka av kolonialt tankegods. Dei fleste moderne museumsteoretikarar er i dag einige om at ideen om museet som relikvarium ikkje er foreinleg med krava som samfunnet stiller til musea i vår samtid. Marstine (2006: 9) hevdar at dei som likevel forsvarar dette gamle paradigmet, gjerne

argumenterer med at alternativet er å gå i ei kommersiell retning. Dei fryktar at det å gi etter for krava til samfunnet og publikum kan føre til ei fordumming og utvatning av musea, og opne for påverknad frå marknadskrefter. Marstine har sterke motførestillingar mot dette argumentet. Ho hevdar at det å lytte til publikum og samfunnet, og å tilpasse seg samtida, er ikkje fordummande, men eit uttrykk for respekt. Det å opne for ei demokratisering av musea gjer dei betre rusta til å samle, forske og formidle på vegne av samfunnet dei tener (Marstine 2006: 9 – 10).

2.2.2 Det koloniale perspektivet

Post-kolonial teori tek sikte på å undersøke korleis imperialistiske og patriarkalske maktstrukturar har påverka utviklinga av kultur og samfunn i fortida og samtida, og peiker på strategiar for å utjamne effekten av denne typen maktstrukturar. Museumsteoretikarar tar også i bruk dette post-koloniale perspektivet, og skuldar museet for å nytte seg av uheldige klassifiseringsprosessar som byggjer på kolonialt tankegods. Ivan Karp (1991) hevdar at vestlege museum si appropriering av ikkje vestleg gjenstandsmateriale seier meir om verdisystemet til den som koloniserer, enn den som blir kolonialisert. Museet har konstruert ein ide om «den andre» for å rettferdiggjere «seg sjølv»:

«Exhibitions are privileged arenas for presenting images of self and «other»» (Karp 1991: 15).

Historisk sett har museumssamlingar ofte vore samansett av gjenstandar som har blitt plyndra, enten av musea sjølve, eller på deira vegne, for så å bli utsett for ei eurosentrisk tolking. Til tross for edle mål, dømmer samtida dei hardt. Gjenstandsmateriale vart som regel innsamla med ein ide om at vestlege museer var betre skikka til å bevare gjenstandane enn opphavssamfunnet (Marstine 2006: 14 - 16).

Ideen om at plyndra gjenstandar har det betre i privat eige eller på museum går ofte igjen i argumenta til dei som handlar med gjenstandsmateriale med uviss proveniens, og nyttast gjerne for å rettferdiggjere kjøp av plyndra gjenstandar. På den måten kan privatpersonar og museum framstille seg sjølv som gode krefter som er med på å redde ein del av historia; «om det fyrst har blitt plyndra, så er det vel best at det hamna hjå nokon som kan ta vare på det.» Vere det seg eit museum, eller ein privatperson (Marstine 2006: 16).

2.2.3 Post-museum

Museet som institusjon byrja for alvor å bli kritisert, nasjonalt og internasjonalt, kring 1970. Kritikken gjekk ut på at musea var sentraliserte og lukka institusjonar som ikkje hadde tilpassa seg samfunnsendingane og behova til publikum. Dei var for fokuserte på samlingane sine, og vart skulda for å vera for ein-sidede i sin kommunikasjon. Muse si autoritet var sentral i denne diskusjonen, og framleis eit viktig emne i debatten kring musea si samfunnsrolle. Det vart hevda at musea hadde inntatt ei opphøgd, autoritær rolle, der dei hadde råda over ei universal sann tolking av historie og samfunn (Kulturrådet 2012: 7).

Den britiske museologen Eilean Hooper-Greenhill nyttar omgrepet «post-museum» til å skildre ein ny museumsmodell som er meir i tråd med samtida sine ideal og behov. Den tradisjonelle «modernistiske» praksisen som har dominert vestlege museum i godt og vel 200 år fokuserte hovudsakleg på samle gjenstandar, for så konstruere utstillingar som hadde som formål å presentere harmoniske, samlande og slutta narrativ. Denne typen narrativ underbygde ein dominant vestlege overklasseideologi, uttrykt gjennom strengt didaktisk tolkande rammeverk, og framstår i dag som utdaterte og gammaldagse. Dei er ikkje i tråd med samtida sine postmodernistiske tenkesett, som stiller seg kritisk til store overordna narrativ og førestillingar om kontinuitet og objektiv sanning (Hooper-Greenhill 2000: 151 – 153).

Post-museet eit levande rom som omfamnar mangfald og dialog i si formidling av kunnskap, og tar i bruk mange middel for å oppnå dette: Museet si agenda, deira strategiar og prosessane kring avgjerd blir tydeleg artikulert, og stadig vurdert opp mot nye omsyn og tolkingar. Samfunnet museet tener, og dei aktuelle opphavssamfunna, skal i større grad bli inkludert og oppmoda til å ta del i utstillingsprosessen og diskursen kring utstillingane. Publikum blir ikkje lengre sett på som passive konsumentar, men vert utfordra til å tenka kritisk og aktivt delta i kunnskapsprosessane. Det handlar om ei demokratisering av kunnskap og kulturforvaltning, der post-museet gir rom for å drøfte sosial ulikskap. Vanskelege tema, konflikt og usemje blir belyst for å bidra til ei balansert framstilling av røynda, og marginaliserte grupper skal få høve til å bli høyrde på sine eigne premisser (Marstine 2006: 19).

Post-museet er ei vidareføring av det moderne museet, men står samtidig også i kontrast til det. Denne kontrasten kjem særleg godt fram i utviklinga frå uttrykk for autoritet i det moderne museet, til fokuset på gjensidigheit i post-museet. Post-museet skal opptre meir audmjukt ovanfor historietolking og publikum enn tradisjonelle museer. Dei nye musea skal

opne seg for alle og motvirke dominans og herredøme ved å arbeide for likeverd og dialog (Kulturrådet 2012: 8).

Hooper-Greenhill tolkar endringane som eit paradigmeskifte:

«It is clear from the cultural changes that have already taken place in museums that what is needed is no small modification of existing practice, but a virtually complete re-conceptualisation of the social purpose and communicative style of the museum as an organisation. The depth of change required is paradigmatic, such that a new idea of what a museum might be is beginning to emerge.» (Hooper-Greenhill (udatert): 1)

Den nederlandske museologen Peter van Mensch kallar dette nye paradigme for *the participative paradigm*, deltakarparadigmet. Dette paradigme fokuserer på å demokratisere musea ved å la publikum få større påverknad i korleis musea skaper meining og utfører si samfunnsrolle. Dette gjeld også samlingsforvaltning (Mensch & Meyer-van Mensch 2010: 3). Paradigmeskiftet har ført til ei endring i synet på musea, som igjen har ført til eit skifte i fokus frå samlingar til relevans og samfunnsrolle:

«The great collecting phase of museums is over. The post-museum will hold and care for objects, but will concentrate more on their use rather than on further accumulation... Knowledge is no longer unified and monolithic; it becomes fragmented and multi-vocal. There is no necessary unified perspective – rather a cacophany of voices may be heard that present a range of views, experiences and values... Rather than upholding the values of objectivity, rationality, order and distance, the postmuseum will negotiate responsiveness, encourage mutually nurturing partnerships, and celebrate diversity.» (Hooper-Greenhill udatert: 152-3)

Dette betyr ikkje at samlingane blir uviktige, eller at dei tilsette sin kunnskap og kompetanse kring samlingane ikkje lengre er vesentlege. Det er rolla som museumstilsett som treng fornying, og museum som arbeider ut frå deltakarparadigmet vil forsøke å involvere mangfaldet av dagens brukarar i forminga av museet (Kulturrådet 2012: 7).

2.3 Museet si samfunnsrolle

Omgrepa *samfunnsrolle* og *samfunnsoppdrag* brukast gjerne om einannan, og viser begge til musea si forvaltning av våre felles verdiar på samfunnet sine vegne. Kathrin Pabst (2016: 25)

argumenterer for at omgrepa betyr det same, då musea sitt *samfunnsoppdrag* i stor grad samsvarar med eit politisk oppdrag eller mandat. Desse politiske mandata og oppdraga er nedfelte i styringsdokument og tildelt av Kulturdepartementet. Her finn ein konkretiseringar av oppgåvene musea skal ivareta i samband med museet sine fire sentrale arbeidsfelt; forskning, formidling, forvaltning og fornying. Sjølve omgrepet *samfunnsrolle* er eit nyare omgrep som omfattar både samfunnsoppdraget og det politiske oppdraget, og viser til ein nytenkings- og retningsvisande prosess innanfor forskning, forvaltning og formidling, musea sine tre mest sentrale arbeidsområde (Pabst 2016: 25 - 26).

Musea si samfunnsrolle blir omtala slik i museumsmeldinga frå 2008/2009:

«Selve samfunnsrollen eller samfunnsoppdraget for museene ligger i å utvikle og formidle kunnskap om menneskers forståelse av og samhandling med sine omgivelser. I dette ligger stor faglig frihet og samtidig utfordringer for museene i å definere og avgrense hva som er relevant og viktig i et samfunnsperspektiv. Dette er et faglig kjernespørsmål i museene som krever kontinuerlig analyse og refleksjon (St. meld. nr. 49. (2008–2009), s. 145).»

Pabst presiserer at forpliktinga ovenfor samfunnet veg tyngre enn forpliktinga ovenfor politiske føringer som er nedfelt i styringsdokument. Musea skal opptre som aktive moralske samfunnsaktørar. Ved å belyse samfunnsaktuelle utfordringar og utfordre etablerte sanningar skal musea bidra til positiv samfunnsutvikling (Pabst 2016: 26).

2.3.1 Profesjonsetikk ved norske museer

Profesjonar definerast ofte som ein særskilt type yrke som nyttar sin ekspertise til å utføra samfunnsnyttige tenester. Eit av dei sentrale trekka ved profesjonar er autorisasjon gjennom spesifikk høgare utdanning, samt kunnskap og ferdigheiter tileigna gjennom praksis.

Oppgåvene sin kompleksitet gjer at yrkesutøvarane må ha autonomi for å utøve skjønn. I tillegg har også samfunnet forventingar om at dei profesjonelle følger yrkesetiske retningslinjer (Smeby, J.-C.: 2021). Professor ved Senter for profesjonsstudiar, Harald Grimen, hevdar at profesjonar skil seg frå andre yrkesgrupper på tre område: det organisatoriske, det epistemiske og det politiske (Grimen 2008: 150 – 151).

Desse tre plana er representert innanfor museumsprofesjonen, då dei museumstilsette er både medlem og utøvarar av profesjonen, og museet som organisasjonsform dannar rammene for arbeidet deira. Musea forvaltar resursar i form av deira samlingar, og gir tilsette tilgang til eit

kollegialt fellesskap med djup og brei fagleg kompetanse. Det sørgast for at offentlegheita si tillit til musea blir ivareteken og forvalta med omhug av dei tilsette. Dette skjer blant anna gjennom å sørge for at institusjonane sine interne tradisjonar og reglar blir etterlevde, og at dei tilsette har den faglege tyngda og sosiale evnene som arbeidet krev (Pabst 2016: 35).

2.3.2 Profesjonsmoral, allmenmoral og institusjonsmoral

Etikk blir ofte definert som teoretisk refleksjon over moral, og moral blir gjerne definert som oppfatningar av kva som er rett og galt, eller godt og vondt, i eit samfunn, ei gruppe eller ein person (Johansen & Vetlesen 2009: 108). Ifølge den norske filosofen Harald Grimen er profesjonsmoralen, eller profesjonsetikken, ei skildring av normer og verdiar som styrer profesjonelle si åtferd og organisering (Grimen 2008: 144). Desse normene rettar seg ofte mot samspelet mellom dei profesjonelle og korleis dei som gruppe skal opptre for å styrke samfunnet sin tillit til profesjonen (Eide, et.al 2003: 20 – 23). Profesjonsmoralen kan vera eksplisitt eller implisitt, altså uttrykt direkte og tydeleg, eller indirekte og underforstått (Pabst 2016: 182).

ICOM sitt museumsetiske regelverk legg føringar for kva verdiar museumstilsette bør verna om og kva normer ein skal ta omsyn til i den daglege drifta (Pabst 2016: 183), og NESH sine generelle retningslinjer for samfunnsvitskap og humaniora er også gjeldande for museumstilsette (NESH 2021). Desse blir gjort greie for i kapittel 1.3. Utover dette må museumstilsette også forholde seg til allmenmoralen, som er ein del av samfunnet dei høyrer til. Allmenmoralen består av dei normer, verdiar og dydar som folk flest orienterer seg etter i ein bestemd kultur i ein bestemd tidsepoke. Allmenmoralen speglar samfunnet sine generelle førestillingar om korleis ein bør handle i kvardagslege situasjonar (Tranøy 1998: 101, 132 – 135).

Museumstilsette er også moralske subjekt i arbeidsrelaterte og profesjonelle samanhengar, og må retta seg etter profesjons- og institusjonsmoraliske normer og verdiar (Pabst 2016: 185). Institusjonsmoralen omfattar normer og verdiar arbeidsgivaren har til kvar enkel tilsett, samt dei uformelle normene som pregar institusjonen. I dei fleste tilfelle er institusjonsmoralen tufta på profesjonsmoralen, og institusjonen sine forventingar samsvarar som regel med profesjonen sine forventingar til kvar enkel profesjonsutøvar. Institusjonsmoralen har likevel ein tendens til å vera endå meir spissa og konkret, og er ofte tilpassa kvar enkelt institusjon sine interne reglar og rutinar. Ein må ta omsyn til styringsdokument, individuelle formål,

faglege mål og vedtekne handlingsplanar. I tillegg kan arbeidsgivar framheva enkelte normer og verdiar utover dei som finst i profesjonen sitt regelverk. Institusjonsmoralen baserer seg ofte på taus kunnskap, og er ikkje alltid skriftleg nedfelt eller tydeleg uttalt (Pabst 2016: 189).

2.4. Vitskapsteoretiske grunnlag

Det vitskapsteoretiske og metodologiske rammeverket for oppgåva tek utgangspunkt i ei temasentrert, eller tematisk analyse, med ei hermeneutisk tilnærming. I oppgåva er det innsamlingspraksis, samt ideala som informerer denne praksisen, som skal undersøkast i lys av musea si samfunnsrolle. Dette inneber ei tekstleg tilnærming til empirien, som i hovudsak består av transkriberte intervju, faglege artiklar og rapportar og museale retningslinjer.

Det vitskaplege grunnlaget for denne oppgåva er tufta på hermeneutikk og fenomenologi. Desse perspektiva er svært godt eigna i kvalitative studie, då dei baserer seg på å forstå folk sine handlingar, og tar utgangspunkt i subjektive opplevingar. Fortolkande teoretisk retningar utgjer eit viktig grunnlag for kvalitative metodar. Fortolking av kvalitativ tekst knytast ofte opp mot eit teoretisk utgangspunkt, og den forståinga ein utviklar i løpet av forskingsprosessen blir forma av tendensane i datamaterialet. Det teoretiske utgangspunktet og tendensane i datamaterialet eksisterer med andre ord i eit gjensidig påverknadsforhold til kvarandre. Fortolkande teoretisk retningar består gjerne av forskjellige paradigme som i ulik grad legg vekt på meining og betydning (Thagaard 2013: 39).

2.4.1 Fenomenologi (Menneskeleg erfaring)

Fenomenologisk tilnærming i generell ikkje-filosofisk forstand har i moderne tid vært vanleg i kvalitativ forskning. Edmund Husserl grunnla fenomenologien som filosofi rundt år 1900.

Martin Heidegger vidareutvikla fenomenologien som eksistensfilosofi, Jean-Paul Satre drog den i eksistensialistisk retning og Maurice Merleau-Ponty i dialektisk retning.

Fenomenologien tok i utgangspunktet for seg medvit og oppleving. Husserl og Heidegger utvida den seinare til å også omfatte mennesket si livsverd. Merleau-Ponty og Sartre ønska også at fenomenologien skulle ta omsyn til kroppen og menneske sine handlingar i historisk samanheng (Brinkmann & Kvale 2009: 45).

Når ein snakkar om kvalitativ forskning, er fenomenologi nærmare bestemd eit omgrep som peikar på ein interesse for å forstå sosiale fenomen ut frå aktørane sine eigne perspektiv og

beskrive verda som informanten opplev den, ut ifrå ei forståing av at den verkelege røynda er den som menneske oppfattar. Gjennom å snevre inn intervjuet til informanten si eiga forståing av si livsverd, har fenomenologien lagt føringar for avklaringar kring ulike former for forståing I det kvalitative forskingsintervjuet (Brinkmann & Kvale 2009: 45).

Objektivitet er, innanfor fenomenologisk filosofi, eit uttrykk for truskap mot dei undersøkte fenomena. Målet er å nå fram til ei undersøking av essensar, fenomenet sitt vesen, ved å gå frå å beskrive enkelfenomen til å søkje etter deira allmenne vesen. Husserl kalla ein av metodane for å undersøkje fenomenet sitt vesen for «fri variasjon i fantasien». Det går ut på at ein varierer eit gitt fenomen fritt i fenomenet sine moglege formar, og det som er konstant under dei forskjellige variasjonane er fenomenet sitt vesen (Brinkmann & Kvale 2009: 45 - 46).

Hensikten med ein fenomenologisk tilnærming er å komme fram til kunnskap om det særeigne kring fenomenet. Ein må også ta i betraktning at det ikkje er mogleg å komme fram til noko absolutt sanning om fenomena gjennom tolking. Ein kjem alltid til å leggje til eller trekkje frå noko som ikkje er der i røynda. Gjennom å veksle mellom analyse og refleksjon kan ein oppnå noko meir eller mindre god innsikt i fenomenet sin eigenart og djupare meining (Brinkmann & Kvale 2009: 46).

2.4.2 Hermeneutikk (fortolking)

Hermeneutikk er læra om tolking og tyding av tekstar. Då den fenomenologiske tilnærmingmåten ofte inngår i ei hermeneutisk forskingstilnærming, og dette er ein etablert forskingstradisjon, finn eg det formålstenleg å nytte meg av dette oppgåva mi. Ein sentral teoretikar innan den moderne hermeneutikken er Hans-Georg Gadamer. Han var særleg inspirert av Heidegger sin analyse av den menneskelege veremåten, og i forlenging av Heidegger overførte Gadamer analysen til språket. Hermeneutikken er først og fremst ein teori om forståing av betydning i tekst, tale eller åtferd. Formålet med hermeneutisk tolking er å nå fram til ein gyldig og allmenn forståing og meininga i teksten si betydning (Collin & Kjøppe 2003: 149 – 152). Hermeneutikken dreier seg om å fortolke og forstå. Då er det avgjerande at forskaren lyttar nøye til det som blir sagt av informanten. Brinkmann og Kvale (2009) seier at kvalitative intervju går ut på å forstå informantane sine opplevingar på den måten dei sjølv ser det.

Fenomenologi og hermeneutikk er filosofiske tradisjonar, der ein forsøker å beskrive menneske si oppfatning og oppleving av verda, og korleis ein fortolkar eigne og andre sine opplevingar. Intervjua vil utgjere ein stor del av empirien i oppgåva, og det informantane medeler vil vere den kunnskapen som blir tileigna når datamaterialet blir fortolka.

Kvalitativ metode eignar seg godt når målet er å setje seg mest mogleg inn i informantane sin oppleving av problemstillinga, og å forstå den ut ifrå deira premiss. Om ein skal forstå enkeltdelane i ein meiningssamanheng er det naudsynt å ha ein førforståing av heilskapen desse delane høyrer heime i. Ny erkjenning basert på utforsking av delane fører til ei utvida forståing av heilskapen. Utviding av heilskapsforståinga gjer at ein ser nye delar, som igjen utgjør ein ny heilskap. Ein unngår dermed førestillingar om at forståinga er endeleg og lukka. Dette vekslende blikket mellom delar og heilskap kallar ein gjerne for den hermeneutiske sirkel, eller hermeneutisk spiral (Brinkmann & Kvale 2009: 216 – 217). Problemstillinga og prosjektskissa var utvikla med utgangspunkt i tidlegare forskning, og allereie der var den hermeneutiske spiralen begynt å ta form. Den hermeneutiske spiralen fekk nye vinklingar ved å lese forskingslitteratur og artiklar. Enkeltdelene blir satt saman til eit stadig større bilde, og resulterer i djupare forståing kring problemstillinga (Kvale 1997: 78).

«En hermeneutisk tilnærming medfører en tolkende lytting til det mangfoldet av betydninger som ligger i intervjupersonenes uttalelser, med særlig vekt på muligheten for stadige omtolkninger innenfor intervjuets hermeneutiske sirkel. Det vil også fokuseres på virkningen av forutantakelser både de som har med den intervjuedes svar å gjøre og de forutantakelser som ligger bak intervjuerens spørsmål (Kvale 1997: 81).»

For å kunne nytte seg av ein hermeneutisk innfallsvinkel til å tolke og forstå, bør ein som forskar ha innsikt i si eiga førforståing. Difor bør prosessen starte med ei kritisk klargjering av eigne verdiar, haldningar og forkunnskap. Eg har forsøkt å gjere reie for materialet som ligg til grunne for min førforståing av emnet i teorikapittelet.

Dilthey hevda allereie på slutten av 1800-talet at alle forskarar er prega av epoken han eller ho lev i, og at all forståing eller oppfatning av historia derfor nødvendigvis må vera ein unik fortolking basert på dei kunnskapane og fortolkingane epoken har ført med seg. Samspelet mellom individ er grunnlaget for erkjenning, og at oppfatninga av «Den andre» alltid vil vere farga av forskaren sine eigne oppfatningar og interesse (Pabst 2016: 21).

Gadamer utdjupa dette ytterlegare, og hevda at utgangspunktet for forskaren si forståing av forskingsobjektet er avhengig av forskaren sine egne tidlegare erfaringar, eigen situasjon og forståingshorisont. Det er med andre ord vanskeleg for forskaren å setje seg inn i ein større eller overordna kontekst for å kunne vurdere om det ein gjerne tar for gitt, verklegen kan tas for gitt. Følgeleg er all kunnskap og forståing endeleg og avgrensa, og dermed ligg ei fortolking, gjort ut ifrå forskaren sin unike og aktuelle situasjon, alltid som utgangspunkt for ei kvar fortolking av eit forskingsobjekt (Pabst 2016: 21).

Anthony Giddens kom med omgrepet «dobbel hermeneutikk», som går ut på at vitenskapen si refleksivitet byggjer på kvardagen sin refleksivitet. Det vil seie at forskning på sosiale strukturar byggjer på kulturelle og etnografiske aspekt som påverkar forskinga sitt utgangspunkt. Ein kan aldri sjå noko nøytralt, nokosinne, uansett kor mykje ein ynskjer å forstå. Dette er fordi eit menneske berre har avgrensa kunnskap om egen posisjon og handlingsgrunnlag. Det er for mange faktorar som påverkar menneskeleg handling og fortolkingar av andre sine handlingar til at ein kan oppdage dei alle og ta stilling til dei, enten dei er ubevisste eller forma av utanforliggjande årsaker (Pabst 2016: 21).

2.4.3 Pliktetikk og konsekvensetikk

Pliktetikk og konsekvensetikk er to generelle teoretiske tilnærmingar som kan vere nyttige i samband med moralske avgjerder. Sjølv om dei tek utgangspunkt i to forskjellige ståstader, seier begge noko om kva moralske normer og verdiar som bør prioriterast framfor andre.

Pliktetikken, eller deontologisk etikk, tek utgangspunkt i at val og avgjerder skal baserast på reglar eller moralske prinsipp, og at det «rette valet» veg tyngre enn resultatet. Det må finnast absolutte reglar som ein er pliktig til å overhalde. Grunngevinga for handlinga er viktigare enn konsekvensane eller resultatet av handlinga. Enkelte handlingar må utførast, til trass for at dei ikkje resulterer i moralsk ettertrakta mål som velferd, lykke eller nyting. Desse handlingane kan til dømes vere basert på lovar, reglar eller retningslinjer (Pabst 2016: 203). Immanuel Kant er ein av dei sentrale filosofane som har argumentert for pliktetikk. Han hevda at ein ikkje burde handle ut frå gjeldande moralske normer fordi ein er plikta til å gjere det, men at ein i tillegg må vere motivert eit personleg ønske om å gjera det rette. Om ein nyttar fornufta til å sette moralske normer opp mot kvarandre kan ein komme fram til det *kategoriske imperativ*, ein absolutt formulering av korleis ein burde handle (Johansen & Vetlesen 2009: 159 – 164).

Konsekvensetikken blir gjerne kalla for nyetikk eller utilitarisme, og tek utgangspunkt i konsekvensane eller nytteeffektane av ei moralsk handling eller avgjerd. Ein prioriterer den handlinga som fører til minst like gode, eller betre, konsekvensar for flest mogleg involverte. Desse konsekvensane bør føre til auka velferd for eit eller fleire menneske. Ved å gjere ei heilskapsvurdering av korleis alle dei involverte vil påverkast av forskjellige handlingsval kan ein vurdere om konsekvensane resulterer i ein slik auka velferd. Innanfor utilitarismen reknast ei handling som moralsk riktig når den har like gode, eller betre, konsekvensar enn det ein annleis handling ville hatt. Ulike aktørar kan ha varierende motivasjonar, men det er handlinga sitt føremål, eller konsekvensane av handlinga, som er avgjerande for om den er moralsk riktig eller ikkje, uavhengig av motivasjonen bak handlinga (Johansen & Vetlesen 2009: 141 – 147).

Her kan ein nytte omgrepa handlingsutilitarisme og regelutilitarisme til å skilje mellom enkelthandlingar og reglar som skal gjelde for fleire handlingar. Handlingsutilitarismen krev at aktøren må skaffe seg best mogleg kunnskap om omstenda kring saka i konkrete situasjonar, medan regelutilitarismen hevdar at kan slike krav er urealistiske. Menneske er ikkje i stand til å vurdere alle dei aktuelle aspekta i kvart enkelt scenario, og treng derfor reglar til å hjelpe dei å ta dei rette avgjerdene i enkelte situasjonar. Dersom enkelthandlingar alltid ville vera like rette i liknande situasjonar, ville handlingsutilitarismen og regelutilitarismen overlappa kvarandre (Johansen & Vetlesen 2009: 144 – 146).

3 Metode

For å svare på problemstillinga mi på ein vitenskapleg måte er det heilt nødvendig å ha på plass eit metodisk rammeverk. Dette skal eg gjere greie for i det følgande kapittelet. Metode skildrar her korleis eg har innhenta og analysert det empiriske datamaterialet. Eg kjem til å gjere greie for dei kvalitative metodane eg har valt og korleis desse bidreg til å svare på problemstillinga mi. Deretter vil eg utdjupe korleis eg har rekruttert informantane mine, gjennomført intervju og transkribert dei. Og ikkje minst, korleis eg har analysert datamaterialet.

Kvalitative metodar eignar seg godt til å studere sosiale og kulturelle fenomen, då den gir grunnlag for fordjuping i situasjonen som vert studert, og gir ei forståing av enkeltindivid sine personlege erfaringar (Silverman, 2010, s. 6; Thagaard, 2013, s. 11). Eit av formåla med oppgåva er å kartlegge det dialektiske forholdet mellom visjon og praksis kring provenienslause oldsaker ved kulturhistoriske museer i Noreg. Då dette dialektiske forholdet kan reknast som både eit sosialt og eit kulturelt fenomen, er kvalitativ metode eit godt val.

3.1 Intervju som metode

Intervju gir forskaren moglegheit til å forstå nokon andre si oppfatning av røynda, og er difor ein velegna metode for å tileigne seg informasjon om korleis intervjuobjektet opplever seg sjølv og tolkar sine omgivnader (Kaijser & Öhlander 2011: 109, Thagaard 2013: 58). For å oppnå ei viss innsikt i emnet gjennom informantane sine personlege opplevingar, valde eg å nytte meg av intervju som metode for å supplere dei skriftlege kjeldene. Intervju som metode innbyr, og legg til rette for, å kunne gjere djupe tematiske undersøkingar av eit emne. I tillegg til sjølvintervjuspørsmåla har ein også moglegheit til å grava djupare ved hjelp av oppfølgingsspørsmål, ved å oppmuntre informanten til å fortelje meir, eller ved å be informanten om å forklara tydelegare. Intervju gir både intervjuaren og informanten moglegheit til å reflektera over det aktuelle emnet, og kan legge til rette for lange, openhjartige og fortrulege samtalar (Kaijser & Öhlander 2011: 89).

Å intervju er ein fleirfasettert og kompleks arbeidsmetode som ein lærer seg ved å sjølv intervju. Gjennom ein slik praksis etablerer intervjuaren eit eige personleg vis å arbeide på, finn eigne metodar for å komme i kontakt med potensielle intervjuobjekt og løyse problem som skulle dukke opp undervegs i prosessen (Kaijser & Öhlander 2011: 109).

I forkant av intervjuet hadde eg førebudd ein intervjuguide, og denne endra seg ikkje etter kvart som eg utførte intervjuet. Eg oppdaga at eg vart meir sjølvstikker for kvart intervju. Det er faktisk ein kunst ein lærer seg best gjennom mengdetrening. Intervjumaterialet utgjør mesteparten av mitt empiriske materiale, og har vært avgjerande for å oppnå god innsikt i emnet. Dette er ein sentral årsak til at eg valde intervju som metode.

3.1.1 Semistrukturert intervju

Ein brukar gjerne semistrukturert intervju om ein skal forsøke å forstå tema ut i frå informantens sitt eige perspektiv. Denne forma for intervju har som formål å innhente skildringar frå informantens si livsverd, med særleg fokus på fortolkingar av meninga med fenomenet som blir beskrive. Det liknar på mange måtar på ein vanleg samtale, men som profesjonelt intervju har det eit formål. Brinkmann og Kvale meiner at i bruk av semistrukturert intervju krevst det særlege teknikk og tilnærming. (Brinkmann & Kvale 2009: 47)

Intervjuet eg gjorde var semistrukturert, og tok utgangspunkt i ein intervjuguide som var utarbeida på førehand. Ein skil gjerne mellom strukturerte og ustrukturerte intervju. I eit strukturert intervju er spørsmåla formulert på førehand, i motsetning til eit ustrukturert intervju, som gjerne utspelar seg som ein meir fri samtale. Det semistrukturerte intervjuet bevegar seg fritt mellom desse to ytterpunkta, og tar gjerne utgangspunkt i ein intervjuguide (Kaijser & Öhlander 2011: 89).

At intervjuet er semistrukturert vil seie at det er verken ein open samtale eller ei lukka spørjelisteundersøking, men at intervjuet blir utført i samsvar med ein intervjuguide som sirklar inn bestemte tema, og som kan innehalde forslag til spørsmål. Intervjuet blir tatt opp og transkribert, og saman med lydopptaka utgjør den skrivne teksten materialet til den etterfølgjande meningsanalysa.

3.1.2 Strategisk utval av informantar

For å kunne identifisere potensielle informantar må ein definere utvalet som undersøkinga baserer seg på. Strategisk utval blir ofte nytta i samband med kvalitative studiar. Då blir deltakarane gjerne valde ut ifrå eigenskapar eller kvalifikasjonar som kan reknast som strategiske i samband med problemstillinga (Thagaard 2013: 60).

Når eg skulle setje i gong med utvalet av informantar var det om å gjere å få tak i museumstilsette som kunne tenkast å ha ein viss innsikt i emnet, og som kunne tenkast å ha praktisk erfaring med fenomenet. I første omgang sette eg i gong med å ringe rundt til tilsette med museumsfagleg kompetanse ved relevante museer. Det var litt vanskeleg å få tak i folk på telefon, men to av intervjukandidatane lykkast eg likevel å rekruttera på denne måten. Ein tredje informant nådde eg via e-post, og fekk ganske raskt avtalt eit intervju. Den siste informanten var vanskeleg å nå på både telefon og e-post, men ved personleg oppmøte lykkast eg å få samtykke til intervju.

3.1.3 Gjennomføring av intervju

Intervjusituasjonen var i alle tilfelle uproblematisk. Alle informantane var veldig opne og villige til å dele. I tillegg var alle kjent med emnet frå før av, og hadde ein tilstrekkeleg innsikt i emnet til å uttale seg. Eg møtte tre av informantane på arbeidsplassen deira, og den siste over telefon. Telefonintervjuet bøy på utfordringar, men det var fullstendig uproblematisk å intervju informantane på arbeidsplassane deira. Heldigvis hadde eg møtt første intervjuobjekt før, og det gjorde det enklare å komme i gong med intervjuet. Eg trur at det var lurt av meg å velje hen først, då dette hjelpte meg med å bygge sjølvtiliten eg trengde for å gjennomføre dei tre neste intervju. Det kan ofte vere litt kleint å starte ein samtale med eit framand menneske, men i alle tilfelle opplevde eg å bli møtt med velvilje og tolmod.

Intervjua vart teke opp med diktafon, den vart plassert mellom intervjuaren og intervjuobjektet, og bydde ikkje på tekniske problem i intervju gjennomført ansikt til ansikt.

Men, då eg skulle gjennomføre det siste intervjuet via telefon vart det vanskeleg. Det eg ikkje tok høgde for, var at hovudtelefon-utgangen på opptakaren ikkje hadde lyd inn. Dermed vart ikkje mi stemme med på opptaket og mine spørsmåla kom altså ikkje med, berre svara til informanten. Heldigvis transkriberte eg intervjuet allereie neste dag og oppdaga feilen med ein gong. Eg hadde intervjuet friskt i minne, og ved hjelp av intervjuguiden klarte eg å resonnerer meg fram til, og hugse, kva eg hadde spurt om. Transkripsjonen ber preg av dette, og intervju spørsmåla er rekonstruksjonar.

Bruk av munnlege kjelder og intervju har sine egne utfordringar og problemstillingar, utover det tekniske, desse vil eg komme tilbake til og greie ut for i slutten av dette kapitlet.

3.2 Gjennomføring av analysen

3.2.1 Transkribering

Transkribering er fyrste del av fortolkingsprosessen, der forskjellane mellom talespråk og det skrivne ord for alvor blir belyst. Når eit intervju blir transkribert frå munnleg til skriftleg form, strukturerer ein intervjusamtalane slik at ein får betre oversikt over dei. Denne struktureringa av er i seg sjølv ein del av analysen (Brinkmann & Kvale 2012: 188 – 189). Transkriberinga er ein viktig del av analyseprosessen, då ein gjerne legg merke til ord og uttrykk og viktige setningar. Teksten vil ikkje vera ei heilt nøyaktig gjengiving av intervjuet, då transkribering involverer ei viss grad av tolking, og ting som til dømes mimikk, gestikulasjon og tonefall går ofte tapt i prosessen (Nilssen 2012: 46 – 47). Det finst ingen sann objektiv omsetjing frå munnleg til skriftleg form, og ein må sjølv ta val undervegs om korleis ein vil gjennomføre arbeidet. Desse vala er avhengige av kva materialet skal nyttast til (Brinkmann & Kvale 2012: 194).

Intervjua vart transkribert manuelt, ved å lytte gjennom opptaka, og skrive dei ned akkurat som samtalen utarta seg. Det er tidkrevjande å transkribere manuelt. Ein må sette seg ned med materialet og lytte nøye til kva som blir sagt, og så skrive det ned fortløpande. Programvara VLC har heldigvis hurtigtastar, og innebygde funksjonar for justere avspjelingshastigheit.

Tre av intervjuobjekta hadde østlandsdialekt, så då fann eg det naturleg å transkribere dei på noko som liknar normert bokmål. Dette var for å spare tid, og ikkje spekulere i korleis ordlydane ville forlaupe. Transkribering er trass alt tidkrevjande. Ein av informanten hadde vestlandsdialekt, og då gjekk det faktisk fortare å skrive det ut på dialekt, tilnærma fonetisk korrekt. Dette vart gjort av reint praktiske årsaker, og har ikkje påverka meiningsinnhaldet. Å omsetje ei bokmålsnær dialekt til nynorsk er vanskeleg, og kan føre til at det opphavlege meiningsinnhaldet går tapt. Likeins kan det å omsetje ei vestlandsdialekt til normert nynorsk eller bokmål forringe meiningsinnhaldet. Eg har likevel valt å omsette sitata til nynorsk når eg gjengir dei i sjølve oppgåva, dels for å ytterlegare anonymisere informantane, og dels for å oppretthalde flyten i språket.

Når transkripsjonsarbeidet var ferdig, fekk kvar informant tilsendt sin eigen transkripsjon for gjennomlesing og godkjenning. Ingen av informantane hadde innvendingar.

3.2.2. Tematisk analyse av intervju

Transkripsjonane av intervjuopptaka, saman med skriftleg materiale i form av tidlegare forskning og lov- og regelverk utgjer grunnlaget for datamaterialet eg har basert analysen min på. Desse vert tolka ut ifrå det teoretiske rammeverket eg har gjort greie for i teorikapittelet. Ifølgje Brinkmann og Kvale (2009: 208) er formålet med analysen å finne fram til dei implisitte oppfatningane, og avdekka meiningane med spørsmåla og føresetningane som ligg bak desse.

Eg har valt å nytta meg av tematisk analyse då den passar til studia sitt formål. Tematisk analyse som metode kjenneteiknast av at den tar for seg datamaterialet som ei heilskap, snarare enn ei detaljert utgreiing av eit spesifikt aspekt ved den. Braun og Clarke (2006: 83) argumenterer for at denne framgangsmåten er spesielt eigna i tilfelle der deltakarane sine meiningar om tema ikkje er kjent frå før, eller er lite utforska. Dei hevdar også at tematiske analyser er eit nyttig verktøy for å identifisere, analysere og rapportere tema eller mønster som skjuler seg i datamaterialet (Braun & Clarke 2006: 78 – 79). Den tematiske analysen kan nyttast på tvers av ei rekke teoretiske og epistemologiske tilnærmingar. Denne teoretiske fridomen gjer den tematiske analysen til eit godt reiskap som gjer det mogleg å henta ut rikeleg med detaljert datamateriale frå kjeldene. Tematisk analyse kan nyttast på fleire vis innafor ulike teoretiske rammer, då den ikkje er eksklusivt knytt til noko spesifikt eksisterande regelverk. Difor er det viktig å tydeleggjere kva teoretisk posisjon den tematiske analysen baserer seg på (Braun & Clarke 2006: 78 – 81). Denne teoretiske posisjonen har eg gjort greie for i teorikapittelet mitt.

3.2.3. Tematisk analyse i praksis

Ifølgje Thagaard (2013: 157, 181), baserer tematisk analyse seg på dei sentrale tema som kjem fram ved koding av datamaterialet. I dette tilfelle er det transkripsjonane av intervjuet som er datamaterialet som blir koda. Den fyrste fasen i analysen, etter transkribering, gjekk ut på å bli kjend med datamaterialet. Eg hadde naturlegvis allereie ein viss kjennskap til datamaterialet før eg tok til å analysere det, då eg sjølv hadde utført intervjuet og transkribert dei. Det var likevel naudsynt å finlese transkripsjonane nokre gonger og notere nokre tankar eg gjorde meg undervegs.

Neste steg gjekk ut på å kode teksten. Kodane vart i stor grad genererte ut ifrå dei notata eg gjorde under finlesinga. Påstandar og ytringar frå informantane vart kokt ned og tildelt ein

beskrivande kode (Ryen 2002: 148). I første omgang bestod kodane først og fremst ganske enkelt av samleomgrep på kva informantane medelte i utsegna sine. Til dømes «Haldningar» og «Skjønn», som beskreiv utsegn som illustrerte deira haldningar eller tilfelle der dei nytta skjønn i deira avgjerder.

I den neste fasen vart desse kodegrupperingane gjort om til overordna tema. «Haldningar» og «Skjønn» vart til dømes gruppert under det overordna tema «Ekspertrolla», då dette var element som er sentrale i informantane si utøving av rolla som ekspert. Neste skritt var å sortere datamateriale ytterlegare. Dette vart gjort ved å klippe ut sitat frå transkripsjonane og lime dei inn i eit dokument under følgjande overordna tema: «Lover og reglar», «Kunnskap og kompetanse», «Ekspertrolla» og «Døme». Etter at dette var på plass, tok eg til med å setje informantane sine utsegn opp mot eit utval skriftlege kjelder og bygde analysen min rundt dette. Desse skriftlege kjeldene bestod av eit breitt utval av forskjellige offentlege dokument og faglitteratur, mellom anna nasjonalt lovverk, internasjonale konvensjonar, museumsetiske retningslinjer, offentlege utreiingar og rapportar og anna relevant faglitteratur. Deretter gjorde eg greie for mi forståing av samanhengen mellom desse elementa.

3.3. Etikk, validitet og reliabilitet

Forskingsetiske retningslinjer er konkretiseringar av forskarsamfunnet sine grunnleggjande normer og verdiar, og har sitt opphav i vitskapleg allmenmoral. Dei har som formål å bidra til å konstituere og regulere vitskapleg verksemd. Dette gjeld også arbeidet til studentar og stipendiatar på alle nivå (NESH 2016: 5 - 6).

3.3.1. Aidentifisering

Om ein skal behandle opplysingar som kan føre til identifisering av personar, blir prosjektet automatisk meldepliktig til NSD, Norsk senter for forskingsdata (NSD 2017).

Personopplysingar kan identifisere personar på tre ulike måtar; direkte, indirekte eller gjennom ein koplingsnøkkel. Eg tenkte at det i dette tilfelle kunne vere mogleg at datamaterialet kunne komme til å identifisere informantane indirekte, då det norske fagmiljøet ikkje er særleg stort, og at personar innanfor dette miljøet såleis kan komme til å klare å gjette seg fram til kven enkelte av informantane er. Difor sendte eg ein søknad til NSD før eg byrja med intervju. Når denne vart godkjent, sendte eg ut ei samtykkeerklæring som informerte

om prosjektet sitt omfang og varigheit, samt deltakarane sine rettar. Samtykkeskjemaet er vedlagt.

Ein er også pliktig til å gi forskingsdeltakarane tilstrekkeleg med informasjon om forskingsfeltet, forskinga sitt formål, kven som får tilgang til informasjonen, korleis resultatet nyttast og kor lenge og korleis informasjonen lagrast (NESH 2016: 14 – 18). Intervjuopptaka vart oppbevart på ein passordbeskytta datamaskin, transkribert og anonymisert, og vart sletta før løyvet gjekk ut.

3.3.2. Validitet

Vitskaplege publikasjonar vurderast etter prinsippet om at ein må grunnkje tolkingane som blir presenterte. Ved å gjere greie for framgangsmåten spesifiserer ein korleis ein kom fram til den forståinga som prosjektet resulterte i. Det er også eit mål i seg sjølv at arbeidet skal ha ein viss grad av transparens. Forskinga skal vere gjennomskinleg. Ein må gjere greie for korleis analysen gjev grunnlag for konklusjonane ein kjem fram til. Fortolkinga si styrke er avhengig av kor grundig forskaren gjer greie for sine fortolkingar (Thagaard 2013: 205 – 206).

Eg har hatt eit særskild fokus på å ivareta validiteten til intervjuet og analysen. Ifølge Thagaard (2013: 205 – 206) er validitet direkte knytt til tolking av data. For at tolkinga skal vere gyldig, må tolkingane og forståinga av innhenta data samsvare med røynda. Det viktigaste leddet i denne prosessen var å sende transkripsjonane til alle informantane, slik at dei hadde høve til å lese gjennom intervjuet sitt og godkjenne narrativet. Ingen av informantane hadde noko å utsette på transkripsjonane. Denne praksisen legg til rette for å unngå misforståingar, forvrengingar og tap av meining. Då informantane på førehand hadde blitt lova ein viss grad av anonymisering, har eg ingen grunn til å tru at informantane haldt noko tilbake eller pynta på sanninga i frykt for represaliar eller tap av omdøme (Ryen 2002: 113 – 114).

3.3.3. Reliabilitet

Reliabilitet og validitet er sentrale omgrep i diskusjonar knytt til forskinga si truverd. Reliabilitet handlar, ifølge Thagaard (2013: 201), om truverd. Korvidt ei kritisk vurdering av prosjektet gir inntrykk av at prosjektet er utført på eit påliteleg og tillitsvekkande vis. Omgrepet reliabilitet er i seg sjølv hovudsakleg knytt til om ein annan forskar, som nyttar dei

same metodane, vil vara i stand til å replisere resultatane. Thagaard (2013: 202) stiller seg derimot kritisk til reliabiliteten si relevans i kvalitativ forskning. Replisering er i større grad eit relevant kriterium innanfor ein positivistisk forskingslogikk der ein legg vekt på nøytralitet som forskingsideal, og resultatane blir betrakta som uavhengige av relasjonen mellom forskar og informant. Innanfor den konstruktivistiske forskingslogikken vektlegg ein prosessar der kvalitative data utviklast i samarbeid mellom forskar og informant.

Prinsippet om at forskaren oppfattast som uavhengig av informantane og emnet som blir undersøkt høyrer ikkje heime i studiar der menneske forhold seg til kvarandre. Ein må i staden for argumentere for reliabilitet ved å gjere reie for korleis data har blitt utvikla gjennom forskingsprosessen (Thagaard 2013: 202). Slik eg forstår det vil Thagaard fram til at det vert etablert eit tillitsforhold mellom forskar og informant, som legg til rette for at informanten kan gjere reie for sine meiningar og tankar kring eit tema på truverdig vis.

Eg ser likevel for meg at det truleg ville vere mogleg for ein annan forskar å replisere denne studien, då informantane består av eit representativt utval av museumstilsette med kunnskap om provenienslause gjenstandar. Anonymiseringa av informantane ville kanskje ha gjort replisering vanskeleg, då det ikkje er gitt at ein annan forskar ville ende opp med same utval av informantar. Eg vil likevel våge å påstå at undersøkinga mi er repliserbar, då informantane sine utsegn stort sett er i tråd med den rådande konsensusen om provenienslause gjenstandar innanfor fagmiljøet kring kulturhistoriske museum i Noreg. Samstundes må ein ta atterhald om at mi tolking av informantane sine utsegn kanskje ville ha blitt tolka annleis av ein annan forskar.

3.3.4. Kritisk refleksjon

Tematisk analyse har også sine manglar, i likskap med alle andre kvalitative analysemetodar. David Silvermann (2010) argumenterer for at metoden sin fleksibilitet kan vera både ein fordel og ei ulempe, då den for nokre kan oppmuntre til innovasjon, medan den for andre kan bidra til manglande struktur. Braun og Clarke (2006: 94 – 95) legg vekt på ei grundig gjennomføring av analysen, samanhengen mellom kodane i kategoriane, og ikkje minst at ein vel overtydande sitat, utdrag og døme som demonstrerer samanhengane og validiteten i kategoriane. Vidare anbefalar dei at ein sørger for at det er samsvar mellom den data ein har samla og dei analytiske slutningane ein gjer utifrå dataen.

Ein må også ta forbehold om at egne fordomar og førforståing kan påverke oppgåva sine teoretiske perspektiv, samt defineringa av tema (Thagaard, 2013: 121). Eg var derfor bevisst på å forsøke å forholde meg så objektivt som mogleg til analysen, så mine førforståingar skulle påverke oppgåva så lite som mogleg.

Kvalitative intervju byr også på utfordringar, utover reint tekniske forviklingar, då munnlege framstillinga og språklege vendingane til informantane krev fortolking. Ein kvar fortolking er ei potensiell kjelde til misforståing, og ein kan aldri heilgardere seg mot feiltolkingar.

Informantane er og blir menneskelege, og deira hukommelse kan vere feilbarleg. I tillegg kan informanten og den som intervjuar ha forskjellig forståing av omgrep, språk og semantikk.

Den som intervjuar er heller ikkje ufeilbarleg, og kan gjerne unnlate å stille dei rette spørsmåla. Då står ein ofte i fare for å ende opp med mindre god informasjon.

4 Resultat

I dette kapitlet skal eg presentere funna mine og drøfte dei. Kapitlet er delt opp etter tema eg danna meg i den dei tidlege fasane av analysen av datamaterialet mitt. I første del av dette kapitlet skal eg ta for meg lover, reglar, rutinar og innsamlingspolicy i samband med nye inntak. Andre del av kapitlet handlar om formalisert kunnskap og kompetanse kring provenienslause gjenstandar blant dei tilsette ved dei kulturhistoriske samlingane. Dette temaet overlappar med den tredje delen av kapitlet, der eg tek for meg korleis dei museumstilsette nyttar sin ekspertise. Heilt til sist skal eg også vise til konkrete eksempel der informantane mine har måtte handtere problematiske situasjonar med provenienslause gjenstandar, og drøfte desse.

4.1 Norsk implementering av lov, regelverk og rutinar

Norske museum må forholde seg til ei rekke retningslinjer og etiske kodar, fastsett av nasjonale og internasjonale organisasjonar. Kva juridiske rammeverk, etiske retningslinjer og formelle prosedyrar må dei tilsette ved dei kulturhistoriske samlingane forholde seg til? Kva policy har dei i samband med inntak av nytt gjenstandsmateriale? Korleis blir lovverket, reglar og rutinar nytta i samband med nye inntak ved norske kulturhistoriske museum? Ved hjelp av intervjumateriale eg har samla inn, samt lovar, regelverk, utreiingar, prosedyrar og liknande offentleg tilgjengelege dokument har eg forsøkt å finne svar på desse spørsmåla.

4.1.1 Lover, reglar og retningslinjer

Museumstilsette må forholde seg til eit komplekst nettverk av nasjonale lovar og forskrifter, internasjonale lovar og konvensjonar, etiske retningslinjer, standardisering av prosedyrar og lokale tilpassingar. Norske kulturhistoriske museum er juridisk forplikta til å følge *kulturminnelova*, som er det sentrale nasjonale lovverket for vern av kulturminne. Dette går også igjen i punkt 7.1 i ICOM sitt museumsetiske regelverk, *Nasjonalt og lokalt lovverk*, som krev at musea må overhalde alle nasjonale og lokale lover og forskrifter, i tillegg til å respektere andre land sine lovar der det er aktuelt. Punkt 7.2, *Internasjonale lover*, krev at musea må rette seg etter internasjonale konvensjonar, bestemmingar og avtaleverk, uavhengig om Noreg har ratifisert dei eller ikkje. Blant dei viktigaste av desse, i samband med provenienslause gjenstandar, finn ein mellom anna *Haag-konvensjonen av 1954 om vern av*

kulturarv i krig, UNESCO-konvensjonen av 1970 om tiltak for å forby og forhindre import og eksport av kulturminne og ulovlig overføring av eiendomsrett til kulturgjenstander og UNIDROIT-konvensjonen om stjålne eller ulovlig utførte kulturgjenstander. Reglar og retningslinjer er underordna lover og konvensjonar i det juridiske hierarkiet, og har ei supplerande rolle. Det gjeld også ICOM sitt museumsetiske regelverk.

Ein sentral del av musea sitt samfunnsoppdrag er å forvalte kulturminne på vegne av samfunnet. Som offentleg institusjon er dei avhengige av offentlegheita si tillit, og for å oppretthalde denne må musea opptre på etisk vis i samband med nye inntak. Dei har altså ikkje berre ei juridisk plikt til å følgje lovar og reglar, men også ei moralsk. Stortingsmelding nr 23: *Musea i samfunnet Tillit, ting og tid* foreslår at den nye norske presiseringa av ICOM sine museumsetiske retningslinjer skal fungere som eit utgangspunkt for felles retningslinjer for norske museum, og det er mykje som tyder på at det er nettopp desse retningslinjene som blir praktisert i norske kulturhistoriske museum (St.meld. nr. 23, 2022: 73). Informant nummer to skildrar musea sit forhold til forskningsetiske retningslinjer på følgende vis:

«Men det er jo klart at me vil jo vere bundne opp av forskningsetiske retningslinjer. Det er jo heilt generelt i forhold til dei innanfor humaniora og samfunnsfag, at forskning på gjenstandar, og på ein måte gjenstandar av ukjent opphav, bør ein jo vurdere om ein skal ta inn eller ikkje. Ellers så gjeld jo ICOM sine retningslinjer, og den type ting som på ein måte definerer kva me bør ta inn. Det går jo på etikken i det, eigentleg.»

(Informant 2, 2019)

Her viser informant nummer to først til NESH sine generelle forskningsetiske retningslinjer for samfunnsfag og humaniora (NESH 2016). Deretter viser informant til punkt 2.2, 2.3 og 2.4 i ICOM sitt museumsetiske regelverk, samt punkt *III*. i Norsk ICOM sin presiseringar om *Ulovlig handel og tilbakeføring av kulturarv*, som tek for seg problematikken kring inntak av provenienslause gjenstandar. Desse har eg gjort greie for i kapittel 1.3, men dei går i korte trekk ut på at ein må utvise stor aktsemd i samband med inntak av gjenstandar som ein mistenker at kan stamme frå ulovlege utgravingar, ulovleg utført frå sitt opphavsland, eller ulovleg omsett. Ein må også kunne dokumentere eigendomsretten til alle gjenstandar ein tek inn, og ha ein klar oversikt over gjenstanden sin proveniens. Dette går også igjen i den norske *kulturminnelova av 1978, Haag-konvensjonen, UNIDROIT-konvensjonen og UNESCO-konvensjonen av 1970.*

Informant nummer to fortel at dei ikkje har vedteke noko tydelege retningslinjer eller innsamlingspolicy som dei skal forholde seg til, men at dette er noko som dei er i ferd med å få på plass:

«Museet har strengt tatt ingen sånn veldig tydelege retningslinjer på inntak av gjenstandar, og heller ikkje ein klar politikk på kva ein skal ta inn, og kva ein eventuelt ikkje skal ta inn. Ideelt sett er det jo ein diskusjon blant dei vitenskaplege, og personar på samlings og konserveringsseksjonen. Det kan jo vera samlingar som, på ein måte... Privatpersonar, ikkje sant, kjem, og kanskje dei er daude, den type ting: «Vil dykk ha det?» Ikkje sant. Men me har ikkje noko sånn tydeleg politikk. Det ligger nokre utkast klare nå som me skal diskutere. Og det handlar jo om kjøp, sal, sånne ting. Om det er gåver, og så vidare.» (Informant 2, 2019)

Då eg ber informant nummer to gjere greie for UM sine egne interne retningslinjer, og korleis dei reflekterer ICOM sitt museumsetiske regelverk, får eg følgende svar:

«Altså, når det gjeld inntak så har me jo ikkje noko forebels. Men, dei vil jo vere bygd på, ja, generelle forskningsetiske retningslinjer innanfor museumsverden.» (Informant 2, 2019)

Eg tolkar det slik at; i fråvær av eit tydeleg offisielt vedteke regelverk og retningslinjer, forholder museumstilsette seg til ICOM sitt museumsetiske regelverk i samband med inntak av nye gjenstandar, og at dette kjem i tillegg til NESH sitt forskningsetiske regelverk. Sitata ovanfor gir eit lite frampeik mot neste del av dette kapittelet, der eg skal ta for meg innsamlingspolicy. Det gir også eit lite frampeik til arbeidet med å utarbeide felles retningslinjer og rutinar for samlingsforvaltning, som eg skal ta for meg etter at eg har greia ut om innsamlingspolicy.

4.1.2 Innsamlingspolicy

Informant nummer to fortel at dei ikkje har nokre offisielt vedtekne retningslinjer ved UM på det tidspunktet intervjuet vart gjennomført. Eg har heller ikkje lykkast å finne noko form for offisiell samlingsplan eller innsamlingspolicy for verken KHM eller UM. Dette tyder på at det ikkje finst, og om det finst så er det ikkje blitt publisert. Om det er publisert noko slik plan eller innsamlingspolicy, så er den svært vanskeleg å finne. Det er også eit problem i seg sjølv,

då ICOM sitt museumsetiske regelverk punkt 1.2 krev at eit kvart museumsstyre skal utarbeide og publisere retningslinjer for museert:

«Styret skal utarbeide, offentliggjøre og følge en erklæring om formål, oppgaver og retningslinjer for museet, hvor også styrets rolle og sammensetning klart framgår.».
(Norsk ICOM 2016)

Og punkt 2.1 krev at museumsstyret skal vedta og publisere ein skriftleg samlingsplan:

«Ethvert museumsstyre skal vedta en skriftlig samlingsplan som offentliggjøres. Planen skal omhandle innsamling, bevaring og bruk av samlingene. Status for materiale som ikke vil bli katalogisert, konserveret, eller utstilt skal framgå klart av planen.» (Norsk ICOM 2016)

Så vidt eg kan sjå, har verken KHM eller UB publisert noko slikt på mange år. Det betyr likevel ikkje at desse musea flyt retningslaust omkring og samlar inn gjenstandsmateriale på uforsvarleg vis. Kulturhistoriske museum sin innsamlingspolicy er i stor grad prega av deira overordna ansvar for å ta imot arkeologiske funn som kjem inn til fylkeskommunen. Desse kjem som regel frå utgravingar, metalløkarsfunn og andre lausfunn. Dette er ting som musea er pålagde av *Kulturminnelova §12* til å ta imot. Resultat av denne praksisen er at ein i stor grad får gjort greie for nesten alt kulturhistorisk gjenstandsmateriale som blir funne her i landet. Informant nummer fire fortel at dei får inn mykje metalløkarsfunn, og at desse stort sett har ein klar og tydeleg proveniens:

«Ja, innsamlingspolitikken vår på museet nå den blir eigentleg styrt av omsyn som ikkje me kontrollerer på same måte. Det er gjenstandar som er funne i Norge. Metalløkarsfunn særleg. Me får jo inn ca. 2000 funn i året, og desse har jo ein proveniens frå metalløkarar som stadfestar og leverer dei inn via fylkeskommunar. Så då meiner me å ha kontroll på det.» (Informant 4, 2019)

Arkeologisk museum i Stavanger, som er tilknytt Universitetet i Stavanger, rapporterte i 2019 at dei hadde registrert og aksjesjonsført 688 metalldetektorfunn og 51 andre funn som var levert inn av privatpersonar i Rogaland i perioden 2003 til 2018. I midten av 2019 var omtrent halvparten av dette materialet ferdig katalogisert (Nærøy 2019: 8 – 10). Liknande data frå andre stader i landet vitnar også om at store mengder metalløkarsfunn kjem inn til dei ulike universitetsmusea via fylkeskommunane (Dale *et al* 2019: 81 – 82). Dette tyder på at arbeidet

med inntak av nytt gjenstandsmateriale er svært ressurskrevjande, i forhold til tid, økonomi og magasinkapasitet, og er truleg ein av faktorane som har bidrege til at universitetsmusea ikkje lengre samlar like aktivt som før. Om innsamlingspolitikken seier informant nummer fire følgjande:

«Når det gjeld innkjøp til samling og erverving sånn som før i tida til museer, så er det noko som på det nærmaste har opphøyr. Eg trur dei einaste samlingane som av og til kjøper inn der er til de etnografiske samlingane, og då er det jo gjenstandar som er moderne. Altså det er moderne kunst... eller handverk frå ulike samfunn som dei driv feltarbeid i. Og då er det jo innkjøpt i all hovudsak i samarbeid med dei som produserer det sjølv og fortel historia bak handverksteknikkar og såne ting. Så der vil jo proveniensen vera ganske direkte openbar, frå produksjon til erverving.» (Informant 4, 2019)

På KHM sine heimesider omtalast deira Egyptsamling. Her står det svart på kvitt at: «I dag skaffar Kulturhistorisk museum ikkje aktivt gjenstandar frå antikken. UNESCOs konvensjon av 1970 regulerer handelen med kulturminne. Noreg forplikta seg til å følgje konvensjonen i 2007, og norske lover er tilpassa dette» (KHM 2015). Dette underbygger informant fire si påstand om det er meir eller mindre slutt på aktiv samling ved universitetsmusea. Unntaket er dei etnografiske samlingane, som tidvis tar inn gjenstandar i samband med feltarbeid og liknande. Men her er det ikkje noko store etiske problem eller tvil om proveniens, så lenge ein handlar i tråd med retningslinjene til ICOM. ICOM sine retningslinjer punkt 6.5 slår fast at musea har lov til å erverve gjenstandar frå eksisterande samfunn, så lenge det blir gjort med informert og felles samtykke (Norsk ICOM 2016). I tillegg er det berre etnografiske gjenstandar som kan daterast til tidlegare enn 1900 som er underlagt kulturminnelova si *Forskrift om utførsel og innførsel av kulturgjenstander*. Desse må ha eit gyldig eksportsertifikat frå opphavlandet (Forskrift om handel med kulturgjenstander, 2007: §2.g og §10).

Tidlegare hadde kulturhistoriske museum inntakskomitear, slik som ein gjerne finn hjå kunstmuseum. Denne typen komitéar gjekk av moten i løpet av 1960- og 70-talet, som eit direkte resultat av den etiske revolusjonen innan arkeologifaget og ringverknadane denne hadde i museumsverda (Brodie, Doole & Watson 2000: 8 – 9). I vår samtid har ein gått vekk frå inntakskomitear ved kulturhistoriske universitetsmuseum, då ein ikkje tar inn gjenstandsmateriale på same måte som tidlegare. Informant nummer fire fortel at, for utanom

arkeologiske funn, er det stort sett berre antropologiske gjenstandar ein tek inn, og at det ikkje er noko proveniensproblem knytt til desse. Då eg stiller spørsmål om praksisen kring inntakskomitear, fortel informant nummer fire:

«Ja, det er vel eventuelt før mi tid, trur eg, at me hadde...Nei ikkje innkjøpskomité, det var det ikkje. Det var vel... Ja, det veit eg rett og slett ikkje i detalj korleis det fungerte. Men då snakkar me 30 - 40 år tilbake i tid. Men i mi tid har me ikkje hatt noko innkjøpskomité, fordi me rett og slett ikkje kjøper inn gjenstandar.» (Informant 4, 2019)

Modus operandi er inntaksstopp, og det er truleg ein medverkande årsak til at det ikkje har blitt publisert noko konkrete innsamlingsplanar for universitetsmusea på lenge. Passive inntak, altså gjenstandar som blir tilbydt musea uoppfordra, førekjem framleis. Desse blir likevel berre unntaksvis innlemma i samlingane. Informant nummer tre forklarar at inntak til dei kulturhistoriske samlingane ved universitetsmusea er svært avgrensa fordi dei er forskingsstyrte. Hen omtalar samlingane som «sovande samlingar»:

«På grunn av praktiske omsyn, men også det at vi har ingen som umiddelbart no driv å forskar på dei samlingane, og dermed så blir det jo også på ein måte liggjande... Det er det vi kallar sovande samlingar. Ingen her på museet som forskar på dei per i dag. Men vi har jo frykteleg mykje studiebesøk på dei same samlingane då. Men veldig lite tilvekst, som sagt. Så lenge ingen forskar på det så er det heller ikkje noko vits å ta imot. Men det er klart at skulle det dukke opp eit eller anna som er frykteleg interessant, altså eit eller anna som har med museet si institusjonshistorie, eller eit eller anna som man ser at er viktig, så vil ein ha ein dialog. Men det er det eg meiner med at det er forskingsstyrt.» (Informant 3, 2019)

Innsamlingskomitéar og samlingsplanar ved dei kulturhistoriske musea er i dei fleste tilfelle noko som høyrer fortida til, då musea ikkje lengre prioriterer nye inntak i same grad som før. Dette handlar ofte om magasinkapasitet og avgrensa resursar til inntaksarbeid. Unntaket er tilfelle der gjenstandar har stor vitenskapleg verdi. Informant nummer tre fortel vidare:

«Altså hadde han hatt ein kjempeinteresse for by og bygd så hadde me sikkert tatt... Plutseleg hadde me sete her med hundre ølboller. Men.. Altså du skjønar... Det er litt den der med kva folk er interessert i, og kva vi allereie har i samlingane og så vidare. Det var det eg meinte med dialog. Henvendinga kjem til museet. Han gjer en

vurdering av det. Han spør kva eg meiner, og som regel er me veldig einige i at dette her er heller ikkje er noko som me treng, eller bør, ta imot.» (Informant 3, 2019)

Avhendingsdebatten prega det offentlege ordskifte i museumsverda i mange år, og har sett søkelys på mange spørsmål kring prioriteringar og magasinkapasitet. Påstandar om sprengd magasinkapasitet går ofte igjen, og har bidratt til tendensen med inntaksstopp (Sund 2016: 81 – 85). Dette går også igjen i rapporten *Museum og samfunn*, der dei også viser til arbeidet med å få oversikt over innhaldet i samlingane, utvikle felles kvalitetssystem og digitale tenester som medverkande faktorar:

«Arbeidet med å skape oversikt over samlingene, utvikle digitale tjenester og fellesløsninger har periodevis ført til at mange museer har en tilnærmet innsamlingsstopp. Evalueringene forklarer dette med at de ikke har plass til nye gjenstander, og at arbeidet med å sikre eksisterende samlinger og skaffe bedre oversikt over dem, er blitt prioritert foran nyanskaffelser (Hylland, et.al 2020: 65).»

Det er også verdt å nemne at museum kan bli pålagde å fungere som deponi for beslaglagde gjenstandar provenienslause gjenstandar, eller oppbevaring i siste instans, som det heiter i ICOM sitt etiske regelverk punkt 2.11:

«Bestemmelsene i dette etiske regelverket forhindrer ikke et museum fra å fungere som et autorisert depot for gjenstander og objekter uten proveniens, som er ulovlig innsamlet eller gjenfunnet innenfor museets lovbestemte ansvarsområde.» (Norsk ICOM 2016)

Det vil seie at dei har eit ansvar for å oppbevare provenienslause gjenstandar som, for eksempel, er tatt i beslag av politi- og tollvesen. Kulturhistorisk museum ved UiO er vedtaksinstitusjon i denne typen saker, og har det overordna nasjonale ansvaret.

Eit anna unntak som er verdt å merke seg er punkt 3.4 i ICOM sine etiske retningslinjer:

«3.4 Ekstraordinær innsamling av primærkilder

I helt eksepsjonelle tilfeller kan en proveniensløs gjenstand inneha så enestående erkjennelsesmessige egenskaper at det vil være i samfunnets interesse å bevare den. Avgjørelsen om en slik gjenstand kan innlemmes i en museumssamling skal foretas av eksperter innen det gjeldende fagområdet, og ikke påvirkes av nasjonale og internasjonale interesser.» (Norsk ICOM 2016)

Her er det truleg snakk om svært skjeldne tilfelle, og eg aldri har høyrte om dette i ei norsk kontekst.

4.1.3 Samlingsforvaltning

Samlingsforvaltning omfattar all verksemd som blir utført i samband med inntak, systematisering, bevaring og tilgjengeleggjering av ein eller fleire samlingar. Arbeidet med felles retningslinjer for samlingsforvaltning ved norske museum har pågått i ei årrekke. MUSIT-samarbeidet hadde ansvaret for å utarbeida eit «felles kvalitetssystem» for samlingsforvaltning. Dette var eit samarbeidsprosjekt mellom universitetsmusea som vart oppretta i 2007 og avslutta i 2021, og hadde som formål å utvikla, vedlikehalde og drifta felles databasar for universitetsmusea sine samlingar. USIT, Universitetsmusea sin IT-organisasjon sto for den tekniske utviklinga av samlingsdatabasar og forvaltningssystem. Arbeidet med dei felles retningslinjene hadde tilsynelatande allereie kome ganske langt då eg gjennomførte intervjuet i slutten av 2019. Sidan den gong har eg framleis ikkje sett dette arbeidet ferdigstilt. Sluttrapporten til MUSIT-samarbeidet; *Felles kvalitetssystem for universitetsmuseenes samlingsforvaltning* (Rindal, E., et. al. 2018), inneheld det siste publiserte forslaget til felles retningslinjer for musea. Eg skal ikkje gå inn på desse i detalj, men heller la informant nummer tre skildre rutinane:

«Men forsøker å lage eit... Det går mykje på samlingsforvaltning generelt. Men dette her SPECTRUM... Det er meir for å få ein struktur på korleis... Frå gjenstandane kjem inn til museet, og korleis dei går gjennom systemet vårt. Det er meir å få den strukturert, og i den forbindelse kommer då ein del policy og reglar inn. Når en person kjem til museet, henvend seg til museet med ei gåve. Korleis skal me forholde oss til det? Kva retningslinjer har me?» (Informant 3, 2019)

Om implementeringa fortel hen:

«SPECTRUM er engelske rutinar for samlingsforvaltning. Korleis ein tar inn gjenstandar, og liknande. Og så er det da kulturrådet som har fått dei oversett til norsk, og det nyttast på en del av desse andre musea. Og så har MUSIT, altså universitetsmusea sin eigen IT-organisasjon, har me sete saman i ulike gruppe og tatt for oss ein del av den SPECTRUM-manualen, og så sagt: Ok, kva er det me... Kva kan fungere for oss, og korleis skal me jobbe med ting hjå oss? Og så har ein laga

felles retningslinje på ein, eg meiner det er ein åtte-ti punkter, som er på ein måte vedtatt at sånn skal me ha det på universitetsmusea. Men så lager ein då lokale tilpassingar. Men ikkje som er så lokale at du ikkje kjenner dei igjen. Men lokale i forhold til at alle universitetsmusea er organisert litt ulikt. Eg hugsar ikkje om det står noko vidare om proveniens, men det står meir korleis arbeidsoperasjonane skal gå vidare inn i musea når du for eksempel tar imot gjenstandane.» (Informant 3, 2019)

Informanten trekk også fram at det blir gjort lokale tilpassingar, i tråd med Kulturrådet si anbefaling. Hen presiserer også at ordlyden desse lokale tilpassingane ikkje skil seg så mykje frå dei generelle retningslinjene at dei ikkje er moglege å kjenne igjen. Dette tyder på at også desse lokale tilpassingane i stor grad baserer seg på SPECTRUM.

«Ja... Nei, men eg kan ta å sende deg dei lenkene, så kan du både sjå på SPECTRUM og på de MUSIT-rutinane, så ser du at dei er ganske like. Og som sagt, nå jobbar me berre med å lage ei lokal tilpassing. Fordi at dei er reglar, men så er det en del sånne policy, det helt overordna, det kan ikkje me ha felles. Det må jo på en måte vere opp til kvart enkelt museum, og korleis me har lyst til å drive museet. Så der må ein liksom lage ein policy på dei ulike som kjem som skriftlege rutinar.» (Informant 3, 2019)

Informant nummer tre fortel her at rutinane og retningslinjene som blir stipulert i MUSIT sitt forslag ligg generelt sett særst tett opp mot rutinane ein finn i SPECTRUM. Om ein set MUSIT-rapporten opp mot SPECTRUM blir dette veldig tydeleg. Ta til dømes dei overordna retningslinjene for erverv og aksjesjon av objekt i sluttrapporten til MUSIT:

«Det å erverve et objekt betyr å ta over eierskapet til objektet. Og prosedyren omhandler museets juridisk formelle og langsiktige forpliktelser ved mottak av nye objekter til de faste samlingene. Aksjesjon er en formell tilvekst til samlingene og innebærer at man tar på seg det etiske ansvaret med å vedlikeholde objektet over lang tid.» (Rindal, et.al. 2018: 9).

Dette ser for meg ut som ei reinskriving av definisjonen av aksjesjon som ein finn i den norske oversittinga av SPECTRUM:

«Juridisk sett innebærer ervervelse et eierskifte fra tidligere eier til museet. Denne prosedyren sørger for dokumentasjon av eierskapet og gir hvert enkelt objekt et unikt nummer som kobler det med tilhørende dokumentasjon.

En aksesjon er definert som å overta det etiske ansvaret for å bevare objektet på lang sikt. Aksesjoner bør ikke gjennomføres uten at de er i samsvar med museets samlingspolicy. Prosedyren tar utgangspunkt i at de fleste objekter museet erverver også skal aksesjoneres.» (Collections Trust, Ervervelse og aksesjon, 2016).

Og i sluttrapporten til MUSIT er første punkt i minimumskrava for aksesjon følgjande:

«Ervervelse av objekter skal være i samsvar med museets samlingspolitikk og ikke i strid med lover, traktater, konvensjoner, eller anerkjente etiske retningslinjer.» (MUSIT 2017: 9).

Denne speglar SPECTRUM sitt minstekrav til museet si prosedyre for erverving og aksesjon:

«Objekter erverves bare i tråd med museets policy for samlingsutvikling og i henhold til gjeldende lovverk, traktater, konvensjoner og anerkjente etiske retningslinjer.» (Collections Trust, Ervervelse og aksesjon - Standarden, 2020).

Dette er berre to av mange eksempel som stadfestar, og illustrerer, informant nummer tre sin påstand om at MUSIT-rutinane og retningslinjene er særskilte like SPECTRUM-rutinane.

MUSIT-rutinane har også fått kritikk for at dei liknar for mykje på SPECTRUM-rutinane i eit av høyringssvara som vert sendt inn i samband med sluttrapporten for eit felles kvalitetssystem:

«Det kan se ut som om flere av de overordnede retningslinjene med påfølgende flytskjema, er identisk med eller svært lik de som er beskrevet i SPECTRUM 5.0. Det skaper en viss usikkerhet omkring statusen til de foreslåtte retningslinjene. Er de sidestilt eller underordnet SPECTRUM? Er det SPECTRUM eller er det de foreslåtte retningslinjene som skal være førende for universitetsmuseene? Det leder så til følgende hovedspørsmål: kunne SPECTRUM 5.0 alene være det felles kvalitetssystemet universitetsmuseene skal forholde seg til? (Rindal, et.al. 2018: Vedlegg D).»

Kan ein rett og slett berre nytta seg av SPECTRUM-rutinane slik dei er? Det er mykje som tyder på at dette er tilfelle, og at dei allereie er implementert ved mangfaldige museum. I den siste museumsmeldinga heiter det at: «Den britisk-utvikla standarden Spectrum er den mest brukte i samlingsforvaltninga (St. Mld. 23: 73). Etter å ha utveksla e-post, og ringt til, *Seksjon for samlingsforvaltning* ved KHM, har eg fått bekrefta at universitetsmusea er samde om å nytte Spectrum-rutinane, i tråd med Kulturrådet si anbefaling. Der vart eg også fortalt at ei

plan for samlingsforvaltning er under arbeid ved KHM, men at dette er eit arbeid som truleg vil ta fleire år. Ein kjapp telefon til seksjon for samlingsforvaltning ved UM stadfesta at dette arbeidet også er undervegs her, og at det har ein tidshorisont som liknar den ved KHM.

Arbeidet med å implementere eit «felles kvalitetssystem» på tvers av musea ser eg som eit forsøk på å etterleve punkt 2.20 i ICOM sitt museumsetiske regelverk:

«2.20 Dokumentasjon av samlingen

Museumssamlinger skal dokumenteres i samsvar med aksepterte profesjonelle standarder. Samlingsdokumentasjonen skal inkludere en fyldig beskrivelse av hver enkelt gjenstand, dens tilknytning og eier-historie, tilstand, behandling og oppbevaringssted. Samlingsdata skal oppbevares trygt, støttet av søkesystemer som sikrer medarbeidere og andre rettmessige brukere tilgang til informasjonen.» (Norsk ICOM 2016).

Det å ta i bruk internasjonale standardar og utvikla felles datasystem for samlingsforvaltning har visstnok betra arbeidet med samlingsforvaltninga mange stader, og bidratt til meir uniform praksis på tvers av ulike museum. Kulturrådet og universitetsmusea har utvikla rettleingar, retningslinjer og standardar med utgangspunkt i SPEKTRUM, og gjort tilpassingar der det har vore naudsynt (Meld. St. 23, 2021: 75). Mange år med konsolidering av museumsverket har også bidratt til eit større behov for god infrastruktur, krysskompatibilitet mellom forskjellige informasjonssystem, konsistent praksis og samanfallande terminologi:

«Standarden skal bidra til felles forståelse av oppgavene som faller inn under samlingsforvaltning i museer. Felles definisjoner av oppgaver og god praksis gjør det enklere å samarbeide på tvers i museene og over institusjonsgrensene. Det er viktig i en museumsverden som blir stadig tettere sammenvevd. I Norge har museumskonsolideringene aktualisert behovet for forente beskrivelser av hva det vil si å drive samlingsforvaltning. Digitale verktøy, som på flere måter visker ut institusjonelle og geografiske grenser, forutsetter også standardisering for å fungere godt.» (Bie-Larsen 2016)

Dette arbeidet er også eit tydelig døme på, og ein viktig del av, profesjonaliseringa av det norske museumsvesenet som ein har sett i kjølvatnet av museumskonsolidering og museumsreforma dei siste to tiåra (St. meld. nr.23. (2020 – 2021): 36).

4.1.5 Drøfting av funn

Museumstilsette har lenge hatt utfordringar med å orientere seg i det etiske og juridiske landskapet i samband med handtering av provenienslause gjenstandar. Det er klart at det er mykje som skal haldast styr på. Nasjonale lovar og forskrifter, internasjonale lovar og konvensjonar, etiske retningslinjer, standardisering av prosedyrar og lokale tilpassingar utgjer eit komplekst nettverk av føringar museumstilsette må forholde seg til. Faktumet at desse stadig blir reviderte, utvida og tilpassa gjer ikkje kvardagen enklare for dei museumstilsette.

Eg forstår det slik at kulturminnelova utgjer det overordna juridiske rammeverket for musea og deira tilsette på nasjonalt nivå, og at denne er utforma med utgangspunkt i internasjonale konvensjonar, mellom anna Unidroit-konvensjonen og UNESCO-konvensjonen av 1970. Universitetsmusea er tilslutta ICOM, og har dermed forplikta seg til å innrette seg etter ICOM sitt museumsetiske regelverk, som også oppfordrar musea til å følgje nasjonale og internasjonale lover og vedtekter. Dette regelverket legg også føringar for kva normer museumstilsette må ta omsyn til i embets medfør. NESH sine etiske retningslinjer for samfunnsvitenskap og humaniora representerer eit generelt grunnlag for profesjonsmoralen til dei museumstilsette, medan ICOM sitt museumsetiske regelverk utgjer sjølve ryggrada i profesjonsmoralen.

Dette funnet baserer eg på informant nummer to sine utsegn i del 4.1.1, der det kjem fram at det ikkje verken finst noko tydeleg innsamlingspolicy eller samlingsplan ved UM. I alle fall ikkje hausten 2019, då intervjuet vart gjennomført. Utifrå funna i det resterande intervjumaterialet ser det ut for at dette også er gjeldande for andre kulturhistoriske museum i Noreg, deriblant KHM. Etter å ha utveksla e-post med, og tatt ein kjapp telefon til, seksjon for samlingsforvaltning ved KHM og UB, finst det likevel tydelege indikasjonar på at dette er i emning.

Reint praktisk har museumstilsette ikkje noko brennande behov for ei klart uttala innsamlingspolicy, då universitetsmusea, i samråd med Kulturrådet, har blitt samde om å nytta SPECTRUM-rutinane. Museumstilsette er også bunde til eit knippe etiske retningslinje, og då især ICOM sitt museumsetiske regelverk, i kraft av deira profesjonsmoral. I tillegg er dei bundne av institusjonsmoral, som, så vidt eg kan sjå, er tufta på dei same verdiar og normer som museumstilsette sin profesjonsmoral. Det er likevel godt nytt at arbeidet med ei plan for samlingsforvaltning ved KHM og UM er undervegs. Intervjumaterialet tyder også på at det finst god kjennskap til gjeldande regelverk blant museumstilsette ved dei

kulturhistoriske musea i Noreg, og at det blir etterlevd. Dette blir nærmare belyst i neste delkapittel.

Paradigmeskiftet eg omtalar i 2.2.3, har endra praksisen ved norske kulturhistoriske museum; dei samlar ikkje lengre like aktivt som før. Informantane omtalar samlingane ved dei kulturhistoriske musea som forskingsstyrte, «sovande samlingar» som er prega av passive inntak. *Deltakarparadigmet* markerer overgangen frå ei *moderne* museumstenking til ei *post-moderne* museumstenking, som førte med seg ei dreining frå samling til formidling og inkludering. Dette er ein av fleire grunnar til at norske kulturhistoriske museum ikkje samlar like aktivt som før. Eit viktig unntak er nye arkeologiske funn, som stadig finn vegen inn i dei kulturhistoriske samlingane, då dei er pålagt å ta imot desse av kulturminnelova. Dette er resurskrevjande, og har truleg også bidrege til ein delvis inntaksstopp ved dei kulturhistoriske samlingane rundt om i landet. Fulle magasin er også ein viktig faktor i samband med inntaksstopp.

Musea har lenge ønska seg ein felles rettleiar som dei kan støtte seg på i møte med provenienslause gjenstandar. Intervjumaterialet vitnar om at arbeidet med ein ny standard for samlingsforvaltning lenge var undervegs. Det vart omtala som eit «felles kvalitetssystem», og skulle ta utgangspunkt i ICOM sine museumsetiske retningslinjer og SPECTRUM-rutinane. Denne nye standarden skulle fastsette universale retningslinjer og standardisere prosedyrar som dei museumstilsette skal kunne lene seg på, og samtidig gi rom for lokale tilpassingar. Denne prosessen heldt på i ei årrekke, men noko endeleg resultat har ennå ikkje blitt publisert. Eg forstår det slik at då MUSIT-samarbeidet vart avslutta i 2021, var dei involverte musea samde om å nytte SPECTRUM-rutinane, og ansvaret for å utarbeide samlingsplanar og policy vart overført til kvart enkelt museum.

I praksis er ICOM sine museumsetiske retningslinjer allereie, *de facto*, gjeldande for alle norske museum, og SPECTRUM sine rutinar allereie har blitt praktisert i samlingsforvaltninga ved fleire norske museum i fleire år. Alt tyder på at universitetsmusea no har blitt samde om å nytta SPECTRUM-rutinane, etter anbefaling frå kulturrådet. Funna mine tyder på at museumstilsette nyttar seg av eit overlappande nettverk av normer og verdier i samband med vurderingar knytt til provenienslause gjenstandar, og at desse normene og verdiane supplerer kulturminnelova. Med andre ord; dei opererer allereie i tråd med gjeldande lovverk, retningslinjer og rutinar.

Trianguleringa mellom kulturminnelova, ICOM sitt museumsetiske regelverk og SPECTRUM-rutinane er allereie tilstrekkeleg for å hindre inntak av provenienslause gjenstandar. Det er likevel viktig å formalisere rutinar og retningslinjer, og eg ser dette som ein sentral del i arbeidet med profesjonaliseringa av museumsdrifta som heilheit. Musea har ein eigeninteresse i at dei tilsette har tydlege retningslinjer og rutinar som fører til mindre bruk av skjønn og sikrar profesjonell framferd (Pabst 2016: 167).

Formålet med formaliserte retningslinjer og samlingsplanar er ikkje berre å gjere kvardagen enklare for dei museumstilsette og straumlinjeforme avgjerdsprosessen i samlingsforvaltinga. Formaliseringa, og kanskje spesielt publisering av slike formaliserte rutinar, retningslinjer og samlingsplanar, har ein annan viktig funksjon. Dei skal bidra til å synleggjere musea sine interne prosessar, og legge til rette for publikumsdeltaking gjennom kommunikasjon. Museumsdrifta må bli meir transparent, i tråd med post-museal tenking, for å oppretthalde samfunnet sin tillit til musea som relevant samfunnsaktør. Det er ikkje nok at musea og deira tilsette opererer i tråd med gjeldande lovverk og retningslinjer. Dei må også publisere dokument som gjer synleggjer prinsippa og føringane som dei baserer si verksemd på.

Mangelen på publiserte samlingsplanar, policy, regelverk og rutinar er problematisk, og tyder kanskje på at ICOM sitt museumsetiske regelverk ikkje er tilpassa dagens museumslandskap, der den post-museale tenkinga allereie er godt etablert. Kulturhistoriske museum samlar ikkje lengre like aktivt som før, og har gått vekk frå dei gamle praksisane med innsamlingskomitear og samlingsplanar. Kanskje ICOM må fire på krava om publiserte samlingsplanar, og heller fokusere på publisering av kvart enkelt museum sine retningslinjer og rutinar? Samstundes er det mykje som tyder på at arbeidet med offisielle policyar, samlingsplanar og rutinar er undervegs, men at desse ikkje har blitt publisert, då dette er eit komplisert og tidkrevjande arbeid.

4.2 Kunnskap og kompetanse

Det er mange etiske og prinsipielle dilemma knytt til provenienslause gjenstandar i museumsverda. Spissa kunnskap og spesiell kompetanse er viktige føremon når musea skal handtere slike. Kva kunnskap og kompetanse om provenienslause gjenstandar finn ein hjå dei tilsette ved dei kulturhistoriske samlingane?

4.2.1 Formalkompetanse og generell kunnskap

Kvar kjem museumstilsette sin kunnskap og kompetanse kring provenienslause kulturgjenstandar frå? Informant nummer tre viser til sin eigen utdanning som grunnlag for sin kunnskap og kompetanse:

«Det har jo litt med den bakgrunnen ein har, og kva ein har studert. Men ein er jo... Altså eg studerte konservering i England, og det er klart at det er jo... Ein har jo veldig den i ryggmargen at ein ikkje skal behandle gjenstandar som man ikkje veit... Altså som kjem frå krigsherja område... (...) Som ikkje har ein proveniens som er, og et eigarskap som er helt avklart då. Det er vel eigentleg den som ligge ganske i ryggmargen.» (Informant 3, 2019)

Vidare peikar hen på den etiske oppsedinga ein gjerne får gjennom ein humanistisk utdanning, og då spesielt innanfor fag knytt til museum. Dei siste to tiåra har stadig fleire utdanningsinstitusjonar tilbydd undervising i museologi, og liknande fag som omhandlar museumsdrift på praktisk og teoretisk nivå (Johansen, Losnedahl og Ågotnes 2002: 9). Dette har truleg ført til ei auka formalkompetanse blant mange museumstilsette på generell basis. I tillegg til dette kjem også kunnskapen museumstilsette har tileigna seg i samband med arbeidet med dei nye rutineane for samlingsforvaltning som vert utarbeida i desse dagar:

«Nei, vi har ikkje noko opplæring i det, men... (...) Så vi har ikkje blitt gitt noko opplæring i det, men det er liksom det man... Om du har utdanna deg innanfor museumsfag, så er det gjerne den etikk-delen, den kjem ganske kraftig inn som en del av opplæringa. (...) Men det er klart at den er jo ikkje nødvendigvis ein del av utdanninga til antropologar og arkeologar. Altså det kjem jo helt an på kva fagkombinasjonar dei har, og også kva problemstillingar dei har jobba med. Så, ja... Noko opplæring som sådan... Men som sagt med eit sånt regelverk som me prøver få på plass, eller rutinesamling høyrer vel penare ut, regelverk høyrer veldig hardt ut, så trur eg me skal på ein måte få... Altså om det skulle mangle nokre... Folk som ikkje har vissleik om det... Men eg kan ikkje skjøne kven skulle vera... Så vil me med eit sånt regelv... Rutinesamling få ganske god... Ganske... Få på plass det då. For å sei det, dei som står på førstelinjene i samband med mottak er ganske bevisst på det, for å sei det sånn. Det er dei.» (Informant 3, 2019)

Dette tyder på at vissleiken om problema knytt til provenienslause gjenstandar inngår i profesjonsmoralen til museumstilsette ved kulturhistoriske museum, sjølv om den ikkje automatiske er ein del av den etiske oppsedinga dei får i samband med deira utdanninga. Påstanden om at dei som «står på førstelinjene i samband med mottak» har god kjennskap til problematikken kring provenienslause gjenstandar tyder også på at musea er i stand til å etterleve punkt 2.19 i ICOM sitt museumsetiske regelverk:

«Faglig ansvar for forvaltning av samlingene skal tildeles personer som har relevant fagkunnskap og ferdigheter eller som får tilstrekkelig veiledning «Norsk ICOM 2022).»

4.2.2 Kompetansebehov

Undersøkinga *Å jobbe med kulturminner: En kartlegging av kompetansebehov blant ansatte innen kulturminnesektoren, toll - og politimyndigheter* vart gjennomført av konsulentfirmaet Albatross i 2008 på oppdrag av IAKH ved UiO. Formålet med undersøkinga var, som tittelen vitnar om, å kartleggje kompetansebehov blant museumstilsette, politi og tollvesenet.

Resultatet vitnar om eit ønske om kompetanseheving knytt til lover, reglar og forskrifter, både nasjonale og internasjonale. Det rapporterast at:

«Omtrent halvparten av alle respondentene ønsker seg oppdatering på norske lover og forskrifter, internasjonale lover og forskrifter innenfor kulturminneforvaltningen og innføring i håndheving og praksis av regler og forskrifter innenfor kulturminnefeltet. Kompetanseheving innenfor disse feltene er av større verdi og relevans for arkeologene enn for konservatorene.» (Jacobsen et al. 2008: 76).

Dei fleste av dei museumstilsette som deltok i undersøkinga rapporterte at dei hadde betydeleg behov for etter- og vidareutdanning innanfor kulturminneforvaltning, først og fremst innanfor ny teknologi, praktiske metodar, teoretisk metodologi, materiell kunnskap og juridisk teori og praksis (Jacobsen 2017: 47). I *Stortingsmelding nr. 23: Musea i samfunnet: Tillit, ting og tid*, vert det også hevda at fleire museum har gitt uttrykk eit behov for ein felles rettleiar som dei kan støtte seg til i samband med handtering av provenienslause gjenstandar (St. meld. nr.23. (2020 – 2021): 73).

Punkt 1.15 i ICOM sitt museumsetiske regelverk, *Opplæring av personalet*, stiller krav til vidare- og etterutdanning av museumstilsette:

«Alle museumsansatte bør gis tilfreds-stillende muligheter for videreutdanning og etterutdanning for å oppdatere kunn-skapsnivået og holde ved like en effektiv arbeidsstyrke (Norsk ICOM 2022).»

Tre av mine informantar fortalde at dei verken hadde deltatt på, eller fått tilbod, om kurs kring provenienslause gjenstandar. Informant nummer fire fortalde derimot at:

«...me har internseminarar og har jo orienteringar for ledegrupper og styret. Me forsøker å ha eit visst... Me har ein sterkt på bevisstheit kring dette her internt i organisasjonen. Men det er klart det er jo eit arbeid som er pågåande, og som me må stadig oppjustere og legge vekt på internt for å sikre at alle nye som kjem inn blir orientert, og så vidare.» (Informant 4, 2019)

Dette tyder på at vissleiken kring temaet er ganske god, og at ein finn kunnskap på både generelt og spissa nivå. Det blir også antyda at denne vissleiken ikkje berre finst på individuelt nivå, men også på institusjonelt nivå. Altså at vissleiken om problematikken kring provenienslause gjenstandar er eit uttrykk for musea sin institusjonsmoral, så vel som dei tilsette sin profesjonsmoral. På spørsmål om kompetansenivået til det eine museet fortel informant nummer ein at:

«Ja, eg føler at det er ein viss vissleik kring det. Altså at når dette ble aktualisert i samband med tjuveriet, så følte eg at det var... Då vart det eigentleg ganske klart at det var mange som eigentleg visste litt om dette i miljøet. Så, trur eigentleg det. Men eg har jo også vært obs på dette med tjuveriet på kunstindustrimuseet, sant. Det ble jo aktualisert allereie då, at det var... At det er internasjonal kriminalitet knytt til samlingar, sant.» (Informant 1, 2019)

Her viser informant nummer ein først til innbrotet på Universitetsmuseet i Bergen i 2017, og så til eit av, eller kanskje begge, tjuveria frå Kinasamlinga til Vestlandske Kunstindustrimuseum. Informant nummer to fortel også at vissleiken kring provenienslause gjenstandar har fått ein generell oppsving dei siste ti-femten åra, som følgje av ei aukande fagleg interesse for fenomenet etter den andre Golfkrigen. Hen framhevar også den gode diskusjonen mellom kollegaer som eit godt verktøy for å spreie vissleik kring temaet:

«Generelt tenker eg at det har blitt ein aukande... Auka vissleik kring det. Trur nok det har samanheng særleg med krigen i Irak, og det fokuset som har på en måte vært på

ikkje berre øydelegging av kulturminne, men at ein har oppdaga at gjenstandar utan proveniens hamnar i Europa. Så det har nok... Ikkje fordi at de hamnar her, men fordi at det har faktisk gitt ei auka vissleik generelt sett. Ja. Utover det tenker eg jo det at det handlar om å diskutere med kollegaer og øvrige tilsette. Så sånn sett tenker eg jo me er godt nok rusta.» (Informant 2, 2019)

Den «gode samtalen» mellom kollegaer finn ein også i ICOM sitt museumsetiske regelverk 3.9., som omtalar utveksling av ekspertise og kunnskapsutveksling mellom kollegaer og andre relevante aktørar innanfor fagfeltet:

«Museumsmedarbeidere er forpliktet til å dele kunnskap og erfaringer med kolleger og med forskere og studenter innen relevante fagfelt.»

Punkt 3.10 oppfordrar til samarbeid og rådgiving på tvers av ulike institusjonar:

«Museumsansatte skal anerkjenne og slutte opp om behovet for samarbeid og rådslagning mellom institusjoner med sammenfallende interesser og innsamlings-områder.» ([Norsk ICOM 2022](#)).

Eg tolkar regelverket slik at institusjonar med samanfallande interesser ikkje berre betyr museum og liknande kunnskapsinstitusjonar, men også politi og tollvesenet. Når det kjem til institusjonar med samanfallande innsamlingsområde, forstår eg det slik at dette ikkje gjeld auksjonshus, antikvitethandlarar og liknande, då punkt 5.1 og 5.2 i ICOM sit museumsetiske regelverk eksplisitt forbyr museumstilsette å dele sin ekspertise med desse. Dette kjem eg tilbake til seinare i kapittelet, der eg tek for meg dei museumstilsette si rolle som ekspertar.

4.2.3 Drøfting av funn

Når det kjem til kunnskap og kompetanse blant dei tilsette ved kulturhistoriske museum i Noreg, indikerer funna mine at musea er godt rusta til å handtere problematikken knytt til provenienslause gjenstandar. Intervjumaterialet syner tydeleg at kjennskapen til feltet ikkje utan vidare inngår i utdanninga til alle som jobbar ved dei relevante museumsinstitusjonane, men at dei støyter på problematikken i kraft av sitt verv og gjennom fagmiljøet. Den kunnskap og kompetanse som er relevant for å handtere desse problema vert soleis tileigna på ein «organisk» måte, altså erfaringsbasert, og er ikkje alltid formalisert. Likevel verkar det

som om denne typen problemstillingar har blitt innarbeida i profesjonsmoralen i løpet av dei siste 50 åra.

Det kan naturlegvis førekomme sprik i kunnskapsnivået til dei museumstilsette, gitt at tileigninga av denne kunnskapen er individuelt kontingent. Informant nummer tre påpeiker likevel at dei som «står på førstelinjene» er kjent med problema knytt til provenienslause gjenstandar, enten det er gjennom utdanninga si, gjennom fagmiljøet, eller gjennom egne erfaringar. Ein kan nærmast påstå at det er allment kjent blant museumstilsette.

I tillegg har media si dekning av kulturkriminalitet, i Noreg og internasjonalt, også bidrege til å auke det generelle vissleiksnivået i samfunnet. Eg ser for meg at denne auka vissleiken gjort det viktigare for musea å tydeleggjere si rolle i kampen mot kulturkriminalitet, og at dette er viktig for å oppretthalde samfunnet si tillit til musa som relevante samfunnsaktørar.

Postmuseal praksis oppfordrar musea til å opptre på transparent vis, og inkludere publikum ved å tydeleg kommunisere deira verdiar og haldningar til aktuelle samfunnsproblem.

Kulturminnekriminalitet er ikkje noko unntak, og musea må arbeide for å synleggjere verdien av deira kunnskap og kompetanse i kampen mot kulturkriminalitet. Difor er det viktig at dei kulturhistoriske musea tydeleggjer deira omfamning av ICOM sitt museumsetiske regelverk og SPECTRUM-rutinane, ved å publisere offisielle policyar og rutinar i knytt til innsamling. Det er med bakgrunn i den kunnskap og kompetanse som skisserast her at dei museumstilsette utøvar si rolle som ekspertar.

4.3 Ekspertrolla

Korleis utøver dei tilsette ved dei kulturhistoriske samlingane si rolle som ekspert i samband med handtering av provenienslause gjenstandar? Ekspertrolla er knytt til makt og tillit, då dei museumstilsette representerer institusjonen dei er tilsett ved. Som profesjonsutøvarar og institusjonstilsette er dei også bundne av proffesjons- og institusjonsmoral, som legg klare føringar for korleis dei skal utøve sitt yrke. Punkt 1.14 i ICOM sitt museumsetiske regelverk stiller krav til museumstilsette sin ekspertise:

«Det er nødvendig å ansette kvalifisert personale med slik ekspertise at alle oppgaver kan ivaretas (Norsk ICOM 2022).»

Slik eg ser det handlar dette punktet om samfunnet sine forventningar til at musea har kompetent personell som er betrudde til å utføre musea sitt samfunnsoppdrag. Musea er

viktige samfunnsaktører som er avhengige av samfunnet sin tillit, og for å kunne opprettholde og styrke samfunnet sin tillit til musea må musea handle i samråd med gjeldende lov- og regelverk. Museumstilsette har som regel kvalifisert seg til si stilling gjennom ei spesialisert utdanning, som ofte er supplert med kunnskap og kompetanse tileigna gjennom praksis. Denne kombinasjonen av formalkunnskap og realkompetanse gjer museumstilsette til ekspertar innanfor sitt fagfelt.

4.3.1 Praktisering av ekspertise

Når det kjem til ekspertise om problematikken kring provenienslause gjenstandar, er det KHM som har den mest spesialiserte kunnskapen og kompetansen. Dei fleste museumstilsette ved kulturhistoriske museum i Noreg vil ha god oversikt og ein del generell kunnskap om provenienslause gjenstandar, med det er ved KHM at ein finn den mest spesialiserte kunnskapen og kompetansen. Denne spissa ekspertisen fostrar tillit, og tillit fostrar ansvar. Informant nummer ein, to og fire fortel at KHS ved UiO har det overnasjonale ansvaret for kulturminnekriminalitet, og at UM tek kontakt med KHM om dei har spørsmål om provenienslause gjenstandar. KHS er vedtaksinstitusjon med nasjonalt ansvar for å tildela eksportløyve, og godkjenne import av kulturgjenstandar. Informant nummer to fortel at:

«... Og då er det kulturhistorisk museum som har det overnasjonale ansvaret for akkurat det. For import og eksport av kulturgjenstandar. Det er delegert nasjonalt til kulturhistorisk museum. Der er det kanskje ein du kan snakke med: [Informant nummer fire].» (Informant 2, 2019)

Detter går også igjen i punkt II. av Norsk ICOM si presisering av ICOM sine museumsetiske retningslinjer:

«Ved mistanke om ulovlig handel, utførsel, innførsel eller eierskap har museumsansatte varslingsplikt til rette myndighet. Dette kan være tollvesen, Økokrim, miljøkriminalitet i politidistriktene, fylkene eller relevant vedtaksmuseum. (Norsk ICOM og Norges Museumsforbund 2022: 24).»

I Noreg er det KHM som er relevant vedtaksmuseum. Informant nummer fire er tilsett ved KHM, og fortel at:

«Me har både ein formell og ein uformell sånn interessemessig tillagt rolle. Den formelle rolla har me ifølge paragraf 23. i kulturminnelova, der me er ein vedtaksinstitusjon som da innvilgar eksportløyve på kulturgjenstandar. Og der... Det regimet er jo lagt fordi ein både skal ha kontroll at ikkje norske kulturminnegjenstander går ut av Noreg, men også for å forhindre at me blir eit transittland, eller at ulovlege gjenstandar kan passere gjennom Noreg på veg til andre stader. Så det handhevar me. Og så har me også ein ekspertrolle i forhold til kulturdepartementet og utanriksdepartementet i repatrieringssaker, kulturdepartementet i kriminalitetssaker, og me er sakkyndig for toll og politi. Både for økokrim og for lokale miljøavdelingar i... Ved lokale politidistrikt då. Så det er dei rollene me har då.» (Informant 4, 2019)

Som vedtaksinstitusjon har KMH heimel i lova til å gjere vedtak kring inntak og utførsel av kulturminnegjenstandar, og er dermed knytepunkt for alle institusjonar som har nytte av deira kunnskap og kompetanse. Videre heiter det i følgje Forskrift om utførsel og innførsel av kulturgjenstander §6 at:

«Vedtaksinstitusjonene skal samrå seg med hverandre eller rådspørre regionale faginstitutioner hvis det kan vere tvil om myndighetsområde eller behov for supplerende kompetanse.» (Forskrift om utførsel og innførsel av kulturgjenstander, 2007: §6)

Dette speglar nok ein gong ICOM sitt museumsetiske regelverk 3.9 og 3.10., som tek for seg utveksling av ekspertise og samarbeid mellom museum og andre institusjonar. Informant nummer fire fortel vidare om korleis dei utøver ekspertrolla:

«Når me vurderer proveniens, så gjer me det stort sett i samband med kontakt me har med politi og tollvesen, som beslaglegg gjenstandar ved mistanke om ulovleg import, eller ulovleg omsetting. Og der er me sakkyndig institusjon, så da må jo me vurdere gjenstanden, og me må også gi vår skjønnsmessige vurdering om dette er ein gjenstand som har tvilsam proveniens eller ikkje. Og når me gjer det, så er det jo dessverre veldig få verktøy me har då. Det er å etterspørja dokumentasjon sjølvsagt, på sal, kjøp, omsetting, eksport frå opphavsland og den type ting. Om ein ikkje har det så er jo saken grei. Om ein har det så må me vurdere om dette er dokumenter som kan vere forfalska, eller har blitt produsert for det formålet at ein gjenstand skal ut på ein marknad. Men det kan vere vanskeleg å avgjere sjølvsagt. Og me må også vurdere den

proveniensen når folk... Me er ein såkalla vedtaksinstitusjon, så me har nasjonalt ansvar for å innvilga eksportløyve for gjenstandar som skal ut frå Noreg. Og når me gjer det så må me også vurdere om dei i utgangspunktet har kome lovleg inn i Noreg, og då vil jo proveniens vere ein av dei tinga me vurderer då.» (Informant 4, 2019)

Som vedtaksinstitusjon blir KMD også kontakta når politi og/eller tollvesen vil ha ei vurdering kring opphavet til gjenstandar dei mistenker at kan ha blitt innført ulovleg, eller bli ulovleg omsett. Dette illustrerer kvifor ekspertrolla er viktig; KHM innehar spesialisert kunnskap og kompetanse som, til dømes, politi og tollvesenet er avhengige av når dei skal handtere kulturminnekriminalitet. Denne kompetansen finst ikkje internt i desse organisasjonane, og dei er avhengige av ekstern hjelp for å kunne handheve loven effektivt.

Informant nummer fire peikar på at deira ekspertvurdering er basert på skjønn, men har rot i deira faglege kompetanse. Skjønn kan forklarast som ein person si makt til å velje mellom to eller fleir legitime handlingsalternativ. Desse handlingane er relatert til forståinga av ein bestemd situasjon, der ein prioriterer handlingar eller vurderingar som blir oppfatta som mest moralsk riktig i den gitte situasjonen (Pabst 2016: 168 - 169). I tillegg til deira faglege kompetanse kan dei nytte seg av handgripelege verktøy som til eksempel dokumentasjon. Det vil seie dokumentasjon på sal og kjøp, eksportløyve og ein klar oversikt over eigarskapshistorikken. Men denne typen dokumentasjon blir ofte forfalska (Ingvaldsen 2011: 49). I tilfelle det skulle oppstå tvil om dokumenta er autentiske eller ikkje, har KHM ikkje anna enn sin eigen kompetanse å lene seg på, slik sitatet ovanfor tyder på. Det er i slike tilfelle at dei tilsette må utvise skjønn, og det er deira ekspertise innanfor feltet som gjer dei i stand til å gjere gode skjønnsmessige vurderingar.

Det er altså Kulturhistorisk Museum i Oslo som har det overordna ansvaret. Sjølv om det kanskje finns kunnskap og kompetanse ved andre institusjonar som kan ramle over gjenstandsmateriale med uviss proveniens, vert det likevel delegert til KHM, då dei er vedtaksinstitusjon i kraft av si ekspertise. Dette er også i tråd med Norsk ICOM sine retningslinjer.

4.3.2 Drøfting av funn

Museumstilsette er ekspertar i kraft av deira spesialiserte utdanning og praktiske erfaringar, men også i kraft av institusjonen sin autoritet. Kvifor er ekspertrolla viktig i samband med

provenienslause gjenstandar? Funna mine peikar på at museumstilsette si ekspertise har to sentrale funksjonar. Den første funksjonen er KHM si rolle som sakkyndig institusjon for politi- og tollvesenet i samband med kulturminnekriminalitet. Dei er avhengige av KHM sin kompetanse, då dette er eit felt der dei sjølv ikkje har tilstrekkeleg innsikt innanfor deira egne institusjonar.

Den andre funksjonen av museumstilsette sin ekspertise kjem til syne i tilfelle der, til dømes, lov- og regelverk ikkje strekk til, eller der handgripelege verktøy si form av dokumentasjon på sal og kjøp, eksportløyve og ein klar oversikt over eigarskapshistorikken til kulturminnegjenstandar har blitt forfalska. Musea, og museumsprofesjonen, har ein eigeninteresse i at dei tilsette følger retningslinjer som fører til mindre bruk av skjønn og sikrar profesjonell framferd, men dette er dessverre ikkje alltid ein moglegheit. Det er avgjerande at museumstilsette har høve til å gjere egne vurderingar som er basert på kunnskap og erfaring, då ulike tilfelle krev ulike tilnærmingar. Dette medfører eit behov for handlingsrom til å kunne foreta avgjerder som blir vurdert som best ut frå ein kvar situasjon (Pabst 2016: 167 – 168). Her er museumstilsette sin evne til å foreta gode skjønnsmessige vurderingar avgjerande.

Museumstilsette er ekspertar i kraft av deira spesialiserte utdanning og deira praktiske erfaringar. Kompleksiteten av arbeidsoppgåvene deira krev at dei må kunne utøve skjønn for å utføre dei. Dette skjønnnet må basere seg på ei kombinasjon av etiske vurderingar utført med rot i deira utdanning og erfaringsbaserte kunnskap, der deira ekspertise gjer dei i stand til å utvise skjønn på kompetent vis. Dette gir museumstilsette ein særskild autonomi og autoritet som, i mi meining, er eit avgjerande element i norske kulturhistoriske museum si handtering av provenienslause gjenstandar. Eg ser dette som eit uttrykk for praktisk applikasjon av konsekvensetikk. Om dette handlingsrommet ikkje hadde eksistert, hadde musea si handtering av provenienslause gjenstandar vert utelukkande styrt av rigide byråkratiske pliktetiske tolkingar av lov- og regelverk som er sårbare for utnytting og omgåing. I fråværet av museumstilsette si evne og høve til å foreta skjønnsmessige vurderingar, kunne Noreg lett ha blitt eit transittland for provenienslause gjenstandar.

4.4 Konkrete erfaringar

I denne delen av kapittelet skal eg vise til spesifikke døme som illustrerer dei problemstillingane informantane har støtt på i kraft av sitt virke. Døma syner korleis dei handterer førespurnadar knytt til nye inntak av gjenstandsmateriale, og korleis dei gjer skjønnsvurderingar i samband med desse. Døma syner også litt ulike perspektiv, då informantane er tilsett ved forskjellige avdelingar, og tilknytt to ulike museum.

Informant nummer ein er antropolog, og representerer den etnografiske samlinga ved Universitetsmuseet i Bergen. Informant nummer to er arkeolog, og representerer den kulturhistoriske samlinga ved Universitetsmuseet i Bergen. Informant nummer tre er tilsett ved avdeling for samlingsforvaltning ved Universitetsmuseet i Bergen. Informant nummer fire er tilsett ved Avdeling for numismatikk og klassisk arkeologi hjå Kulturhistorisk museum i Oslo. Totalt sett gir deira erfaringar og vitnesbyrd eit godt innblikk i korleis kulturhistoriske museum i Noreg handsamar problematikk knytt til provenienslause gjenstandar.

4.4.1 Etnografiske gjenstandar frå loft og kjellar

Det første døme omhandlar etnografisk materiale, og hamnar dermed litt utanfor problemstillinga mi. Eg har likevel valt å ta det med, då det syner forskjellen i praksis mellom handtering av etnografiske gjenstandar og andre kulturminnegjenstandar. Informant nummer ein fortel at dei etnografiske samlingane ved universitetsmuseet i Bergen regelmessig får tilbod om gåver og førespurnadar om å identifisere eller verdivurdere etnografiske gjenstandar.:

«Folk kjem til oss, sånn regelmessig, og tilbyr oss gjenstandar. Det er på ein måte to typar henvendingar. Dei kjem til oss og tilbyr oss gjenstandar som ein eller anna bestefar har hatt liggande på loftet, eller eit eller anna, som no er daud, og som dei må bli kvitt. Eller nokre kjem og ber oss om... dei trur liksom at me kan gi dei eit slags stempel av autensitet eller verdi. Så dei kjem til oss og spør oss: «Eg har nokre gjenstandar frå Andesfjella», på ein måte. Og så spør dei oss om me kan vurdere verdien på dei, eller... Det er stort sett det folk er opptatt av, verdi. Sant? Så, det har me litt ut av.» (Informant 1, 2019)

Informanten seier ikkje noko meir om dei faktisk identifiserer, eller gjer verdivurderingar av gjenstandar som publikum kjem med, men punkt 5.1 og 5.2 i ICOM sine etiske retningslinjer

omtalar identifisering og verdivurderingar av gjenstandar som er tileigna på urettmessig eller ulovleg vis, utan å eksplisitt forby praksisen. Det står at om museet utfører verifiseringstenestar, må det ikkje opptre slik at det kan oppfattast som at dei har noko fordel av det, og at resultatet av identifiseringa ikkje kan publiserast før rette myndigheit har blitt varsla. Og punkt 5.2 slår fast at museum berre skal anslå pengeverdi etter offisiell oppfordring frå andre museum, eller kompetent juridisk, statleg eller anna ansvarleg offentleg myndigheit (Norsk ICOM 2022). Sett i samanheng med det informanten fortel vidare, les eg derimot mellom linjene at det i dei fleste tilfelle ikkje er aktuelt å gje ei offisiell verdivurdering eller identifisering. Og at det som regel heller ikkje ville ha vært problematisk om dei hadde gjort det, då det ikkje er snakk om gjenstandar ein mistenker at er uført frå sitt opphavsland etter 1970. Informant nummer ein fortel vidare at:

«Me har ein policy no på at, om folk kjem og tilbyr oss gjenstandar, så ser me på dei. Og så prøver me å tenke om dette kan ha noko verdi i forhold til samlingane våre. Ofte er det mykje souvenir-type ting. Sant. Altså turistgjenstander. Det kan jo vere interessant. Og ein gjenstand kan jo ha verdi i seg sjølv.» (Informant 1, 2019)

Eg opplev denne haldninga som noko meir avslappa enn det me skal sjå litt seinare i kapitlet. Det er verdt å merke seg at denne policyen som ein praktiserer ved dei etnografiske samlingane skil seg frå den generelle policyen som blir praktisert ved dei kulturhistoriske samlingane, der haldninga er fullstendig motsett. Dette skuldast truleg at den illegale marknaden for etnografisk materiale ikkje er like stor, og så mykje omtala, som den illegale marknaden for gjenstandar frå oldtida og antikken. Det er heller ikkje like mykje problem knytt til proveniens. Dette skuldast mellom anna at det ofte er snakk om ting som har sitt opphav nærmare vår eiga samtid, og difor ikkje er underlagt eit like strengt lovverk. Under intervjuet bit eg meg merke i at informanten fortel at ein gjenstand kan ha verdi i seg sjølv. Eg spør difor: Tenker du då forskingsverdi, eller formidlingsverdi? Og informant nummer ein svarar:

«Nei, altså, forskingsverdi er jo så som så, fordi antropologifaget har gått litt vekk frå å fokusere på gjenstandar. Men ein verdi sånn utstillingsmessig, formidlingsmessig? Så om me føler at dette er noko me kan bruke til noko, innanfor ein eller anna tematikk, så tar me imot det. Men det er aldri snakk om å betale noko for det. Og då er det liksom at me på ein måte vurderer sånn regionalt og, at me veit at dette ikkje er noko problematisk. Problematisk gjenstandar. Altså at det ikkje er nokre «human

remains», eller at det ikkje er nokre gamle arkeologiske gjenstandar beskytta av ein eller anna lov om utføring, sant.» (Informant 1, 2019)

Her blir det klart at det er snakk om gjenstandar som har formidlingsverdi, og som kan nyttast i samband med undervisning og formidling. Punkt 2.8, 6.5 og 6.7. ICOM sine etiske retningslinjer gir musea høve til å ta inn og nytte seg av denne typen gjenstandar. Punkt 4.5 presiserer likevel at musea ikkje kan formidle gjenstandar med tvilsam eller manglande proveniens, då det kan gi inntrykk av at museet godtar og støttar ulovleg handel med kulturgods (Norsk ICOM 2022). Heldigvis betalar dei aldri for gjenstandar, og oppfordrar dermed ikkje til handel med kulturgjenstandar av noko slag, verken direkte eller indirekte. Det at informanten omtalar arkeologiske gjenstandar og menneskelege leivningar som «problematiske gjenstandar», tyder på ei viss kjennskap til problematikken med provenienslause gjenstandar:

«Viss det er problematiske ting, ting som me ikkje har greie på, eller som me føler er litt i randssona, på ein måte, så pleier eg å berre skrive til de at; «Den henvendinga bør dykk senda til det nasjonalmuseet i det landet disse gjenstandane kom frå». Sånn at om det er frå Peru, så anbefaler eg dei å berre gå til det nasjonalmuseet med den henvendinga. Å få det vurdert for eksempel, eller å få dei... om dei vil donere det til eit museum, så bør dei til gå til nasjonalmuseet i det landet, på ein måte. Så det er liksom vår, vår policy på det. Så me tar aldri imot, eller betalar for gjenstandar eigentleg i det heile tatt.» (Informant 1, 2019)

Museum kan med andre ord unntaksvis finne på å ta imot antropologisk gjenstandsmateriale, om dei ser ein potensiell formidlingsverdi i det. Antropologisk gjenstandsmateriale, som ofte er frå nyare tid, ikkje er omfatta av det same reguleringsregime som arkeologisk gjenstandsmateriale og menneskelege leivningar. Unntaket er gjenstandar frå før år 1900, som er regulert etter *kulturminnelova*. Desse fell då under KHM sin jurisdiksjon, i kraft av deira stilling som vedtaksinstitusjon (Forskrift om utførsel og innførsel av kulturgjenstander, 2007: §6). Dette gjeld også i tvilstilfelle, så praksisen burde vera å setje folk med slike problematiske gjenstandar i kontakt med KHM, ikkje nasjonalmuseet i det antekne opphavslandet til gjenstanden.

4.4.2 Steinreiskaper frå basaren

Det andre eksempelet er frå kulturhistoriske samlingane ved universitetsmuseet i Bergen, der informant nummer to fortel om ein situasjon der dei fekk tilbod om nokre provenienslause steinreiskaper av Nordafrikansk opphav:

«Me hadde ein kar som kom i resepsjonen på museet og hadde ein del steinreiskapar som han ville gi til museet. Dei viste seg å vera frå Nord-Afrika. Husker ikkje heilt om de var Marokko eller Tunisia, eller eit eller anna. Eg trur det var Marokko. Dei hadde han openbart kjøpt, ja, i Marokko. Det er eg ganske sikker på at det var Marokko. Dei var me ikkje interessert i.» (Informant 2, 2019)

Informanten fortel at museet ikkje var interessert i å ta imot desse gjenstandane, då deira opphav ikkje kunne dokumenterast i det heile tatt. Dette er eit viktig funn i seg sjølv, då det syner at informanten handla i tråd punkt 2.2, 2.3 og 2.4 i ICOM sine etiske retningslinjer. Det var ikkje mogleg å fastslå at det eksisterte noko juridisk eigendomsrett til objekta, og dermed har ikkje museet heimel til å erverve dei. Informanten utviste aktsemd, og praktiserte eit såkalla «føre var»-prinsipp, då dei ikkje kunne fastslå proveniensen til objekta. Det var dermed grunn til å tru at desse steinreiskapane var tileigna og utført ulovleg frå sitt opphavsland, og at dei truleg stamma frå ulovleg feltarbeid som ikkje var forskingsbasert. Informant nummer to fortel vidare:

«Han hadde ingen dokumentasjon. Han hadde sikkert kjøpt dei i basaren i Marrakech. Eller eit eller anna, og... Ja. Me ønsker jo ikkje å stimulere til at folk skal kjøpe ting. Sånn sett. Så det var eit heilt sånn konkret eksempel på... Han ønska å gi det til oss, men vi ønska ikkje å ta det imot.» (Informant 2, 2019)

Sjølv om gjenstandsmaterialet kanskje kunne ha ein viss verdi for museet, og det vart tilbydt fullstendig vederlagsfritt, valde museet likevel å takke nei, då dei ikkje ynskjer å oppfordre til handel med den typen gjenstandar, verken direkte eller indirekte. Dette vitnar om kjennskap til dei destruktive konsekvensane av ulovleg handel med provenienslause gjenstandar, og at den ulovlege antikvitetsmarknaden skaper etterspurnad etter arkeologisk gjenstandsmateriale, som igjen motiverer til ulovleg feltarbeid.

Eg spør informant nummer to om kva handlingsrom dei har i tilfelle der dei får tilbod om denne typen mistenkelege gjenstandar, ting som det er rimeleg å anta at er stammar frå

ulovleg feltarbeid, er ulovleg omsett og/eller eksportert og liknande. Kva tiltak kan dei setja i gong? Kan dei ta beslag i gjenstandane, eller ringe politiet? Og gjer dei det? Svaret eg får er noko vagt, og grensar til unnvikande:

«Ja, men eg tenker det er nok ikkje... Altså, det er nok ikkje i den rekkefølga det kjem. Fordi det er jo sjeldan at me får tilbod om... I alle fall som eg kjenner til, frå mi erfaring, å få gjenstandar til museet. Mens det er oftare at politi skråstrek tollmyndigheiter oppdagar gjenstandar som er forsøkt innført til landet. Og då er det... Og det er stort sett på Gardemoen det skjer, og då er det kulturhistorisk museum som har det overnasjonale ansvaret for akkurat det. For import og eksport av kulturgjenstander. Det er delegert nasjonalt til kulturhistorisk museum. Der er det kanskje nokon du kan snakke med: [informant nummer fire].» (Informant 2, 2019)

Informanten gir inntrykka av at det ikkje er museet si rolle å beslaglegge gjenstandar og tilkalle politiet i tilfelle der gjenstandane allereie er komne inn i landet. Det har dei heller ikkje noko heimel i lova til å gjere. Her må det presiserast at intervjuet vart gjennomført hausten 2019, lenge før Norsk ICOM publiserte sine presiseringar til dei etiske retningslinjene. Presisering nummer VI. slår nemleg fast at museumstilsette har varslingsplikt til *rette myndigheiter* i tilfelle der dei mistenker kulturminnekriminalitet (ICOM Norge 2022). Det er heller ingenting i intervjumaterialet mitt som tyder på at museum har bruka å kontakte politi og tollvesen i samband med publikumspørsmål kring provenienslause gjenstandar.

Det er i alle fall tydeleg at det ikkje er innarbeida noko rutinar for dette ved universitetsmuseet i Bergen. Denne typen situasjonar oppstår tilsynelatande relativt sjeldan, og det er kanskje difor det ikkje har blitt publisert noko tydeleg policy kring dette. Informanten fortel at det er politiet eller tollvesenet som vanlegvis handsamast med denne typen kulturminnekriminalitet idet provenienslause gjenstandar kryssar grensa, og at dei då tek kontakt med KHM, som er vedtaksinstitusjon og har det overnasjonale ansvaret i tilfelle der ein mistenker kulturminnekriminalitet.

4.4.3 Den italienske mynten

Informant nummer tre fortel også at dei innimellom vert tilbydde gjenstandar som manglar klar og tydeleg proveniens, og skildrar ein situasjon der dei vart kontakta av ei dame som

hadde tatt med seg ein antikk mynt frå Italia. I likskap med situasjonen informant nummer to skildra, vart det ikkje framlagt dokumentasjon av noko slag i dette tilfelle heller:

«(...) Men det er klart at me får jo frå tid til anna publikumsførespurnadar sånn der... Som er ganske sånn... Kva var det me hadde nå igjen? Som hadde ein mynt frå 15-/16-hundretallet som ho hadde funne i Italia. Altså litt sånn der, ikkje sant borderline i forhold til dette der... Nå har me heldigvis ikkje nokre numismatikarar som jobbar hjå oss, så ho vart henvist til Oslo, som me då håpar at ho tek kontakt med, fordi dei vil då umiddelbart seie til henne då at ho skal ta med seg mynten. Om ho finn myntar i Italia, så skal ikkje ho ta dei med seg heim. Men akkurat kor grensa går tidsmessig der, det veit eg faktisk ikkje. Altså sånn i forhold til kva lovar dei har. Eg hadde kanskje berre tenkt... Du skal ikkje ta med deg ting, med mindre du kan vise til... Altså det er jo andre land der du har moglegheiter til å kjøpe kulturminne, sant. Men då får du sertifikat og alt mogleg rart. Men den der var litt sånn... Ja... Me sendte henne vidare til numismatikaren i Oslo, i forhold til at dei skulle svara henne vidare på den henvendinga.» (Informant 3, 2019)

Dama med mynten vart beden om å ta kontakt med KHM, men det er uvisst om ho faktisk gjorde det. Då tenker eg at faren er stor for at mynten berre vart lagt tilbake i ei skuff igjen og gløymd. Då kan ein jo hevde at det same truleg hadde skjedd om ho faktisk hadde tatt kontakt med KHM, men då i ei skuff på eit norsk eller italiensk museum, og ikkje ei privat ei. Mynten var også såpass moderne at den truleg ville hatt lite vitskapleg verdi, spesielt utan kontekst. Dette kan ein jo dessverre ikkje vite heilt sikkert med mindre den har blitt undersøkt av ein numismatikar eller arkeolog. Prioritering av tid og resursar er nok også ein faktor påverka avgjerda om å sende dama med mynten vidare til KHM, då det er resurskrevjande å mobilisere politi og tollvesen.

« (...) Om det hadde vært ein sak der me visste at ho hadde begått miljøkriminalitet, så hadde me nok reagert. Då hadde me nok blitt nødt til å diskutere det internt her: Korleis går me fram når me får den type henvending, sant? Men eg ville i utgangspunktet då kontakta KHM for å høyre... Men... Eg husker ikkje helt kva henvendinga gjekk ut på, men det var eit eller annet om at hun hadde ein eller anna mynt som var... Eg synst den var litt sånn... Ja... Og da kjenner eg ikkje regelverket nok til å kunne reagere... Og samtidig, kva gjer du? Skal du sei til henne at den der skulle ikkje du hatt? Da må eg i alle fall sjekke det ut først, at det er helt sikkert at ho

ikkje skal ha den. Så noko aktiv rolle vil eg ikkje si at me har. Men at me har ein vissleik på at ting kan dukka opp og ting skjer, det har me definitivt. Så... Men nei, det der at me har såpass lite befatning med det... At vi, ja...» (Informant 3, 2019)

Også her er det tydeleg at det manglar handfaste rutinar for å handtere denne typen førespurnadar. Her vitnar informanten om at ho ikkje har nok informasjon til å fatte ei aksjonell avgjerd, og lar dama med mynten gå. Informanten fortel at det er ein viss vissleik på museet om at det frå tid til annan kan dukke opp førespurnadar knytt til provenienslause gjenstandar, men at dei ikkje alltid har god nok oversikt til å komme med handfaste anbefalingar og råd, ut over det å delegere ansvaret til KHM.

4.4.4 Erfaringar frå KHM

Kulturhistorisk museum i Oslo er nasjonal vedtaksinstitusjon for eksport av arkeologiske og etnografiske gjenstandar, og sakkyndig i saker der det er mistanke om ulovleg import av kulturminne. Det betyr dei handterer søknadar om utføring av kulturgjenstandar, tilbyr sin ekspertise til politi og tollvesenet i tilfelle der dei handterer sakar knytt til kulturminnekriminalitet. Ein kan med andre ord trygt påstå at KHM er den øvste autoriteten på provenienslause gjenstandar her i landet. Difor er det ikkje overraskande å høyre at informant nummer fire fortel at dei opplevd fleire episodar der folk har kome på døra deira med provenienslause gjenstandar:

«Ja, me hadde eit ganske stort forsøk for ein ti års tid sidan, så var det nokre år der det var ganske mykje pågang frå folk som, eg veit ikkje om det var migrantar eller flyktingar eller om dei var tilreisande eller kvifor dei var i Norge. Men dei hadde ofte opphav i Midtausten, Nord-Afrika. Og dei hadde gjenstandar med seg. Ofte samansurium av meire sånne suvenirliknande moderne kopiar, men også ekte gjenstandar frå antikken særleg, som dei brakte til museet for å få bestemt, og eventuelt også for å få oss til å kjøpe dei då. Det var såpass ille ei stund at det var faktisk eit par ubehagelege episodar, der det var gjentatte forsøk på å... Ja, om dei vart avvist av ein kollega på museet, så gjekk dei på andre helt systematisk liksom for å prøve å få napp.» (Informant 4, 2019)

Desse situasjonane blir framstilt som overlagte forsøk på å utføra kulturminnekriminalitet, då det påståtte motivet var å få museet til å autentisere gjenstandane for vidaresal, eller faktisk

selje gjenstandane direkte til museet. Personleg skulle eg gjerne ville tru at desse førespurnadane var gjort i god tru, men det faktumet at det vart gjort gjentatte forsøk vitnar openbart om det motsette. Dei tilsette opplevde situasjonane som ubehagelege, då desse aktørane var såpass pågåande, til tross for fleire avvisingar. Heldigvis bar ikkje forsøka deira frukt, men gjorde derimot at museet vart meir på vakt:

«Så me har høyna vissleiknivået internt, og informasjonen om dette internt på museet, og har ein veldig konkret politikk på det å avvise, eller korleis me svarte på desse tinga då. Om det var årsaka til at dette opphøyrd meir eller mindre, eller om andre ting har ført til at denne verksemda har avtatt, det veit me rett og slett ikkje. Men no er det sjeldnare at me får... No kjem det ein og anna på mail berre som sender ut noko, men ikkje folk som liksom oppsøker museet og skal vise fram gjenstandar lengre.»
(Informant 4, 2019)

Informant nummer fire er den einaste informanten som fortel at dei har ein handfast policy om å kontant avvise alle førespurnadar om å ta imot, kjøpe eller autentisere gjenstandsmateriale med uviss proveniens. Eg ser for meg at dette er eit direkte resultat av deira erfaringar, at dei rett og slett har blitt herda av gjentatte opplevingar. Kunnskapen dei har ved KHM er erfaringsbasert, og det er truleg det som skil dei frå andre institusjonar som til dømes Universitetsmuseet i Bergen. KMH har tufta sin policy, og sine rutinar, på erfaringane dei har gjort seg med gjentatte førespurnadar som rør ved provenienslause gjenstandar. Det sit i ryggmargen deira.

4.4.5. Drøfting av funn

Dei etnografiske samlingane får regelmessig tilbod om gjenstandar frå publikum, og har som policy at dei er opne for ideen om å innlemme dei i samlingane. Oftast er dette gjenstandar som dei ser for seg å nytte i samband med undervisning, formidling og liknande. Dette har dei då altså lov til, i følge punkt 2.8, 6.6 og 6.7 i ICOM sitt museumsetiske regelverk.

Når det kjem til arkeologisk materiale, slik som tilfella med steinreiskapane frå basaren i Marrakech og den italienske mynten, er reglane mykje strengare enn dei er i samband med etnografiske gjenstandar. Det heng til ein viss grad saman med at etnografiske gjenstandar ikkje er like utsett for kulturminnekriminalitet, og er heller ikkje underlagt dei same strenge føringane som andre typar kulturgjenstandar i kulturminnelova. Museumstilsette treng dermed

ikkje å praktisere eit like strengt «føre var»-prinsipp i samband med inntak. Dette synleggjer to forskjellige uttrykk av den same profesjons- og institusjonsmoralen, og at vurderingane som blir gjort i stor grad er situasjonstinga.

Ein antar oftare at arkeologisk gjenstandsmateriale, oldsaker og ting frå antikken som manglar ein klar og tydeleg proveniens har blitt utsett for ulovleg utgraving og omsetjing, då det finst eit større økonomisk insentiv i samband med omsetjing av denne typen gjenstandar. Alle publikumsførespurnadar som omhandlar denne typen gjenstandar blir dermed automatisk møtt med ein viss skepsis, og handterast med ein armlengds avstand. Informant nummer to fortel at museet si policy i slik tilfelle er å avvise alle slike førespurnadar. Denne policyen ser for meg ut til å vera basert på ICOM sine retningslinjer, og då spesielt punkt 2.2 som krev gyldig heimel i samband med inntak, punkt 2.3 som krev utvising av særskild aktsemd og plikt til å forsikre seg om at gjenstandar ikkje er ulovleg erverva i, eller ulovleg utført frå, opphavlandet og punkt 2.4 som forbyr museet å erverve gjenstandar som ein mistenker at kjem frå ulovleg feltarbeid og liknande.

Informant nummer tre gir intrykk av å vera litt mindre trygg enn informant nummer to på regelverk og policy kring inntak, og uttrykte tvil i samband med museet si handtering av situasjonen med den italienske mynten. Dette kjem truleg av at informant nummer to er arkeolog ved UiB, og har difor litt meir inngåande kunnskap om provenienslause gjenstandar enn informant nummer to, som jobbar i avdeling for samlingsforvaltning ved UiB.

Det er jo naturleg at det vil vera eit viss kunnskapssprik mellom, og innan i, avdelingane, men jamt over tyder intervjumaterialet at det finst eit visst behov for kunnskapsheving i samband med policy og rutinar knytt til handtering av provenienslause gjenstandar ved dei kulturhistoriske samlingane i Bergen. Ein handfast offisiell vedteken og publisert innsamlingspolicy vil truleg bidra til gjere dei tilsette tryggare i situasjonar der dei kjem i kontakt med provenienslause gjenstandar.

Informant to og tre gir likevel inntrykk av at dei har eit oppriktig ønske om å opptre korrekt, altså i tråd med den rådande profesjons- og institusjonsmoralen, i scenarioa dei skildrar. Eg påpeikar igjen at desse intervjuar, og dermed situasjonane som vart skildra, vart gjennomført før Norsk ICOM hadde publisert sin presiseringar til dei etiske retningslinjene. Mangelen på tydelege instruksar om å varsle dei rette myndigheitene i desse situasjonane der informantane

mistenkte ulovleg handel og innførsel, førte til at dei gjorde skjønsmessige vurderingar om å avvise førespurnadane, utan vidare oppfølging.

Dette syner tydeleg nytteverdien av museumstilsette sitt handlingsrom til å gjere skjønsmessige vurderingar. Slik eg ser det kan informant to og tre sine avgjerder tolkast som eit uttrykk for konsekvensetikk. Å avvise donasjonane utan å følgje dei vidare opp var rett og slett det handlingsalternativet som hadde størst nytteverdi for alle involverte partar, i den grad nytteverdi kan kvantifiserast. Manglande oppfølging gjer det vanskeleg å vite noko sikkert om konsekvensane av handlingane.

Funna mine tyder på at KHM har ein velutvikla institusjonsmoral som gjer dei i stand til å handtera publikumsførespurnadar knytt til provenienslause gjenstandar på ein konsekvent måte, og at denne institusjonsmoralen er basert på ein erfaringsbasert profesjonsmoral. Informant nummer fire fortel at dei har betra sine rutinar og oppdatert sin policy i samband med handtering av provenienslause gjenstandar i seinare tid. Dette er eit direkte resultat av gjentatte førespurnadar frå publikum om identifisering, overlevering og sal av provenienslause gjenstandar. Her var informanten tydeleg på at dei har intern policy og rutinar på å avvise alle slike førespurnadar kort og kontant. KHM har, i likskap med UM, ikkje publisert noko plan for samlingsforvaltning, rutinar eller policyar knytt til inntak. Deira institusjonsmoral ser for meg ut som den i stor grad er basert på taus kunnskap.

KHM er også vedtaksinstitusjon og har det overnasjonale ansvaret ved import og eksport av kulturgjenstandar, og har ansvar for å hjelpe politi og tollvesenet i deira handsaming av kulturminnekriminalitet. Ein har dermed belegg til å påstå at dei er den øvste autoriteten på feltet, og at det dermed er naturleg at dei er godt kjende med rutinar, retningslinjer og lovverket.

Den viktigaste skilnaden mellom erfaringane til informantane ved UM og informanten frå KHM, er korleis dei tolkar intensjonane bak henvendingane. Situasjonane med steinreisepane frå basaren i Marrakech og mynten frå Italia blir tolka som naive turistar som, utan vilje og vitande, har gjort seg skuldige i kulturminnekriminalitet ved å kjøpe suvenirar med ulovleg opphav. Desse førespurnadane er ikkje motivert av økonomisk vinning, men heller ei gammaldags oppfatning av museet som relikvarium, ein ukritisk samlar av historiske artfakt. Dei håpar at museet kan ha nytte av desse, og vil gjerne donere dei vederlagsfritt.

Informanten frå KHM skildrar den rake motsetninga, og opplev førespurnadar som motivert av økonomisk vinning. Det blir mala eit bilete av folk som vil selje, eller få evaluert, provenienslause gjenstandar. I mi vurdering er dette tilfelle som ville ha vært meir naturleg å vurdera å politimelde. Det ser likevel ikkje ut for at dette vart gjort, då informanten ikkje på noko vis antydar at dette er tilfelle. Her ligg kanskje feilen hjå meg, som ikkje spurte eksplisitt om dette. Eg vel likevel å anta at dette ikkje er tilfelle, då intervjuet vart gjennomført før publiseringa av Norsk ICOM sine presiseringar. Slik eg ser det vart påbodet om å melde frå til rette myndigheit innlemma i presiseringa nettopp fordi oppfølging av publikummarar som kjem med gjenstandsmateriale som ein mistenker har ulovleg opphav ikkje har vært vanleg praksis.

Norsk ICOM si presisering av det museumsetiske regelverket inneheld eit påbod om varslingsplikt ved mistanke om ulovleg handel, utførsel, innførsel eller eigarskap av kulturminnegjenstandar. Tollvesen, Økokrim, miljøkrimeininga i politidistrikta, fylka og relevant vedtaksmuseum blir foreslått som aktuelle instansar. Kva inneber dette, og kan ein vurdere andre typar oppfølging? Det kan diskuterast om det er konstruktivt å kontakte politi og tollvesenet i slike situasjonar som informantane skildrar, då det kanskje vil føre til at personar som sit på gjenstandar med uviss proveniens ikkje vil ta kontakt med museet i det heile tatt i frykt for juridiske represalier. Kva skjer då med desse gjenstandane? Vil dei då bli avhenda på anna vis? Det kan tenkast at dei då vil kunne bli gøymde vekk, selde på den opne marknaden eller til og med destruert.

Hendinga med den italienske mynten kunne kanskje ha blitt fylgt opp om dei hadde loggført den i eit eller anna register før dei let ho gå. Museet kunne til dømes ha tatt personalia og dokumentert gjenstanden med eit par bilete og ei kort skildring, og så rapportert vidare til KHM. Dette er mindre inngripande og alvorleg enn å konfiskere gjenstandar og melde det til politiet. I ei perfekt verd ville ein kunne hatt amnesti for folk som sit på provenienslaust gjenstandsmateriale, der dei kunne levere det inn til museet, eller andre institusjonar, utan frykt for represalier. Litt som når politiet frå tid til annan innfører våpenamnesti, der ein kan levera inn ulovlege skytevåpen utan å risikere straff.

Om musea hadde teke imot gjenstandane for oppbevaring og kontakta dei rette myndigheitene ville det truleg ha kravd ein del resursar, i form av kommunikasjon på tvers av institusjonar, papirarbeid og oppbevaring i siste instans. Her finst det eit tydeleg behov for tydelege rutinar

kring oppfølging og varsling. Då Kulturdepartementet er regeleigar på saksfeltet, skulle ein tru at dette er deira ansvar.

5 Avslutning

Formålet med denne oppgåva var å undersøke korleis kulturhistoriske museum i Noreg forholder seg til gjenstandsmateriale med uvisst proveniens i samband med inntak.

Problemstillinga let slik:

«Korleis handsamast kulturhistoriske museum i Noreg med provenienslause gjenstandar i samband med nye inntak?»

For å lettare utforme og tematisere undersøkinga mi, har eg delt problemstillinga mi opp i to underspørsmål. Dei let slik:

- 1. Kva juridiske og institusjonelle rammeverk opererer museumstilsette ved dei kulturhistoriske samlingane innanfor når dei skal handtere provenienslause gjenstandar?*
- 2. Kor godt budde er kulturhistoriske museum i Noreg til å handtere gjenstandsmateriale med manglande, uvisst eller illegal proveniens, og korleis gjer dei det?*

5.1 Oppsummering

Problemstillinga er overraskande kompleks til tross for at den er tilsynelatande enkel. Eg nytta meg av kvalitative intervju med fire forskjellige tilsette ved to av dei kulturhistoriske musea me har her i landet for å finne svar på problemstillinga mi. Informant nummer ein, to og tre var tilsette ved Universitetsmuseet i Bergen, og informant nummer fire var tilsett ved Kulturhistorisk museum i Oslo. Det transkriberte intervjumaterialet vart så sett opp mot lovverk, regelverk, retningslinjer og rutinar. Deretter vart intervjumaterialet transkriberte, koda og, organisert under fire tema: *Norsk implementering av lov, regelverk og rutinar, Kunnskap og kompetanse, Ekspertrolla og Døme*. Desse tema gav også namn til dei ulike delane av analysekapittelet mitt.

5.1.1 Lovar, konvensjonar, retningslinjer og regelverk

Dei første to delane tek for seg dei juridiske og institusjonelle rammeverka som museumstilsette må forholde seg til. Med juridiske og institusjonelle rammeverk siktar eg her til nasjonale og internasjonale lov- og avtaleverk, regelverk, retningslinjer, rutinar og policy. I

første del av analysekapittelet; *6.1 Norsk implementering av lov, regelverk og rutinar*, tok eg først for meg nasjonale lover og internasjonale lover og traktatar som norske museum må innordne seg etter i samband med provenienslause gjenstandar, deretter regelverk og retningslinjer, før eg såg policy, og så til slutt rutinar, knytt til inntak. Drøftinga bestod her i stor grad av ein kombinasjon av nærlesing av lovverk, regelverk og rutinar for inntak av gjenstandar, som så vart sett opp mot dei transkriberte intervjua. Her kom eg fram til at det er den norske *kulturminnelova* som utgjer det overordna juridiske rammeverket for kulturhistoriske museum i Noreg.

Kulturminnelova er i stor grad tufta på prinsipp nedfelt i ei rekke internasjonale konvensjonar. Fleire av desse har påverka den nasjonale lovgivinga knytt til provenienslause gjenstandar. Blant dei viktigaste av desse er: *Unidroit-konvensjonen om stjålne eller ulovlig utførte kulturgjenstandar*, og *UNESCO-konvensjonen av 1970 om tiltak for å forby og forhindra import og eksport av kulturgjenstandar og ulovleg overføring av eigendomsrett til kulturgjenstandar*, samt *Haag-konvensjonen av 1954 om vern av kulturarv i krig*. ICOM sitt museumsetiske regelverk krev også at desse konvensjonane må overhaldast av alle museum som er tilknytt ICOM. Samanlagt gir dette eit godt overlapp mellom regelverk og retningslinjer, og lov- og avtaleverk, slik at ein unngår tvityde og smotthol.

Vidare kom eg fram til at det er nettopp ICOM sitt museumsetiske regelverk som er det gjeldande for dei kulturhistoriske musea i Noreg, då dei er tilslutta ICOM. Dette er universale retningslinjer som er uforma sentralt innanfor den internasjonale museumsorganisasjonen ICOM, og er gjeldande for alle museum som er tilslutta organisasjonen. Desse retningslinjene legg tydelege føringa for korleis museumstilsette skal handtere provenienslause gjenstandar. Hovudtrekka i desse føringane går ut på at musea og deira tilsette har påbod om å utvisa stor aktsemd i møte med provenienslause gjenstandar, og skal ikkje ta imot gjenstandar med uviss proveniens, eller som ein mistenker er ulovleg utført frå sitt opphavslend, omsett ulovleg eller kjem frå ulovlege arkeologiske utgravingar. Dei har heller ikkje lov til å autentisere eller taksere denne typen gjenstandar for privatpersonar. Regelverket er utforma slik fordi ein ikkje ønsker at musea på noko som helst vis skal bidra til å forverre den problematiske situasjonen kring provenienslause gjenstandar.

Det vert klart for meg i løpet av forskingsprosessen at dei kulturhistoriske musea ikkje lengre samlar på same vis som dei gjorde fram til første halvdel av førre århundre. Delvis grunna dei økonomiske og praktiske omstenda, men hovudsakleg med omsyn til dei etiske utfordringane.

Samlingane ved dei kulturhistoriske musea vert omtala som forskingsstyrte, eller «sovande samlingar». Dette kan kanskje skuldast ei generell dreining i fokuset frå samling til forskning og formidling ved musea, kombinert med fulle magasin og manglande resursar til å forvalte eksisterande samlingar. Reint praktisk er kulturhistoriske museum si innsamlingspolicy prega av deira lovpålagde plikt til å ta imot arkeologisk gjenstandsmateriale, gjerne i form av arkeologisk gjenstandar frå lokale utgravingar, lausfunn og liknande som kjem inn via fylkeskommunane.

Det kom også fram at det ikkje eksisterer noko tydeleg einsarta offentleg policy kring provenienslause gjenstandar ved musea. Rutinane for inntak er prega av ein mangel på eit tydeleg overordna rammeverk. Likevel ser det ut til at informantane mine handlar i tråd med ICOM sitt museumsetiske regelverk, og forhold seg til gjeldande lov- og avtaleverk i når det kjem til provenienslause gjenstandar, og at dette trer fram som ein del av ein uoffisiell policy.

SPECTRUM vart anbefalt som standard for samlingsforvaltning av Kulturrådet så tidleg som 2014, då SPECTRUM er utvikla for å etterleve ICOM sitt museumsetiske regelverk og harmonerer med nasjonalt og internasjonalt lovverk. KHM og UB har i praksis har implementert SPECTRUM-rutinane som standard for samlingsforvaltning, i tråd med kulturrådet si anbefaling.

Likevel har norske museum lenge ønska seg eit felles sett med universale standardiserte rutinar, reglar og retningslinjer. Universitetsmusea samarbeida i ein periode om eit felles kvalitetssystem for samlingsforvaltning i samband med MUSIT. Slik eg forstår det vart dette samarbeidet avslutta i 2021, då MUSIT vart fasa ut, og ansvaret for å etablere system for samlingsforvaltning og innsamlingspolicy vart overført til dei individuelle musea (Norendal 2021).

Stortingsmeldinga St.meld. nr. 23 (2020–2021) *Musea i samfunnet Tillit, ting og tid* anbefalte at arbeidet med felles forvaltningssystem blir vidareført i framtida, då retningslinjer, rettleiingar og standardar tilpassa norske tilhøve har betra arbeidet med samlingsforvaltning og ført til meir uniform praksis på tvers av dei forskjellige musea. Den same stortingsmeldinga foreslår også at Norsk ICOM sine etiske retningslinjer kan nyttast til å utarbeide ein felles rettleiar for musea i samband med handtering av provenienslause gjenstandar. Slik eg ser det, peikar alt i retning av at det er SPECTRUM-rutinane som er det rådande rammeverket for inntaksrutinar, og at all policy knytt til inntak og provenienslause gjenstandar er basert på ICOM sitt museumsetiske regelverk og Kulturminnelova.

5.1.2 Kunnskap, kompetanse og ekspertise

Formålet med det andre underspørsmålet i problemstillinga mi var å undersøke kva kunnskap og kompetanse kring provenienslause gjenstandar som finst blant dei tilsette ved dei kulturhistoriske musea, og korleis denne kunnskapen og kompetansen vert nytta.

Underspørsmål nummer to let dermed slik: «*Kor godt budde er kulturhistoriske museum i Noreg til å handtere gjenstandsmateriale med manglande, uviss eller illegal proveniens, og korleis gjer dei det?*»

Med andre ord: Kor godt kjenner museumstilsette til problematikken kring provenienslause gjenstandar, og kor godt kjenner dei til lovar, retningslinjer og rutinar knytt til handtering av denne typen gjenstandar?

Andre del av analysekapittelet fekk dermed tittelen: *Kunnskap og kompetanse*, der eg gjorde greie for kunnskapsgrunnlaget, og formal- og realkompetansen til dei tilsette ved kulturhistoriske museum. Her kom eg fram til at kjennskap til problema knytt til provenienslause gjenstandar ikkje utan vidare inngår i utdanninga til alle som jobbar ved dei relevante museumsinstitusjonane, men at dei støyter på problematikken i kraft av sitt verv og gjennom fagmiljøet ved musea. Relevant kunnskap og kompetanse er oftast erfaringsbasert, og ikkje alltid formalisert gjennom utdanning, kursing og liknande.

Intervjumaterialet tyder på at dei tilsette ved kulturhistoriske museum for det meste har god kjennskap til lovar og retningsliner som regulerer handtering av provenienslause gjenstandar, sjølv om det naturlegvis finst noko kunnskapsspråk enkelte plassar. I tillegg kjem det fram at det finst eit aktiv og vakent fagmiljø ved universitetsmusea, der museumstilsette kan søke råd og utveksle erfaringar på tvers av institusjonane. Dette kan i mange tilfelle vege opp for eventuelle hol i kunnskap og kompetanse. Innføring av eit felles kvalitetssystem, og standardisering av rutinar, regelverk og retningslinjer vil truleg også hjelpe til med å tette desse hola.

I tredje del av analysekapittelet; *Ekspertrolla*, tok eg for meg korleis museumstilsette nyttar deira kunnskap og kompetanse i si rolle som ekspertar. Her fortel informantane at det er hjå Kulturhistorisk Museum i Oslo at ein finn den reelle ekspertisen, då dei har det overnasjonale ansvaret for sakar som omhandlar provenienslause gjenstandar. Dei er også vedtaksinstitusjon, med overnasjonalt ansvar for å tildela eksportløyve for kulturgjenstandar, og er kontaktpunkt for politi og tollvesenet i sakar knytt til kulturminnekriminalitet.

Ekspertvurderingane deira er basert på skjønn, med har rot i deira faglege kompetanse. Deira vurderingar blir også underbygde med handgripelege verktøy som dokumentasjon på sal og kjøp, eksportløyve og helst ein klar oversikt over eigarskapshistorikken til gjenstanden. I tilfelle der det er grunn til å tvile på om dokumentasjonen er autentisk, er det ofte skjønnsmessige vurderingar som ligg til grunn når dei skal fatte eit vedtak. Til tross for at det finst ein viss grad av kunnskap og kompetanse hjå andre institusjonar, er det likevel vanleg å delegere sakar knytt til kulturminnekriminalitet til KHM.

Siste del av analysekapittelet fekk tittelen: *Konkrete erfaringar*. Der viser eg til spesifikke døme som støttar funna i eg har gjort i resten av analysekapittelet. Desse døma er basert på informantane sine utsegn, og syner korleis museumstilsette handterer førespurnadar knytt til donasjon, sal, identifisering og taksering av provenienslause gjenstandar. Her kjem det fram litt ulike perspektiv, men argumentasjonsrekka og dei logiske slutningane som informantane gjer liknar stort sett på kvarandre.

Dei etnografiske samlingane ved universitetsmuseet i Bergen si tilnærming til gjenstandsdonasjon skil seg derimot ut. Informant nummer ein fortel at dei etnografiske samlingane tidvis tek imot donasjonar frå publikum, men kjøper likevel aldri noko. Dette er tillate i samhøve med rammene som er gitt i ICOM sitt museumsetiske regelverk, då etnografisk gjenstandsmateriale generelt sett ikkje er underlagt eit like strengt reguleringsregime som arkeologisk gjenstandsmateriale. Etnografiske gjenstandar er heller ikkje utsett for kulturminnekriminalitet i like stor grad som arkeologisk gjenstandsmateriale, og er i dei fleste tilfelle ikkje underlagt eit like strengt lovverk.

Dei andre informantane viser til ein policy som verkar vara basert på ICOM sitt museumsetiske regelverk, der dei praktiserer eit strengt «føre var»-prinsipp. Alle førespurnadar som involverar donasjon, sal, identifisering og taksering av provenienslause gjenstandar blir avvist. Dette vitnar om kjennskap til ICOM sine etiske retningslinjer punkt 2.2, som krev gyldig heimel i samband med inntak, punkt 2.3 som krev utvising av særskild aktsemd og plikt til å forsikre seg om at gjenstandar ikkje er ulovleg erverva i, eller ulovleg utført frå, opphavlandet og punkt 2.4 som forbyr museet å erverve gjenstandar som ein mistenker at kjem frå ulovleg feltarbeid og liknande. Førespurnadar av denne art førekommer hyppigare ved KHM enn ved UB. Som ein konsekvens av dette har KHM ein meir handfast policy, og høgare vissleik, kring handtering av provenienslause gjenstandar, enn UB.

Universitetsmusea samarbeida lenge om eit felles kvalitetssystem for samlingsforvaltning. Dette samarbeidet skulle, mellom anna, fungere som ein felles rettleiar for inntaksprosedyrar og vere rettleiande i utforming av innsamlingspolicy universitetsmusea. Samarbeidet vart avslutta i 2021, men arbeidet med prosedyrar og policy held fram på individuelle basis ved dei ulike universitetsmusea. Det har ikkje blitt publisert noko resultat eller rapport om dette arbeidet sidan 2018, og resultatata blir så vidt alludert til i stortingsmeldinga. Eg forstår det slik at det er SPECTRUM-rutinane og ICOM sitt museumsetiske regelverk som blir lagt til grunn for all praksis vedkomande inntak og provenienslause kulturgjenstandar, utan at dette blir ikkje sagt eksplisitt nokon plass. Dette tydar også på at arbeidet framleis er pågåande, og at et felles referanseverk for handtering av provenienslause kulturgjenstandar framleis manglar. Eg kan ikkje anna enn å stille meg bak Kulturdepartementet si anbefaling i Stortingsmelding nr. 23 (2020 – 2021) om å vidareføre arbeidet med å implementere SPECTRUM-rutinane og ICOM sitt museumsetiske regelverk som retningsgivande i det vidare arbeidet med samlingsforvaltning.

5.2 Konklusjon

5.2.1 Framleis rom for forbetring

Så, korleis handterer kulturhistoriske museum i Noreg provenienslause gjenstandar i samband med nye inntak? Med stor aktsemd, og ei armlengds avstand. Funna i denne undersøkinga vitnar om at musea og deira tilsette er kjende med problematikken knytt til provenienslause gjenstandar, og praktiserer ein generell policy der ein avviser alle førespurnadar knytt til denne typen gjenstandar. Slik eg ser det, er det er ingen fare for at kulturhistoriske museer i Noreg uforvarande, eller med overlegg, kjem til å ta imot provenienslause gjenstandar, eller på anna vis bidra til ulovleg omsetjing av kulturminnegjenstandar. Verken direkte eller indirekte. Det finst eit bolverk av overlappande lov- og avtaleverk, regelverk og retningslinjer som eksplisitt forbyr dette, og museumstilsette har i dei fleste tilfelle god kjennskap til desse.

Tilsette ved kulturhistoriske museum kjem som regel frå forskjellige fagtradisjonar, ofte innanfor humaniora, og har ei viss grunnleggjande etisk oppseding i samband med ei humanistisk utdanning. Kulturminnekriminalitet har oppteke arkeologar og museologar i fleire tiår, og det er mange av dei tilsette ved kulturhistoriske museum som høyrer til desse fagtradisjonane. Den kollektive kunnskapen og kompetansen som finst i fagmiljøet kring dei

kulturhistoriske samlingane gjer dei, samla sett, godt rusta til å handtere utfordringar knytt til kulturminnekriminalitet.

Til trass for dette, finst det framleis rom for forbetring. Informasjon er det viktigaste våpenet i kampen mot kulturminnekriminalitet. Kulturminnekriminalitet er eit komplekst emne, og informasjonen ein treng til å kjempa mot kulturminnekriminalitet ofte spreidd, slik situasjonen er no. Det hadde vore formålstenleg å samle alt relevant lov- og avtaleverk, regelverk, retningslinjer og rutinar knytt til provenienslause kulturgjenstandar på ein plass. Det trengst handfaste rutinar for handtering av provenienslause kulturminnegjenstandar. Ein vegvisar spesialtilpassa norske museer, beståande av ei oversikt av gjeldande lovar, reglar og rutinar, hadde truleg vært eit nyttig verktøy i kampen mot kulturminnekriminalitet. Så vidt eg veit, er det ingen som arbeider med ein slik vegvisar per i dag.

5.2.2 Forslag til vidare forskning

Det er ikkje alltid like lett å halde seg innanfor rammene av sitt eige emne. Den typen djupdykk ein gjer i samband med ei mastergradsavhandling fører ofte med seg ein myriade av tangentar og forgreiningar som ein også gjerne skulle ha utforska. Eg har forslag til to emne som burde forskast på. Eit teoretisk, og eit meir praktisk.

Det første av desse er knytt til paradigmeskiftet innanfor museumsverda. Her har det skjedd fleire store omveltingar dei siste femti åra, slik som til dømes innsamlingspraksisen til musea. Relevante forskingsspørsmål her er korleis har innsamlingspraksisen endra seg med overgangen til det nye paradigmet?

Det andre emnet dreier seg om universitetsmusea sitt samarbeid om å utarbeide eit «felles kvalitetssystem», ofte kalla MUSIT-samarbeidet. Det er framleis uklart kva det endelege resultatet av dette samarbeidet vart. Dette burde nokon gjere ei utgreiing på.

6 Referansar

Kjelde med namngitt forfattar:

Billingham, J. mfl (2017) *Culture in Crisis: Preserving Cultural Heritage in Conflict Zones*. Washington DC: SAIS

Bie-Larsen, B. (2016) *Spectrum på norsk*. Oslo: Kulturrådet. Tilgjengeleg frå:
<https://www.kulturradet.no/museumsutvikling/vis-artikkel/-/spectrum-pa-norsk>
(Henta 4.12.19)

Booth, W. C. (2003) *The Craft of Research*. Chicago: Chicago Press

Brenna, B. (2012) Gjort er gjort, i Hauan, M. A. og Maurstad, A (red.) *Museologi på norsk: Universitetsmuseenes gjøren*. Trondheim: Akademia

Brinkmann, S. & Kvale, S. (2009) *Det kvalitative forskingsintervju*. 2. utg. Oslo: Gyldendal.

Kvale, S. (1997) *Det kvalitative forskingsintervju*. Oslo: Gyldendal.

Braun, V. and Clarke, V. (2006) Using thematic analysis in psychology, *Qualitative research in psychology*, 3(2), pp. 77–101.

Brodie, N. (2014). *Illicit antiquities*. Encyclopedia Britannica, Henta frå:
<https://www.britannica.com/topic/illicit-antiquities> (Henta: 4.1.2023).

Brodie, N. (2012). Uncovering the Antiquities Market, i R. Skeates (red.), *Oxford Handbook of Public Archaeology*, Oxford: Oxford University Press.

Brodie, N., Doole, J., & Watson, P. (2000). *Stealing History: The Illicit Trade in Cultural Material*. Cambridge: The McDonald Institute for Archaeological Research.

Brodie, N, Mackenzie, S., Tsirogiannis, C & Yates. D. *Trafficking Culture: New Directions in Researching the Global Market in Illicit Antiquities*. London & New York: Routledge.

Brodie, N. & Renfrew, C. (2001) *Trade in Illicit Antiquities: The Destruction of the World's Archaeological Heritage*. Cambridge: McDonald Institute for Archaeological Research.

Brodie, N. & Tubb, C. W. (2002) *Illicit Antiquities: The theft of culture and the extinction of archaeology*. London & New York: Routledge.

Collin, F. and Kjøppe, S. (2003) *Humanistisk videnskapsteori*. København: DR Multimedie.

Cuno, J. (2008) – *Who Owns Antiquity? – Museums and the battle over our ancient heritage*. Princeton og Oxford: Princeton University Press.

- Dale, K., Vemmestad, C. F. & Stavik, J. (2019) *Metallsøkerfunn som grunnlag for kunnskap og vern. En case-studie fra Sunndal – et knutepunkt i jernalder og middelalder. Primitiv Tider* nr. 21. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Eide, S.B. & Andresen, A. (2003) *Fordi vi er mennesker : en bok om samarbeidets etikk*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Eriksen, A (2009) *Museum: En kulturhistorie*. Oslo: Pax.
- Felch, J., & Frammolino, R. (2011) *Chasing Aphrodite : the hunt for looted antiquities at the world's richest museum* Houghton Mifflin Harcourt.
- Gjerløv, K. (2010) *Plyndring i internasjonal og nasjonal kontekst: Årsaker og motvirkende tiltak*. Tromsø: Universitetet i Tromsø.
- Grimen, H. (2008). Profesjon og profesjonsmoral, i Mollander, A. & Terum, L.I. (Red.), *Profesjonsstudier*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Grønmo, S. (2004). *Samfunnsvitenskaplige metoder*. Bergen: Fagbokforlaget
- Hauan, M. A. og Maurstad, A. (2012) Universitetsmuseenes gjøren, i Hauan, M. A. og Maurstad, A (red.) *Museologi på norsk: Universitetsmuseenes gjøren* Trondheim: Akademia.
- Hauan, A. M. og Maurstad, A. (2012) *Museologi på norsk: Universitetsmuseenes gjøren* Trondheim: Akademia.
- Hooper-Greenhill, E. (2000) *Museums and the Interpretation of Visual Culture*. London og New York: Routledge.
- Hooper-Greenhill, E. (1992) *Museums and the shaping of knowledge*. London og New York: Routledge.
- Hooper-Greenhill, E. (Udatert): Training for Cultural Change in Museums, i *Samhandling og arbeidsdeling ved dokumentasjon og innsamling i kulturhistoriske museer*. (2012) Oslo: Kulturrådet.
- Hylland, O. M., Løkka, N., Hjemdal, A.-S., Kleppe, B. Telemarksforskning rapport nr. 548/2020 (2020) *Museum og samfunn*. Oslo: Kulturdepartementet.
- Ingvaldsen, H. (2011) Arkeologiske gjenstander og ulovlig handel: Et norsk museums perspektiv, i Ramskjær, L. (red.) *Bekjemp kulturkriminalitet. Retningslinjer og anbefalinger*. Warszawa: Narodowy Instytut Dziedzictwa.
- Jacobsen, H. M. (2017) Working with cultural property – The need for skills-building

- among staff in the cultural sector, customs and police, (rapport) *Illicit trade in cultural artefacts Stronger together: How can the Nordics join forces to stop the illegal import and export of cultural objects?* Copenhagen: Nordisk Ministerråd.
- Jacobsen, H. M., Ulsberg, H. (2008) *Å jobbe med kulturminner: En kartlegging av kompetansebehov blant ansatte innen kulturminnesektoren, toll - og politimyndigheter.* Oslo: Albatross.
- Johansen, A., Losnedahl, K. G. og Ågotnes, H. J. (2002) *Tingenes tale: Innspill til museologi.* Bergen: Bergen Museum
- Johansen, K.E., & Vetlesen, A.J. (2009). *Innføring i etikk.* Oslo: Universitetsforlaget.
- Kaijser, L. and Öhlander, M. (2011) *Etnologiskt fältarbete.* Stockholm: Studentlitteratur.
- Karp, I. (1991) Culture and Representation, I Karp, I. & S. D. Levine. (et.al.). *Exhibiting Cultures: The poetics and Politics of Museum Displays.* Washington, DC: Smithsonian press.
- Kirschenblatt-Gimblett, B. (1998) *Destination Culture: Tourism, Museums, and Heritage.* Berkley, CA: University of California Press.
- Koksvik Lund, G. 2017. *Profesjonalisering og enhetlig praksis Om standarder i museers samlingsforvaltning.* Masteroppgave i Kulturminneforvaltning, Trondheim: NTNU.
- Latour, B. (2004) Why has critique run out of steam?: From matters of fact to matters of concern, i *Critical Inquiry*, nr.30: s. 225-248
- Ljone, F. (2019) Kulturminneloven i *Store norske leksikon* på snl.no. 20.5.2022 frå <http://snl.no/kulturminneloven>
- Mensch, P. van. & Mensch, L. M.-van, (2010) *Collecting as intangible heritage.* Collectingnet newsletter no 9 April.
- Marstine, J. (2006). *New Museum Theory and Practice: An Introduction.* Oxford: Blackwell Publishing
- Marstine, J. (2011) *The Routledge Companion to Museum Ethics: Redefining Ethics for the Twenty-First-Century Museum.* London og New York, Routledge.
- Maxwell, J. A. (2013) *Qualitative Research Design: An Interactive Approach.* London: Sage
- Munch- Rasmussen, J. (2007) *Bereiste gjenstander: håndtering av utenlandske kulturgjenstander i Norge: en undersøkelse i lys av Schøyensaken.* Universitetet i Oslo, Humanistisk fakultet.
- Munch- Rasmussen, J. (2014) *Saving objects, securing collections: Motives and justifications for dealing, digging and collecting antiquities.* Doktorgradsavhandling. Universitetet i Oslo, Humanistisk fakultet.

- Murphy, B. L. (2016) *Museums, Ethics and Cultural Heritage*. London, Routledge
- Nilssen, V. 2012: *Analyse i kvalitative studier: Den skrivende forskeren*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Norendal, S, 2021. *Universitetsmuseene vurderer DigitaltMuseum*. Oslo: Museumsnytt (Tilgjengeleg frå: <https://museumsnytt.no/universitetsmuseene-vurderer-digitaltmuseum/>) (Henta 19.12.2022)
- Nærøy, A. J. (2019) *Metallsøkerfunn i Rogaland 2003-2018*. Stavanger: Universitetet i Stavanger
- Olsrud, J. W., & Snekkenes, C. (2014) Kritisk museologi og akademisk undring, i Olsrud, J. W., & Snekkenes, C. (red.) *Museologer på museum*. Oslo: Novus.
- Pabst, K. (2016) *Museumsetikk i praksis*. Trondheim: Museumsforlaget.
- Palmer, N (1997) Museums and cultural property, i Vergo, P. (Red.) *The New Museology*. London: Reaction Books.
- Pareli, L. (2011) – Museer, kulturminner og ulovlig handel i tider med krig og konflikt, i Ramskjær, L. (red.) *Bekjemp kulturkriminalitet. Retningslinjer og anbefalinger*. Warszawa: Narodowy Instytut Dziedzictwa.
- Rindal, E., Matland, S., Larssen, T. (2018) *Felles kvalitetssystem for universitetsmuseenes samlingsforvaltning: Sluttrapport fra hovedprosjektet*. Oslo: MUSIT. UiO.
- Ramskjær, L. (2011). Norsk lovgivning på kulturminnefeltet, i Ramskjær, L. (red.) *Bekjemp kulturkriminalitet. Retningslinjer og anbefalinger*. Warszawa: Narodowy Instytut Dziedzictwa.
- Renfrew, C. (2000) *Loot, Legitimacy and Ownership*. London: Duckworth
- Ryen, A. (2002) *Det kvalitative intervju: Frå vitenskapsteori til feltarbeid*. Bergen: Fagbokforlaget
- Skrede, J. (2017). Kritisk diskursanalyse. Oslo: Cappelen Damm akademisk.
- Silverman, D. (2010) *Doing Qualitative Research*. London: Sage.
- Solberg, B.; Tschudi-Madsen, S. (2020) kulturminner i *Store norske leksikon* på snl.no. Hentet 22.5.2022 fra <https://snl.no/kulturminner>
- Smeby, J.-C.; Gundersen, T. (2023) profesjon i *Store norske leksikon* på snl.no. Hentet 10.1.2023 fra <https://snl.no/profesjon>
- Sund, E. M. (2016) *Museet og offentlighetens tillit En undersøkelse av debatten om avhending av museumsgjenstander*. Masteroppgåve i museologi: UiB
- Thagaard, T. (2013) *Systematikk og innlevelse : en innføring i kvalitativ metode*. Bergen:

Fagbokforlaget.

Tranøy, T. E. (1998) *Det åpne sinn: moral og etikk mot ett nytt årtusen*. Oslo: Universitetsforlaget.

Vergo, P. (1997) *The New Museology*. London: Reaction Books.

Woodhead, P. & Stansfield, G. (1994) *Keyguide to Information Sources in Museum Studies*. London: Mansell Publishing.

Ågotnes, H. J. (2012) Museet som kunnskapsarena, i Hauan, M. A. og Maurstad, A (red.) *Museologi på norsk: Universitetsmuseenes gjøren* Trondheim: Akademia

Andre kjelder:

Collections Trust. (2016) *Ervervelse og aksisjon*.

Tilgjengeleg frå: <https://collectionstrust.org.uk/spectrum/procedures/acquisition-and-accessioning-spectrum-5-0/?tr=no> (Henta 19.9.2022)

Collections Trust. (2020) *Ervervelse og aksisjon - Standarden*.

Tilgjengeleg frå: <https://collectionstrust.org.uk/resource/acquisition-and-accessioning-the-spectrum-standard/?tr=no> (Henta 19.9.2022)

Danmarks Frie Forskningsfond (2020) *Illicit Antiquities in the Museum*.

Tilgjengelig frå:

<https://dff.dk/forskningsprojekter/database?SearchableText=Illicit+Antiquities+in+the+Museum> (Henta 12.12.2022)

De Nasjonale Forskningsetiske Komiteene (2016) *Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi*. Oslo: NESH

Forskrift om handel med kulturgjenstander. *Forskrift om utførsel og innførsel av kulturgjenstander*, 2007

De nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora (NESH). 2016.

Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap og humaniora. NESH: Oslo

De nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora (NESH). 2021.

Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap og humaniora. NESH: Oslo

Tilgjengeleg frå: <https://www.forskningsetikk.no/retningslinjer/hum-sam/forskningsetiske-retningslinjer-for-samfunnsvitenskap-og-humaniora/> (Henta 13.12.2022).

Det Norske Universitetsråd. (2000) *Etiske retningslinjer for norske universitetsmuseer*. Rapport 2/2000.

- Oslo:NHR. Tilgjengeleg frå:
<https://www.nb.no/nbsok/nb/8f8a0e10a8f06e8e6d77f259b85e31e9?lang=no#0> (Henta 13.12.2022).
- Norsk ICOM & Norges museumsforbund. (2022). *Åpent, inkluderende, transparent og profesjonelt: Etiske retningslinjer for museer i Norge*.
Tilgjengeleg frå: <http://norskicom.no/wp-content/uploads/2015/08/Retningslinjer-2022.pdf> (Henta: 5.5.2022).
- Norsk ICOM (2016): *Det etiske regelverk: ICOMs museumsetiske regelverk*.
Tilgjengeleg frå <http://norskicom.no/det-etiske-regleverk/> (Henta: 22.5.22)
- NSD (2017) Norsk senter for forskingsdata.
https://nsd.no/personvernombud/hjelp/informere_om.html (Henta 17.08.2019)
- St.meld nr. 49 (2008 – 2009). *Framtidas museum: Forvaltning, forskning, formidling, fornying*.
- St.meld. nr. 23 (2020–2021). *Musea i samfunnet Tillit, ting og tid*.
- Kulturdepartementet. 2017. *Illicit trade in cultural artefacts Stronger together: How can the Nordics join forces to stop the illegal import and export of cultural objects?* Oslo: Kulturdepartementet
- Kulturhistorisk museum (2015) *Egyptisamlingen*.
Tilgjengelig frå: <https://www.khm.uio.no/samlinger/egypt/index.html> (Henta 22.5.2022)
- Kulturhistorisk museum (2021) *Cultural Crime Research Network (CULTcrime)*.
Tilgjengeleg frå: <https://www.khm.uio.no/english/research/research-groups/cultcrime/index.html> (Henta 15.1.2023)
- Kulturminneloven. 1978. *Lov om kulturminner*.
- Kulturrådet (2012) *Samhandling og arbeidsdeling ved dokumentasjon og innsamling i kulturhistoriske museer*. Oslo: Kulturrådet
- Kulturrådet (2014) *Samlingsforvaltning*. Oslo: Kulturrådet. Tilgjengeleg frå:
<https://www.kulturradet.no/samlingsforvaltning> (Henta 15.4.2020).
- Kulturrådet. *SPECTRUM som standard for samlingsforvaltning?*. Oslo: Kulturrådet
<https://www.kulturradet.no/museumsutvikling/vis-artikkel/-/aktuelt-standard-for-samlingsforvaltning> (henta 11.12.19).
- Kulturrådet. (2016) *Standard for samlingsforvaltning – Spectrum 4.0*. Oslo. Kulturrådet.
- Kulturrådet. (2016) *Spectrum på norsk*
(Henta frå: <https://www.kulturradet.no/museumsutvikling/vis-artikkel/-/spectrum-pa-norsk>) (Henta 11.12.19)

St.meld. nr. 15 (2007–2008). *Tingenes tale*.

UNESCO Norge. 2004. - St.prp. nr. 70 (2003-2004). *Om samtykke til ratifikasjon av konvensjon av 14. november 1970 om tiltak for å forby og hindre ulovleg import og eksport av kulturgjenstandar og ulovleg overføring av eigedomsrett til kulturgjenstandar*

Universitetet i Bergen. *Museologi*. (Tilgjengeleg frå: <https://www.uib.no/emne/KUVI108>)
(Henta 15.9.2022)

Vedlegg

Vedlegg 1: NSD godkjenning

11.05.2023, 16:24

Meldeskjema for behandling av personopplysninger



[Meldeskjema](#) / [Samling og proveniens: Haldningar og praksis](#) / Vurdering

Vurdering av behandling av personopplysninger

Referansenummer 263900 **Vurderingstype** Standard **Dato** 28.05.2019

Prosjekttittel

Samling og proveniens: Haldningar og praksis

Behandlingsansvarlig institusjon

Universitetet i Bergen / Det humanistiske fakultet / Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap

Prosjektansvarlig

Haci Akman

Student

Johan Knutsen

Prosjektperiode

01.01.2019 - 16.12.2019

Kategorier personopplysninger

Alminnelige

Lovlig grunnlag

Samtykke (Personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a)

Behandlingen av personopplysningene er lovlig så fremt den gjennomføres som oppgitt i meldeskjemaet. Det lovlige grunnlaget gjelder til 16.12.2019.

[Meldeskjema](#)

Kommentar

Det er vår vurdering at behandlingen av personopplysninger i prosjektet vil være i samsvar med personvernlovgivningen så fremt den gjennomføres i tråd med det som er dokumentert i meldeskjemaet med vedlegg 28.05.2019. Behandlingen kan starte.

MELD VESENTLIGE ENDRINGER

Dersom det skjer vesentlige endringer i behandlingen av personopplysninger, kan det være nødvendig å melde dette til NSD ved å oppdatere meldeskjemaet. Før du melder inn en endring, oppfordrer vi deg til å lese om hvilke type endringer det er nødvendig å melde:

https://nsd.no/personvernombud/meld_prosjekt/meld_endringer.html

Du må vente på svar fra NSD før endringen gjennomføres.

TYPE OPPLYSNINGER OG VARIGHET

Prosjektet vil behandle alminnelige kategorier av personopplysninger frem til 16.12.2019.

LOVLIG GRUNNLAG

Prosjektet vil innhente samtykke fra de registrerte til behandlingen av personopplysninger. Vår vurdering er at prosjektet legger opp til et samtykke i samsvar med kravene i art. 4 og 7, ved at det er en frivillig, spesifikk, informert og utvetydig bekreftelse som kan dokumenteres, og som den registrerte kan trekke tilbake. Lovlig grunnlag for behandlingen vil dermed være den registrertes samtykke, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a.

PERSONVERNPRINSIPPER

NSD vurderer at den planlagte behandlingen av personopplysninger vil følge prinsippene i personvernforordningen om:

- lovlighet, rettferdighet og åpenhet (art. 5.1 a), ved at de registrerte får tilfredsstillende informasjon om og samtykker til behandlingen
- formålsbegrensning (art. 5.1 b), ved at personopplysninger samles inn for spesifikke, uttrykkelig angitte og berettigede formål, og ikke behandles til nye, uforenlige formål
- dataminimering (art. 5.1 c), ved at det kun behandles opplysninger som er adekvate, relevante og nødvendige for formålet med

<https://meldeskjema.sikt.no/5c7bddd1-7600-48cf-80e4-576ab0f143bc/vurdering/0>

1/2

Vedlegg 2 Samtykkeskjema

Vil du delta i forskningsprosjektet

”Samling og proveniens: *Haldningar og praksis*”?

Dette er en forespørsel til deg om å delta i et forskningsprosjekt der formålet, i hovedsak, er å undersøke i hvordan proveniens blir vektlagt i forbindelse med utvelging og inntak av nye gjenstander ved kulturhistoriske museer, samt holdninger og praksis knyttet til emnet. I dette skrivet får du informasjon om målene for prosjektet og hva deltakelse vil innebære for deg.

Formål

Prosjektet utføres i forbindelse med min masteroppgave i Kulturvitenskap hvor arbeidet med inntak av nye gjenstander, og vurderinger av eierskapshistorikk og opphav står i sentrum. Formålet er:

- Å undersøke hvordan proveniens blir vurdert under inntaksprosessen, samt holdninger og praksis knyttet til dette.
- Å undersøke hvilke forutsetninger kulturhistoriske museer i Norge har for å håndtere potensielle utfordringer knyttet til proveniensspørsmål.
- Å undersøke hvordan museumsansatte som jobber med inntak og samlingsforvaltning oppfatter regel- og lovverkets tilgjengelighet og anvendelighet.

I dette prosjektet skal jeg intervjuere ansatte ved kulturhistoriske museer som har erfaring med inntak av museumsgjenstander og/eller erfaring fra inntakskomite. Utvalget av informanter vil bestå av totalt mellom fire til seks personer, ved to forskjellige museer. Ansvarlig institusjon for prosjektet er Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap ved Universitetet i Bergen.

Hvorfor får du spørsmål om å delta?

Du får spørsmål om å delta i prosjektet fordi du jobber, eller har jobbet, med samlingsforvaltning, inntak av museumsgjenstander, og/eller har erfaring fra inntakskomite.

Hva innebærer det for deg å delta?

Om du velger å delta i prosjektet, innebærer det at jeg besøker deg på din arbeidsplass, eller ett annet egnet sted og gjennomfører ett intervju med deg. Intervjuformen blir en delvis åpen samtale, med spørreliste som rettesnor, og tiden kan derfor variere. Det vil sannsynligvis ikke ta mer enn 30 minutter. Jeg vil bruke lydopptak under intervjuet dersom du samtykker til det. Dette er fordi intervjuet skal skrives ut i full tekst. Før materialet kan tas i bruk vil du få muligheten til å lese gjennom og godkjenne teksten.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Det betyr at du når som helst kan trekke ditt samtykke tilbake uten å oppgi noen grunn. Alle opplysninger om deg vil da bli slettet. Det vil ikke ha noen negative konsekvenser for deg hvis du ikke vil delta eller senere velger å trekke deg.

Ditt personvern – hvordan intervjumaterialet vil oppbevares og brukes

Opplysningene om deg vil bare brukes til formålene jeg har fortalt om i dette skrevet. Jeg vil behandle opplysningene konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

Intervjumaterialet vil bli oppbevart i mappe på min private datamaskin som er passordbeskyttet. Veileder ved Universitetet i Bergen vil få innsyn i tekstene som produseres. Mastergradsoppgaven publiseres uten personidentifiserende opplysninger slik at du ikke vil kunne gjenkjennes i publikasjonen. Navn og andre personopplysninger anonymiseres.

Prosjektet skal etter planen avsluttes innen utgangen av 2019. Lydopptak og intervjutranskripsjoner destrueres ved prosjektslutt.

Dine rettigheter

Så lenge du kan identifiseres i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i hvilke personopplysninger som er registrert om deg,
- å få rettet personopplysninger om deg,
- få slettet personopplysninger om deg,
- få utlevert en kopi av dine personopplysninger (dataportabilitet), og
- å sende klage til personvernombudet eller Datatilsynet om behandlingen av dine personopplysninger.

Hva gir oss rett til å behandle personopplysninger om deg?

Opplysninger om deg behandles basert på ditt samtykke.

På oppdrag fra Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap ved Universitetet i Bergen har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS vurdert at behandlingen av personopplysninger i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Hvor kan jeg finne ut mer?

Hvis du har spørsmål til studien, eller ønsker å benytte deg av dine rettigheter, ta kontakt med:

- Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap ved Universitetet i Bergen. Jeg kan nås på epost J.Knutsen@student.uib.no eller telefon 98070574.
- Min veileder kan kontaktes på epost Haci.Akman@uib.no eller telefon 55 58 22 32, eller 98469780.
- Vårt personvernombud: NSD – Norsk senter for forskningsdata AS, på epost (personvernombudet@nsd.no) eller telefon: 55 58 21 17.

Med vennlig hilsen

Johan Knutsen

(Masterstudent)

Haci Akman

(Forsker/veileder)

Samtykkeerklæring

Jeg har mottatt og forstått informasjon om prosjektet *Samling og proveniens: Haldningar og praksis*, og har fått anledning til å stille spørsmål. Jeg samtykker til:

- å delta i intervju
- at det gjøres lydopptak under intervjuet
- at intervjutranskripsjoner og lydopptak kan lagres inntil studenten uteksamineres

Jeg samtykker til at mine opplysninger behandles frem til prosjektet er avsluttet ved utgangen av 2019.

Vedlegg 3: Intervjuguide

Problemstilling: Korleis forholder museumstilsette seg til gjenstandsmateriale med manglande, uviss eller illegal proveniens og problema knytt til denne typen gjenstandar?

Sekundære problemstillingar:

- Korleis jobbar musea for å hindre inntak av gjenstandsmateriale med manglande, uviss eller illegal proveniens?
- Kor godt budde er kulturhistoriske museum i Noreg til å takle utfordringar knytt til denne typen gjenstandar?
- Kor godt kjenner tilsette ved norske museum til fenomenet?

Tema	Tematiske spørsmål	Stikkord for moglege oppfølgingsspørsmål
Provenienslause gjenstandar	Kva tankar har du om provenienslause gjenstandar ved norske museum? Eigne erfaringar?	<ul style="list-style-type: none"> • Omfang og kontekst • Kven har ansvar? • Musea si rolle
Inntak og utveljing av gjenstandsmateriale. Kva omsyn blir tatt?	Kan du fortelje litt om din erfaring med utveljing og inntak av gjenstandsmateriale? Operear dykk med inntakskomite?	<ul style="list-style-type: none"> • Sjølve prosessen • Juridiske og etiske omsyn. • Komplikasjonar • Tvilstilfelle
Reiskapar og resursar. Lovverk, nasjonale og internasjonale. Interne retningslinjer, i forhold til ICOM sitt mus. etiske regelverk.	Kva reiskapar og resursar er tilgjengelege for museumstilsette som kjem i kontakt med provenienslause gjenstadar? Korleis blir dei nytta?	<ul style="list-style-type: none"> • Tiltak • Interdepartementalt samarbeid • Tverrfagleg samarbeid • Etiske og juridiske omsyn
Musea si rolle. Opplev du at musea har ei aktiv rolle i bekjemping av kulturminnekriminalitet? Kva offentlege organ må mus.tilsette forholde seg til i	Kor godt rusta er norske museer til å takle utfordringar knytt til provenienslause gjenstandar? Får museumstilsette opplæring i handtering av provenienslause gjenstandar?	<ul style="list-style-type: none"> • Omfang av musea sitt handlingsrom • Indre faktorar • Ytre faktorar • Formelle krav til kompetanse

samband med prov.lause gjenstandar?	Får musea noko oppfølging frå det offentlege i samband med prov.lause gjenstandar?	
-------------------------------------	--	--

Vedlegg 4: Transkripsjon av intervju

Transkripsjon av intervju nr. 1.

Meg: Har nu noen tankar om provenienslause gjenstandar på norske museum, sånn generelt.

Han: Ja, fint viss du kan fortelle litt ka du meiner.

Meg: Altså gjenstandsmateriale ein ikkje vett kor kjeme frå, koss forholde ein seg til det på museum.

Han: Ja, altså. Eg kan ikkje snakke så veldig mye for dei andre fagfeltene, men arkeologene har jo sånne løsfunn. Mer og mer sånne metalldetektorfunn sant? Det kan du jo snakke med en av de om. For eksempel (navngir infomant nr. 2.), han sitter der inne, så han kan du snakke mer med. Eventuelt styreren, som heter (...). Eg tror han er der inne på kontoret. Så det er jo den tingen, altså i forhold til at man ikkje vet kor i hvilket lag gjenstanden har lagt i, og den typen ting. Så du manglar proveniens på den måten. At gjenstanden ikkje..., de mangla rein kronologi og den typen ting.

For oss antropologene, så er jo..., vi har jo en samling på ca. 10000 etnografiske gjenstander, sant? Så vi har en etnografisk samling. Det vil si alt som ikkje er norsk, basicaly, pluss det samiske. Så vi har det samiske, samlingar frå Afrika, Amerika, Asia, circumpolar. Og det er jo, der er jo stort sett..., altså der er det veldig mangelfull proveniens. Sant? Altså innsamlingen der, eller innkomsten til museet begynner i 1825 når Christie, som då nettopp har etablert museet her, så begynner han egentlig å samle inn etnografiske gjenstander straks, i samme øyeblikk som han begynner å samle inn det arkeologiske og etnologiske kanskje. Han begynner då innsamlingen, sant, det kommer inn, men det er gjennom at noen handelsreisende, misjonærer, den type ting begynner å, kommer og gir han gjenstander. Sender han gjenstander i posten. Sant, det kommer en kinesisk pil og bue med piler i 1870, sant. Så har brev om det, det er liksom, når det gjelder proveniens så har vi brev om at en eller annen har sendt frå en eller annen sørlandsby, en av disse sjøfartsbyene, Sandefjord for eksempel, har sendt konservator Christie en pil og bue fra Kina, med piler, sant? Så det er jo uten proveniens på den måten, eller det er en mangelfull proveniens. Men det er en proveniens i den forstand at vi vet kven som har sendt det til museet og kallag år det var. Men vi vet ingenting om kordan denne buen, kordan den har fungert i Kina, på en måte, sant?

Meg: Eg er jo mest interessert i koss det blir med gjenstandar som blir tatt inn i dag. Koss ein undersøker proveniens, og fastslår den. Og om det i det heile tatt er noko fokus på det.

Han: Ja, og då tenker du i forhold til sånn ulovlige gjenstandar, og den typen ting?

Meg: Ja, gjerne det.

Han: Ja, altså då er det ganske greit, for at vi... Folk kommer til oss, sånn regelmessig, og tilbyr oss gjenstander. Det er på ein måte to typer henvendelsar. De kommer til oss og tilbyr oss gjenstander som en eller annen bestefar har hatt liggende på loftet, eller ett eller aent, som no er død, og som de må bli kvitt. Eller noen kommer og ber oss om... de tror liksom at vi

kan gi de ett slags stempel av autensitet eller verdi. Så de kommer til oss og spør oss: «Eg har noen gjenstander fra andesfjellene», på en måte. Og så spør de oss om vi kan vurdere verdien på de, eller... Det er stort sett det folk er opptatt av, verdi. Sant? Så, det har vi litt ut av. Vi har en policy no på at, viss folk kommer og tilbyr oss gjenstander, så går vi og ser på de. Og så prøver vi å tenke om dette kan ha noe verdi i forhold til samlingene våre. Ofte er det mye souvenir-type ting. Sant. Altså turistgjenstander. Det kan jo være interessant. Og ein gjenstand kan jo ha verdi i seg sjøl.

Meg: Tenke du då forskningsverdi, eller formidlingsverdi.

Han: Nei, altså, forskningsverdi er jo så som så, fordi antropologifaget har gått litt vekk fra å fokusere på gjenstandar. Men en verdi sånn utstillingsmessig, formidlingsmessig. Så viss vi føler at dette er noe vi kan bruke til noe, innefor en eller annen tematikk, så tar vi imot det. Men det er aldri snakk om å betale noe for det. Og då er det liksom at vi på en måte vurderer sånn regionalt og, at vi vet at dette ikkje er noe problematisk. Problematisk gjenstander. Altså at det ikkje er noen human remains, eller at det ikkje er noen gamle arkeologiske gjenstander beskyttet av en eller annen lov om utførsel, sant. Viss det er problematiske ting, ting som vi ikkje har greie på, eller som vi føler er litt i randssonen, på en måte, så pleier jeg å bare skrive til de at: Dette bør de... Den henvendelsen bør de sende til det nasjonalmuseet i det landet disse gjenstandene kommer fra. Sånn at viss det er fra Peru, så anbefaler eg de å bare gå til det nasjonalmuseet med den henvendelsen. Å få de vurdert for eksempel, eller å få de... Viss de vil donere det til ett museum, så bør de til nasjonalmuseet i det landet, på en måte. Så det er liksom vår, vår policy på det. Så vi tar aldri imot, eller betaler for gjenstander egentlig i det hele tatt.

Meg: Du seie dåkke har gått vekk frå gjenstandar, eller fokuset på gjenstandar. Så då antar eg at det... Du ikkje er involvert i inntak eller utvelging av gjenstandsmateriale, sånn at dåkke aktivt søke materiale. Du har ingen erfaring med det?

Han: Nei, vi gjør egentlig ikkje det.

Meg: Operere dåkke med inntakskomitee, i den grad det skjer?

Han: Ja, det kan... Det vet eg ikkje om vi har her. Det tror eg ikkje vi har. Altså vi har ikkje en inntakskomitee. Vi har en prøvekomitee, altså prøvetakingskomitee for eksempel. Men det er jo altså... Måten det... Og det... Sant. De store mengdene med gjenstander kommer i det arkeologiske. På grunn av utgravingene. Det vil si at uttakingskomiteen der er jo på en måte innarbeidet i utgravingsprosjektene, sant. Så det er utgravingsprosjektene som definerer kva som skal gravest og ikkje gravest, og kva som skal tas inn og ikkje. Vi har egentlig ikkje noe sensur. Vi har ikkje noe utvelgelse når gjenstandene går fra utgravingene inn på museet, då blir alt tatt inn. Antar eg. Dette kan du snakke videre med arkeologene om.

Meg: Ja... Om dåkke sko komma i kontakt med noge gjenstandar som er, sånne tvilstilfelle, har du... Kva redskaper og resurser er tilgjengelig for museumsansatte?

Han: Nei, då blir te å kontakte de aktuelle nasjonalmuseene i første omgang, og få råd fra de.

Meg: Ja, så der er ikkje nogen norske organ, eller nogen statlige instansar som skal innvolverast?

Han: Nei, der er en norsk, der er en norsk... Altså når det kommer til sånne grense... Tollspørsmål, sant så er den norske myndigheten på det delegert til kulturhistorisk museum i Oslo. Så viss det dukker opp noen med noen gjenstander på grensen i toll, som politiet mener er problematisk, så vil de ta kontakt med denne personen på kulturhistorisk museum. Og han traff eg nettopp, så det er derfor eg vet det. Fordi han er, han er mynt... Altså han er på... Ka e det det heter?

Meg: Han er numism... Numismo...

Han: Numismatisk avdeling på kulturhistorisk museum i Oslo.

Meg: Ja, eg vett faktisk kim det er snakk om.

Han: Ja, bra. Fint. Så det gjelder... Det er, så vidt eg vet, ett nasjonalt ansvar. Så han har det nasjonale ansvaret. Og då regner eg med at han konsulterer alle de som er eksperter innenfor fagfeltene. Selv om vi ikkje har opplevd det.

Meg: Dåkke har ikkje opplevd det?

Han: Nei, ikkje eg.

Meg: Nei. Har du nogen tankar om i kor stor grad norske museer er rusta te å takla utfordringar knytt te provenienslause gjenstandar?

Han: Ja, då mener du egentlig trafikk med ulovlige gjenstander. Illegal trafikk, på en måte, av kunsthistorisk... Kulturhistoriske gjenstader?

Meg: Ja.

Han: Eg er litt usikker på det, fordi eg føler det er litt utenfor aktualiteten av mitt fag. Så eg tror det er mer, de som for eksempel jobbet med tyveriet, sant? Det store tyveriet av vikinggjenstander, vikingtidsgjenstander, sant? Fikk du med deg det?

Meg: Ja.

Han: De vil nok kunne... De har vært inni denne typen av... Interpol og alt dette som foregår der.

Meg: Ja. Opplive du at museet har ei aktiv rolle i bekjemping av kulturminnekriminalitet?

Han: Nei, ikkje før dette tyveriet. I forbindelse med tyveriet ble jo dette veldig aktualisert. Fordi då måtte man begynne å kommunisere med andre museer, for eksempel i Danmark, som har opplevd lignende tyverier. Så der var det en del kommunikasjon. Sånn at det norske politiet fekk og hjelp frå det danske politiet.

Meg: Ja. Får museumsansatte nogen form for opplæring, eller kursing i den typen tematikk.

Han: Nei, ikkje så vidt eg vett.

Meg: Nei. Ja. Kan du sei noge om kompetanivået te ansatte på museet her? Sånn generelt sett når det komme te dette her. Har du noge formeining om det?

Han: Ja, eg føler at det er enn viss bevissthet rundt det. Altså at når dette ble aktualisert i forbindelse med tyveriet, så følte eg at det var... Då ble det egentlig ganske klart at det var mangen som egentlig visste litt om dette i miljøet. Så, tror egentlig det. Men eg har jo også vært obs på dette med tyveriet på kunstindustrimuseet, sant. Det ble jo aktualisert allerede då, at det var... At det er internasjonal kriminalitet knyttet til samlinger, sant. Og enda mer no, selvfølgelig, med vårt eget innbrudd: Som var en katastrofe selvfølgelig, som ikkje burde ha skjedd.

Meg: Ja... Ja, så det er altså ikkje nogen formell kompetanse på dette? Det er meir ein generell kompetanse?

Han: Ja, ja. Eg har ikkje sett at det har vært noen kurs, for eksempel, i dette. Eller noe... Det kan jo ha gått meg hus forbi. Men eg kan jo tenke meg, dette vet sikkert du noke om, men for eksempel ICOM, om de har kurs i dette, eller om de har noen redskaper.

Meg: Ja. Ja, nei eg vett ikkje. Det er derfor eg spør.

Han: Det kunne vært interessant å finne ut.

Meg: Ja, men eg trur ikkje eg har så møykje fleire spørsmål eg. Tusen takk for tiå di.

Transkripsjon av intervju nr. 2.

Meg: Ja, har du noen tankar rundt dette med provenienslause gjenstandar på norske museum, er det noge som forekomme i det heila tatt?

Hen: Det forekommer det. Det er jo gjenstander som vi ikke vet hvor kommer fra. Selfølgelig.

Meg: Men eg tenke nye inntak.

Hen: Nyinntak? Vi hadde ett... Kan ta ett eksempel. Vi hadde en kar som kom i resepsjonen på museet og hadde en del steinredskaper som han ville gi til museet. De viste seg å være fra Nord-Afrika. Husker ikke helt om de var Marokko eller Tunisia, eller ett eller aent. Jeg tror det var Marokko. De hadde han åpenbart kjøpt, ja, i Marokko. Det er jeg ganske sikker på at det var Marokko. De var vi ikke interesert i. Enkelt... Av den enkle grunn at...

Meg: Han hadde ingen dokumentasjon?

Henn: Han hadde ingen dokumentasjon. Han hadde sikkert kjøpt de i basaren i Marrakech. Eller ett eller aent, og... Ja. Vi ønsker jo ikke å stimulere til at folk skal kjøpe ting. Sånn sett. Så det var ett helt sånn konkret eksempel på... Han ønsket å gi det til oss, men vi ønsket ikke å ta det imot.

Meg: Nei. E dette noge som skjer ofta, eller?

Hen: Ikke veldig ofte. Ut ifra mitt perspektiv så... Nei. Kan kanskje være en gang eller to i året. Det er litt avhengig av... På en måte... Ja.

Meg: Kan du fortella om koss inntak av gjenstandar foregår? Eg tenke då ikkje på ting som nettopp e gravt opp og havne rett på...

Hen: Saken er jo den at nå ønsker jo... På, asså... Museet har strengt tatt ingen sånn veldig tydelig retningslinjer på inntak av gjenstander, og heller ikke en klar politikk på hva man skal ta inn, og hva man eventuelt ikke skal ta inn. Men det... Ideelt sett er det jo en diskusjon blant de vitenskaplige og personer på samlings og konserveringsseksjonen. Det kan jo være samlinger som, på en måte, asså... Privatpersoner, ikke sant, kommer, og kanskje de er dø, den type ting, vil dere ha det? Ikke sant. Men vi har ikke noen sånn tydelig politikk. Det ligger noen utkast klare nå som vi skal diskutere. Men, ja. Mhm. Og det handler jo om kjøp, salg, sånne ting. Om det er gaver, og så videre.

Meg: Så dåkke operere ikkje med inntakskomitee.

Hen: For øyeblikket ikke. Men det er ett sterkt ønske fra samlings og konserveringsseksjonen, i hvert fall, at vi skal ha det.

Meg: E der noen redskaper og resurser som e tilgjengelige for museumsansatte som kjeme i kontakt med provenienslause gjenstandar?

Hen: Redskaper? Resurser? Jeg vet ikke helt hva du...

Meg: Eg tenke om det gjedna e... Eg tenke retningslinjer, eller statlige organ som dåkke kan ta kontakt med, eller rådgivande organ, eller ett eller aent.

Hen: Nei, ikke det. Men det er jo klart at vi vil jo være bundne opp av forskningsetiske retningslinjer. Både, asså, det er jo helt generelt i forholdt til de innenfor humaniora og samfunnsfag, at forskning på gjenstander, og på en måte gjenstander av ukjent opphav, bør man jo, på en måte, vurdere absolutt om man skal ta inn eller ikke. Ellers så gjelder jo ICOM sine retningslinjer, og den type ting som på en måte definerer hva vi bør ta inn. Asså, det går jo på etikken i det, egentlig.

Meg: Ja, eh... Koss ser dei interne retningslinjene ut i forhold til ICOM sitt museumsetiske regelverk. E det modelert på det, eller e det... Har dåkke egne...?

